





Charlotte Eikeset Mundal

**Fanst ”urban identitet” i  
Trondheim i mellomalderen?  
Ei nedanfrå-analyse av artefaktane frå  
tomtparsell 2B+3 på Folkebibliotekstomta**

Rettleiar: Thomas Wallerström

Masteroppgåve i arkeologi  
Institutt for arkeologi og religionsvitenskap  
Det humanistiske fakultet  
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

Mai 2013





Til minne om Faren

Framsidedeilete:

Det eldste trykket av Nidaros by sitt segl  
(under hyllingsbrevet til Håkon VI, Båhus 17. Juli 1344).

Etter Blom, 1997, s. 196

## **Føreord**

Fyrst og fremst vil eg rette ei stor og hjarteleg takk til rettleiaren min, Thomas Wallerström, for uthaldande og inspirerande støtte i arbeidet. Vi har trossa både språkvanskar og kommunikative barrierar, og har kome oss i hamn på ordentleg vis. Du er utan tvil den mest kunnskapsrike personen eg har møtt.

Takk også til Ian Reed på NIKU-kontoret i Trondheim, som har vore eit vandrande leksikon. Utan di innsikt i materialet hadde ikkje denne oppgåva blitt rare greiene.

Frank Asprem skal også ha takk for all hjelp med NTNU-databasen og uthenting av materiale frå denne. Axel Christophersen skal også takkast for hjelp med fasekarta frå Folkebiblioteket.

Elles vil eg også takke Marièl Eikeset Koren og Martin Eikeset Koren for korrekturlesing og for fysiske og musikalske innslag i kvardagen.

Til slutt vil eg takke studievener på Det Ensomme Fengsel og familien min for oppmuntring og gode ord.

Charlotte Eikeset Mundal, Trondheim 13.mai 2013





## **Abstract**

The purpose of this thesis is to determine if an *urban identity* in medieval Trondheim can be discussed. The perspective is bottom-up, where the consumption and manipulation of the space on the plot 2B+3 from the Library Site are subjects for the analysis. The hypothesis behind the study is that a quantitative and qualitative change in the material culture can be interpreted as a reflection of the urbanization process occurring in Trondheim at the time.

The thesis is examined from different angles, using terms like *self-observed identity*, *visibility* and *signaling*, *synchronous* and *diacron analysis*, *urban* versus *rural*, *conspicuous consumption* and *spaciality*. Theories by sociologists like Anthony Giddens, Pierre Bourdieu, Thorstein Veblen and also Fredrik Barth are central.

The artifacts are analyzed using different senses of the term *identity*, such as *individual* or *personal identity*, *relational identity*, *collective identity* and finally *material identity*. However, there are numerous problems with using a relatively new word like *identity*, and it can be argued that in using this word, archaeologists are projecting their own culturally defined term on hundreds of years old material culture.

Throughout this thesis motifs for a visible consumption of particular identities are suggested, for example tensions in the society created by social differences. In the end it is argued that the identity has only existed in the minds of the medieval people, and that it is only in some circumstances these ideas are objectified as material culture.

This thesis can therefore be viewed as an experiment on how the archaeological sources can contribute to the question at hand.

## Liste over figurar

|   |         |
|---|---------|
| Figur 1: Folkebibliotekstomta i Trondheim. Delfelta er markert, og dei utvalde delfelta er utheva i oransje.  | Side 31 |
| Figur 2: Dateringsgrunnlag for hovudfasane på heile Folkebibliotekstomta. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, s. 35.   | Side 42 |
| Figur 3: Deltfeltfasane si fordeling i hovudfasane. Etter Nordeide, 1988, s. 48.  | Side 43 |
| Figur 4: Mengde fragment i dei ulike hovudfasane opp til fase 10. Total mengde fragment: 9762   | Side 51 |
| Figur 5: Prosentfordeling av dei ulike hovudkategoriane (H) i fasar 1-10. 100% er alle artefaktar i éin fase.   | Side 53 |
| Figur 6: Mengde fragment i dei ulike hovudkategoriane. Total mengde fragment: 9762.   | Side 53 |
| Figur 7: Kart over tomt 2 og tomt 3 i fase 1. Tomt 3 har tydelege strukturar. Tomt 2 kan ha gått heilt sør mot struktur (grøft) nr 2. Den tydelege grøfta som går aust-vest er tolka som grensa mellom dei to tomtene. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.  | Side 54 |
| Figur 8: Artefaktane i fase 1 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.   | Side 56 |
| Figur 9: Tre dekorere artefaktar frå delfelt FA i fase 1. Etter Folkvord, 2007.   | Side 57 |
| Figur 10: Kart over tomt 2B og tomt 3 i fase 2. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.   | Side 58 |
| Figur 11: Artefaktane i fase 2 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.  | Side 59 |
| Figur 12: Dyrehovud i Mammenstil med runeskrift. Teikning etter Folkvord, 2007.   | Side 60 |
| Figur 13: Treskei med flettverksdekor. Teikning etter Folkvord, 2007.   | Side 60 |
| Figur 14: Artefaktane i fase 3 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.  | Side 61 |
| Figur 15: Kart over tomt 2B og tomt 3 i fase 3. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.   | Side 62 |
| Figur 16: Artefaktane i fase 4 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.  | Side 63 |
| Figur 17: Kart over tomt 2B+3 i fase 4. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.   | Side 64 |
| Figur 18: Figur 11: Malteserkors frå FA i fase 4-5. Teikning etter Folkvord, 2007.  | Side 65 |
| Figur 19: Fire av dei dekorerte skeiene frå fase 4. N38151 og N38325 er frå overgangen mellom fase 4 og 5 og er funne i same lag. Disse har tilknytning til konstruksjon 158. N39119 kan knytast til det andre huset som stod fram ved stretet (152). Den siste er mogleg frå tomta i nord. Teikningar og katalognummer etter Folkvord, 2007, bind 2. | Side 66 |
| Figur 20: Artefaktane i fase 5 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.  | Side 67 |
| Figur 21: Kart over tomt 2B og tomt 3 i fase 5. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.   | Side 68 |
| Figur 22: Dekorert spelebrikke og spelebrett. Teikning etter Folkvord, 2007.  | Side 69 |
| Figur 23: Artefaktane i fase 6 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.  | Side 70 |
| Figur 24: Kart over tomt 2B og tomt 3 i fase 6. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.   | Side 71 |
| Figur 25: Artefaktane i fase 7 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.  | Side 73 |
| Figur 26: Kart over tomt 2B+3 i fase 7. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.   | Side 74 |
| Figur 27: Tomt 2B+3 i fase 8. Kart etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.  | Side 77 |
| Figur 28: Artefaktane i fase 8 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.  | Side 78 |
| Figur 29: Ei av vokstavlene frå tomta. Denne har romansk dekor, og kan knytast til bygning 349. Etter Folkvord, 2007.   | Side 79 |
| Figur 30: Artefaktane i fase 9 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.  | Side 81 |
| Figur 31: Tomt 2B+3 i fase 9. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.   | Side 82 |
| Figur 32: Tomt 2B+3 i fase 10. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.  | Side 82 |
| Figur 33: Artefaktane i fase 9 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.  | Side 83 |

## Innhald

|   |     |
|---|-----|
| Føreord.....  | vii |
| Abstract.....   | ix  |
| Liste over figurar.....   | x   |
| Innhald.....  | xi  |
| Kapittel 1: Innleiing.....  | 1   |
| 1.1 Mål og problemstilling.....   | 1   |
| 1.2 Metode.....   | 2   |
| 1.3 <i>Urban identitet</i> som studieobjekt.....                        | 3   |
| 1.3.1 Urban.....  | 3   |
| 1.3.2 Identitet.....  | 7   |
| 1.3.3 Arkeologisk studerte <i>identitetar</i> .....                     | 8   |
| Kapittel 2: Folkebibliotekstomta i ein forskingshistorisk kontekst..... | 13  |
| 2.1 Utgravingar i Trondheim.....  | 17  |
| 2.2 Utgravingane på Folkebibliotekstomta.....                           | 18  |
| Kapittel 3: Teoretiske utgangspunkt.....                                | 23  |
| 3.1 Konsum.....   | 24  |
| 3.2 Struktureringsteori og habitus.....                                 | 26  |
| 3.3 Romlegheit.....   | 28  |
| 3.4 <i>Conspicuous consumption</i> .....                                | 29  |
| Kapittel 4: Materialet.....   | 31  |
| 4.1 Rammer for utgravingane.....  | 31  |
| 4.2 Det utvalde materialet.....   | 33  |
| 4.3 Katalogen.....  | 34  |
| 4.4 Problem med det valde kjeldematerialet.....                         | 37  |
| Kapittel 5: Utgangspunkt for analysen.....                              | 39  |
| 5.1 Funksjonskategoriar for artefaktane.....                            | 39  |
| 5.2 Fasar og tidsperiodar.....  | 41  |
| 5.3 Romleg organisering.....  | 44  |
| 5.4 Oppsummerande kommentarar.....                                      | 45  |
| 5.5 Omstende som formar det arkeologiske materialet.....                | 45  |
| Kapittel 6: Analyse.....  | 49  |
| 6.1 Den generelle fordelinga av artefaktane.....                        | 51  |
| 6.2 Kronologisk gjennomgang.....  | 54  |
| Fase 1 (seint 900-tal).....   | 54  |
| Fase 2 (fram til om lag 1025).....                                      | 58  |
| Fase 3 (ca. 1025–1050).....   | 61  |
| Fase 4 (ca. 1050–1100).....   | 64  |
| Fase 5 (ca. 1100–1150).....   | 67  |
| Fase 6 (ca. 1150–1175).....   | 70  |
| Fase 7 (ca. 1175–1225).....   | 73  |
| Fase 8 (ca. 1225–1275).....   | 76  |
| Fase 9 (ca. 1275–1325).....   | 80  |
| Fase 10 (ca. 1325–1500).....  | 83  |
| 6.3 Oppsummering av den kronologiske gjennomgangen.....                 | 84  |
| Kapittel 7: Urban identitet – fanst det?.....                           | 89  |
| Litteratur.....   | 91  |
| Appendiks.....  | 98  |
| Appendiks 1: Forklaring til katalogen.....                              | 99  |



# Kapittel 1: Innleiing

## 1.1 Mål og problemstilling

Målsetjinga med denne oppgåva er å studere *urban identitet* i mellomalderen i Trondheim, gjennom eit nedanfrå-perspektiv (*bottom up*). Det er konsumet og manipulasjonen av rommet på éin tomtparsell som skal analyserast, og dette er ei difor urbaniseringsstudie på mikronivå. Tidlegare har synteseverket *Kaupangen ved Nidelva* (Christophersen & Nordeide, 1994) teke for seg byutviklinga på same stad, men her ligg fokuset på dei store linene (*top-down*). Ei hypotese som ligg til grunn i min studie er at ei kvalitativ og kvantitativ endring i den materielle kulturen kan sjåast som ein refleksjon av urbaniseringa som gjekk føre seg i mellomalderen.

Problemstillinga mi lyd difor slik: Er det mogleg å diskutere framveksten av ein urban identitet i mellomalderens Trondheim gjennom menneska på parsell 2B+3 sitt konsum og levemåte? Dette ver undersøkt gjennom diskusjonar kring nøkkelomgrep som *sjølvopplevd eller påteken identitet, kollektiv og relasjonell identitet, synlegheit og signalisering, synkron analyse og diakron analyse, urban og rural, conspicuous consumption og romlegheit*.

Byvollen kring Lund, i mellomalderens Danmark, utgjorde eit fysisk skilje mellom by og bygd, og det har vorte hevda at menneska som budde innanfor denne avgrensinga utvikla ein kollektiv urban identitet (Carelli, 2001, s. 141). I Trondheim fanst berre Ilevollen i vest som fysisk avgrensa området, men utanfor denne låg takmarka som også hørde under byen sitt rettslege område (Berge, 2005, s. 61). Det var difor ikkje noko som fysisk knytte saman det urbane området i Trondheim. Byen var likevel noko heilt nytt i det trønderske samfunnet – fysisk og juridisk, men også mentalt.

Dei mest grunnleggjande urbane syslane i mellomalderbyen var å halde på med dei verksemdene som skulle vere særskilde for byen: handel og handverk. I Noreg vart handelsaktivitet på landsbygda forbode og det var berre grupper med særskilde privilegium som kunne drive med handel i byen (Yrwing, 1981, s. 289; Blom, 1981). I dette høve kan kjøpmennene (og eventuelt andre grupper) i byen ha omgjeve seg med det vi i dag kallar *urban identitet* og dessutan signalisert denne. Spørsmålet er om dette faktisk hendte i mellomalderen, eller om arkeologar tilfører si tids tankegang på det fortidige. Denne studien er eit døme på korleis det arkeologiske materialet kan nyttast i ein diskusjon kring *urban identitet* i mellomalderen.

## 1.2 Metode

Som vi skal sjå ligg det eit potensielt problem i bruken av eit så moderne omgrep som *urban identitet*, fordi begge orda er skapt i vår samtid og samfunn, og vert freista brukt på det fortidige. Kanskje er ikkje dette omgrepet det rette, men vil det dermed seie at urban identitet ikkje fanst på eit eller anna nivå? Kva er det i tilfelle som skil det urbane leveviset frå det rurale, reint arkeologisk? Diverre er ikkje det arkeologiske kjeldematerialet frå rurale område i Trøndelag omfattande nok til å jamføre med mitt materiale. Sidan materialet ikkje kan jamførast med noko ikkje-urbant, avgrensar det utsegnsværdien ved materialet mitt, særleg i ein studie som leitar etter det urbane. Likevel vil oppgåva vere eit eksperiment i å sjå kva arkeologien kan gjere med eit slikt spørsmål.

Undersøkinga vil difor ta utgangspunkt i at fenomenet *urban identitet* kan diskuterast ved hjelp av ei synkron (samtidig som) og diakron (utvikling over tid) analyse.

Fokuset ligg då på ulike aktivitetar og den romlege utnyttinga av parsellen over tid. Kan dette, saman med kvalitative og kvantitative endringar i den materielle kulturen, seie noko om utviklinga frå ein rural til urban stad? Samstundes vil det bli undersøkt om særskilde artefaktar og ei samansetjing av dei kan ha fungert som medvitne og umedvitne identitetsskaparar- og signal. Eit viktig element er om konsumpsjonen har gått føre seg på ein synleg måte ut mot det offentlege området, eller ikkje.

Materialet som vert studert er altså artefaktane frå tomtparsell 2B+3, frå byen sin start på slutten av 900-talet og fram til om lag 1500. Parsellen var ein av dei best bevarte mellomalderske eigedomane på heile Folkebibliotekstomta, og er også den einaste som har vorte greve ut i sin heilskap, både areal- og tidsmessig. Det er også herfrå ein har den største mengda innsamla funnmateriale. Difor kan ei studie av materialet frå denne eigendommen vere interessant. All informasjon om desse artefaktane er samla i ein digital og søkbar katalog (appendiks 2), og i hovudsak vil oppgåva spele på dei moglegheitene ein slik digital katalog gjev.

Mykje er allereie gjort med funnmaterialet frå utgravinga, men artefaktane sine funksjonar i det sosiale livet og urbaniseringsstudiar på mikronivå er tema som er relativt lite utforska, særleg når det gjeld materialet frå Trondheim. Gjennom oppgåva vil eg setje mine resultat opp mot tidlegare arbeid for å sjå om tilnæringsmåten kan trekke fram andre sider ved bylivet i Trondheim i mellomalderen.

### 1.3 Urban identitet som studieobjekt

Eg vil i fyrstninga gjere greie for kva som her vert lagt i omgrepa *urban* og *identitet*. Ein av arkeologane som har skrive mykje om dette emnet er Peter Carelli, som i boka *En kapitalistisk anda: kulturella förändringar i 1100-talets Danmark* (2001) gjer greie for dei to omgrepa. Eg problematiserer omgrepa, og vil også sjå på ei historisk definerings av *urbanisering*, her representert ved historikaren Knut Helle i samleverket *Norsk Byhistorie* (2006), samt ei sosiologisk tilnærming med bakgrunn i tankane til Louis Wirth (1938).

#### 1.3.1 Urban

I daglegtaleten vår pratar vi i dag om det *urbane* som ein særskild livsstil som hovudsakleg høyrer heime i storbyane, ei (kollektiv) oppfatning av korleis livet i den tettfolka byen er. Livet i byen skil seg frå livet på bygda, det er dei fleste samde om. Som arkeologistudent i Trondheim i fyrste halvdel av 2000-talet er dette mi førehandsforståing av omgrepet. Forståinga er tydeleg prega av kulturen og tida eg er ein del av. Kan eg med utgangspunkt i det same uttrykket studere livet i den same byen for hundrevis av år sidan?

Det gjev inga meining å prate om noko ”urbant” før ei definerings av urbaniseringsprosessen har vorte gjort. Hovudsakleg dreiar det seg om, slik vi alle forstår, overgangen frå bygd til by på ein gjeven stad –overgang frå primærnærings (jordbruk) til sekundær- (omarbeiding av råvarer, vareproduksjon) og tertiærnærings (tenester). Men det ligg meir i omgrepet enn berre ein endra økonomi.

Knut Helle skriv oppsummerande at ein urbaniseringsprosess er i gang der det skjer ei utvikling av stadar med ei alminneleg fleirsidig sentral- og/eller knutepunktfunksjon og samtidig ein intern struktur som skil seg frå landet omkring. Det enklaste er å identifisere ein urban fysisk struktur i form av tettare busetjing enn i omlandet. Han hevdar at ein difor kan karakterisere urbanisering som ei utvikling av tettsenter. Det er likevel vanskeleg å avgjere på kva tidspunkt ein stad har vorte til ein by (Helle, 2006, s. 18). Byutviklinga er ein historisk-relativ prosess som har arta seg ulikt i tid og rom, påpeikar han (ibid. s. 11).

Dei karakteristiske trekka ved den urbane strukturen kan i følgje Helle setjast opp som fire hovudaspekt. (1) Fysisk struktur: Tettare busett enn det kringliggjande landet med ei permanent samling av menneske og bustadane deira, arbeidsrom og andre anlegg.

(2) Økonomisk struktur: Spesialisering i forhold til den meir primære næringsdrifta i landområda med konsentrert verksemd i handel, handverk, industri og tenesteyting. (3) Sosial struktur: Grupper av ulike spesialistar, miljøet er meir sosialt samansett og meir dynamisk enn landsdistrikta. (4) (Ofte, men ikkje alltid) rettsleg-administrativ struktur med eigne styringsorgan, administrasjon, domstol, privilegium eller rettsreglar (Helle, 2006, s. 16-17).

I Skandinavia utvikla det seg urbane stadar i tidleg mellomalder. Byane tok form, og skilde seg frå det kringliggjande landskapet. Bylivet vart annleis enn livet på bygdene, og menneska i dei mest tettbygde stadane må ha hatt ei kjensle av eit fellesskap som var annleis enn i landområda, vert det ofte hevda. Bylivet vart ein særskild måte å leve på, og ei særskild kulturform. Eit spørsmål som kan stillast er difor: Dersom menneska i byane hadde ei kjensle av å høyre til eit særeige miljø som kjenneteikna innbyggjarane her, kan vi då tale om ein kollektiv urban identitet, og kva var det som utgjorde dette miljøet? Den italienske fransiskanaren Fra. Paolini uttrykte i 1314 at det var ”å leve blant mange” som kjenneteikna det å bu i by (Helle, 2006, s. 119; Carelli, 2001, s. 100). Men lite merksemd har i forskinga vorte retta mot byen som eit levemiljø eller livsform (i motsetnad til livsrom).

Carelli skriv at menneska som budde i byane mest sannsynleg må ha vore kjende med dei organisasjonsformene som byen bygde på, men at det kanskje ikkje var desse faktorane som fyrst og fremst kjenneteikna byen for dei som oppheldt seg der. Mange hadde nok ulike bakgrunnar frå både geografiske, sosiale og økonomiske lag. Difor hevdar Carelli at kjensla av å bu blant mange ukjende i eit sosialt samansett og heterogent miljø heilt sikkert må ha hatt ei større tyding for sjølvkjensla til innbyggjarane enn akkurat dei lovene og reglane som foreina dei i byen (Carelli, 2001, s. 100).

Louis Wirth var ein av dei fyrste sosiologane som forska på at det i byane vart utvikla ein heilt unik levemåte, nemleg urbanisme. I artikkelen *Urbanism as a Way of Life* skriv han mellom anna at storleiken på folkemassen ville påverke det sosiale livet. Wirth slår her fast at det er dei tre variablane storleik på folkemassen, busetjingstettleik og mangfald som utgjer ein by, men graden av ”urbanitet” kan ikkje målast berre ut frå dette (Wirth, 1938, s. 2).



*The influences which cities exert upon the social life of man are greater than the ratio of the urban population would indicate, for the city is not only in ever larger degrees the dwelling-place and the workshop of modern man, but it is the initiating and controlling center of economic, political, and cultural life that has drawn the most remote parts of the world into its orbit and woven diverse areas, peoples, and activities into a cosmos (Wirth, 1938, s. 2).*

Byen er av natur vaksande, jamvel om initiativet til byen kom ovanfrå eller innanfrå/nedanfrå, og det sosiale livet i byen vil difor vere prega av den eldre levemåten og samfunnet, i vårt tilfelle livet på bygda og bondesamfunnet. Rekrutteringa til byen skjer frå den kringliggande bygda (og somme tider frå andre land), og vi må dermed rekne med å finne att denne levemåten i byen, og eit skilje mellom det urbane og rurale kan dermed vere vanskeleg. Wirth skriv om urbanisering i eit industrisamfunn, men ideane hans kan etter mi meining like godt brukast om det mellomalderske. Eit av dei viktigaste elementa er at jo større folkemengd, jo meir upersonlege og kortvarige kontaktar mellom menneska. Individet er ikkje lengre avhengig av personleg kjennskap til produsentar av dei varene og tenestene han treng, så kontaktane mellom dei kan vere av sekundær art. I byen fanst det ei livsform med rikelege og tette fysiske kontaktar, men den sosiale distansen var stor (ibid. passim).

Er det i det heile mogleg å seie noko om urbanspesifikke fenomen eller ein urban livsstil? Carelli peikar på korleis Wirth og andre sosiologar har slått fast at det i byane faktisk fanst eit urbant livsrom og at menneska som levde og budde i det dermed utvikla ein spesifikk urban livsstil (Carelli, 2001, s. 102). Ein lyt ta til seg den kritikken som har kome om Wirth sitt litt for deterministiske syn, meiner Carelli, men det kan vere nyttig å supplere med det teoretiske rammeverket som vart skapt av sosiologane Anthony Giddens og Pierre Bourdieu. Hos dei vart nemleg individet sine handlingar sett på som både strukturerande og strukturerte, som eg skal kome nærare inn på seinare. Peter Carelli hevdar dermed at det eksisterte noko som kan skildrast som ein urban livsstil, det Bourdieu kalla habitus, som vaks fram som eit resultat av samspel mellom individuelle og kollektive handlingar i eit fysisk og mentalt livsrom. Dette skjedde i den sosialt samansette og tett folkesette byen i tidleg mellomalder i Skandinavia (Carelli, 2001, s. 102).

Knut Helle gjer tydeleg det faktum at vi manglar direkte personlege uttrykk for ein eventuell urban identitet i norske mellomalderkjelder (i historisk forstand). Han skriv

at kjensla av ei tilhøyrslse til byen må ha vore størst i det leiande sjiktet av bysamfunnet, nemleg dei husfaste mennene som hadde plikter og rettigheter i styre og stell i byen. Dei husfaste vert omtalt som ei særskild gruppe i Bylova. Sjølv om initiativet til lova kom frå kongedømet, spelte dette fellesskapsuttrykket på at bymennene som godkjente Bylova på bylagtinget kunne identifiserte seg med byen sin. Fleire stadar i kongesagaane vert også ”bymennene” direkte nemnt som ei gruppe med felles holdningar i byen, som til dømes i økonomiske spørsmål engasjerte seg i politikken, til dømes ved å fremje synspunkt på bymøtene. Helle skriv at det er tydeleg at usemjene under borgarkrigane har styrka evna og vilja til ein felles urban oppførsel (Helle, 2006, s. 119-120).

Anders Andrén har også påpeika korleis borgarkrigar og usemjer over heile Skandinavia kring 1200-talet førte til endringar i dei sosiale posisjonar i byane. Særleg gjaldt dette for handelsmiljøet i byen, som vart endå meir åtskild frå bygdelivet enn før. Byborgarane, som utover på 1200-talet inkluderte både handelsmenn og ulike handverkarar, vart den viktigaste gruppa i byen, for det var gjennom aktiviteten deira at kongen kunne hente inn skattar og avgifter (1989, s. 591-598). Byborgarane har kanskje hatt ein *kollektiv identitet*, som kan ha vorte symbolisert på ulike måtar, til dømes gjennom motivet på myntar eller sigill (til dømes i Andrén, 1995).

Då byane tok til å bruke sigill, fekk bymennene eit eige bilete med omskrift som gav uttrykk for byen som eit samfunnsfellesskap. For Trondheim viste sigillet erkebiskopen i sin katedral og kongen i si borg som likestilte, heva over tre bymannshovud. Den latinske omskrifta laud: ”SIGILLVM OMNIVM CIVIVM NIDROSIENSIS CIVITATIS” eller ”seglet til alle bybuarar av Nidaros by” (*cives* = bybuarar) (Helle, 2006, s. 120-121). I Trondheim fanst både kongsgard og katedral, noko som sannsynlegvis har spela inn på fellesskapskjensla her. Trondheim var ikkje ein kva som helst slags by i mellomalderen, og moglegvis kan ein ane dette gjennom dei materielle leivningane.

### 1.3.2 Identitet

Omgrepet *identitet* kan vere vanskeleg å bruke i ein arkeologisk kontekst. Dette heng saman med at det finst fleire ulike meiningar ved omgrepet, og kvar av desse meiningane er skapt, oppfatta, og kan kome til uttrykk på ulike måtar. I denne studien vert omgrepet definert med bakgrunn i dei fire nivåa av *identitet* som vert presentert i innleiinga til verket *Handbook of Identity Theory and Research* (Vignoles, Schwartz, & Luyckx, 2011).

Den fyrste forklaringa av omgrepet er *individuell eller personleg identitet*. Denne kan forklarast som aspekt ved sjølvdefineringa på eit individuelt nivå. Dette inkluderer mål, verdiar og førestillingar, standardar for oppførsel og avgjersler, trua på seg sjølv og sjølvevaluering, forventningar og frykt for framtida og "livshistoria" til individet (Vignoles, Schwartz, & Luyckx, 2011, s. 3).

Den andre forklaringa av omgrepet er *relasjonell identitet*, som vil seie si eiga rolle i møtet med andre menneske. Dette inneheld roller som "barn", "ektemake", "forelder", "medarbeidar", "kunde" osv. Identiteten inneber desse rollene, men også korleis dei vert definert og tolka av menneska som innehar dei. Innanfor dei relasjonelle identitetsprosessane er det mange som meiner at identitet er definert og plassert i rommet mellom menneske, innanfor familien, eller i rolla som ein spelar innanfor eit større system. Eit vanleg tema innanfor slike perspektiv er ideen om at identitet ikkje kan skapast ved individet åleine –element ved særskilde identitetar må vedkjennast av eit større sosialt publikum (ibid. s. 3).

Omgrepet kan på ein tredje måte forklarast som *kollektiv identitet*. Dette er menneske si identifisering med gruppa og dei sosiale kategoriane som ein høyrer til, meiningane som ein gjev desse, samt kjensler, førestillingar og haldningar som resulterer frå identifiseringa med dei. Kollektiv identitet kan referere til medlemskap i alle typar sosiale grupper eller kategoriar, inkludert etnisitet, nasjonalitet, religion og kjønn, i tillegg til mindre grupper som familien eller arbeidsgrupper. Dei teoretiske tilnærmingane til dette fokuserer på kollektive prosessar, til dømes korleis endringar innanfor gruppa kan endre individet si sjølvoppfatning, som igjen kan føre til at mennesket skiftar frå å sjå seg sjølv som eit individ og tek til å sjå seg sjølv som eit gruppemedlem. Kollektive prosessar kan også handle om dei større sosiale endringane som ligg bak historiske forandringar i etniske, nasjonale eller kjønnsidentitetar (ibid. s. 3-4).

Vidare kan omgrepet *identitet* strekkje seg utover dei tre ovanfor nemnde forklaringane, nemleg gjennom *materielle identitetar*. Her kan materielle objekt som til dømes klede, hus og kor store verdiar ein eig høyre saman med identiteten. Med andre ord ser og behandlar menneska dei materielle artefaktane (inkludert signifikante stadar) som ein del av identiteten sin (ibid. s. 4).

Eit problem ved omgrepet *identitet* er å nytte eit så nytt omgrep for å undersøke noko som kanskje fanst for opp mot tusen år sidan. Som påpeika av Thomas Wallerström (2006) i boka *Vilka var först? En nordskandinavisk konflikt som historisk-arkeologiskt dilemma*, fekk omgrepet *identity* innpass i samfunnsforskinga fyrst på 1950-talet. Her spør han kva røyndom det er som vert studert når ein brukar så nye omgrep –det fortidige eller dagens? Han meiner at identitetsstudiar i historie- og arkeologifaget altfor ofte nyttar omgrep som er henta frå forskarane si samtid, omgrep som må ha vore ukjende for menneska som ein faktisk studerer. Dette betyr ikkje, held han fram med, at dei fortidige menneska mangla ein identitet, men at identitetane kan ha vore heilt andre enn dei som finst i dagens forskarar si tankeverd (ibid. s. 99-100).

### 1.3.3 Arkeologisk studerte *identitetar*

Den samiske arkeologien har allereie kome langt i leitinga etter uttrykk for identitetar i det arkeologiske materialet. Fredrik Barth sine idear har her vorte flittig sitert, ettersom han hevdar at sosiale konfliktar kring ressursar verkar identitetsskapande for ulike grupper. Gruppene vil då identifisere seg på ulike måtar gjennom bruk av ulike symbol (Barth, 1969). Arkeologane har dermed laga seg ein metode for å identifisere samar i det arkeologiske kjeldematerialet (Hansen & Olsen, 2004, s. passim; Zachrisson, 1997, s. passim).

Historiske og arkeologiske kjelder kan på liknande vis nyttast til å finne ut meir om den *urbane identiteten* i mellomalderen. Som eg var inne på over kan dei ulike spenningane og konfliktane i samfunnet, og rivalisering mellom ulike grupper i byen ha ført til eit auka behov for å manifestere seg materielt. I Trondheim hadde alle i følge den eldre Bjarkøyretten lik rett, nemleg odelsrett eller ”hauldsrett”. Denne regelen var påverka av uttrykket ”Stadtluft macht frei”, som spreia seg i Europa på 1100-talet. Ideen innebar at dei som reiste til byane og oppheldt seg der ei viss tid oppnådde rettsleg fridom frå avhengigheita til lensherrane på bygda (Helle, 2006, s.

103). Kjensla av å vere mindre avhengig av ein lensherre kan ha ført til eit ynskje om å uttrykke dette.

I tidleg mellomalder var likevel ikkje samfunnet så utjamna som det høyrast ut. Det fanst ein ideologi om at samfunnet skulle vere oppbygd av tre stender: dei som bad, dei som arbeidde og dei som kriga. Men utover i mellomalderen vaks det fram ei ny gruppe, nemleg kjøpmennene. Desse kan i hovudsak sporast gjennom handelsaktiviteten, til dømes gjennom direkte handelsindikerande gjenstandar som mynt (Risvaag, 2006, s. 23). Kjøpmennene sin bruk av mynt vart sett på som suspekt av kyrkja, og det fans ei spenning mellom dei to. Eit slikt press kan ha vore ein motivasjon for handelsmennene til å uttrykke identifisering med gruppa, kanskje gjennom materielle symbol. Andre konflikhtar, som til dømes borgarkrigar, kan ha vore ein vel så motiverande faktor for synleggjering av ein kollektiv identitet.

Gjennom store delar av mellomalderen var det dei husfaste mennene som utgjorde det øvste sosiale laget i byen. I seinmellomalderen vart desse avløyst av ein stand med borgarar. Desse hadde del i privilegia i byen og skilde seg ut gjennom retten til å drive sjølvstendig bynæring i handel, sjøfart og handverk (Helle, 2006, s. 137; Blom, 1981). På dette tidspunktet var borgarane godtekne som ein av dei viktigaste gruppene i byen, noko som vart materielt uttrykt mellom anna i motivet på sigillet, som vi såg over.

Ein *kollektiv* eller *relasjonell identitet* kan dermed ha vore å identifisere seg sjølv som ein bybuar, heilt enkelt gjennom å bu i by. I arkeologien kan dette sjåast gjennom dei fortidige menneska sin bruk av materialitet som på ein eller annan måte utmerker den særskiljande identiteten. Dette kan til dømes vere gjennom klesdrakt eller andre materielle atributt som medvite vert teke i bruk for å bli oppfatta på ein viss måte, kanskje som ein byborgar. *Sjølvpoppfatninga* ”å vere borgar i ein viss by” kan kanskje sporast i ein spesifikk arkeologisk materialitet i byen. Desse perspektiva kan uttrykke *urban identitet*: både ein *sjølvopplevd* variant og ein *påteken* eller *påskriven* gjennom tilhøyrsløse til det urbane miljøet.

Carelli definerer identitet som ei individuelt forma sjølvkjensle, men at denne fyrst vert tydeleg i ein sosial samanheng. Han poengterer at vi også kan tale om kollektive identitetar som vert medvite eller umedvite skapt gjennom eit system av ritual og symbol (Carelli, 2001, s. 103). Carelli hevdar at det vart utvikla ein urban identitet i

Danmark i tidleg mellomalder. Grunnen til dette var framveksten av eit kollektivt medvit om bylivet sin eksistens og særart. Denne fellesskapskjensla vart vidare utvikla gjennom ein interaksjonistisk påverknad mellom individ og samfunn der dei særskiljande elementa vart forsterka litt etter litt. Denne massepsykologiske utviklinga, hevdar Carelli, resulterte i ein klart uttala urban identitet. Vidare skriv han at sidan utviklinga av ein slik kollektiv identitet var ei mental endring, kan den difor studerast gjennom endringar i materiell kultur (ibid. s. 105).

Signalisering av tilknytning til ulike grupper i byen gjennom klesdrakt, kan vere ei slags iscenesetjing av den *kollektive* eller *relasjonelle identiteten*. Synnøve Viken (2009) har forsøkt å vise korleis klede og drakttilbehør kan bli nytta av menneske i sosiale strategiar, som signal for eigenskapen ”kjøpmann”. Denne ideen er henta frå Ingrid Gustin si doktoravhandling (2004), der likskapen ved forma til hesteskoforma spenner og vektlodd vart tolka som eit symbol for handelsmenn. Desse vektlodda var svært vanskelege å forfalske, og at ein person bar ei slik spenne kunne vere ei slags tillitserklæring som fortalde at han var ”godkjend” til å drive med vareutbyte. Noko liknande meiner Viken å finne i Trondheimsmaterialet. Dei sokalla ”myntliknande beslaga” vart sett som eit ledd i tillitsbygginga i overgangen til marknadshandel, og kunne ha fungert på same måte som dei hesteskoforma spennene hjå Gustin. Også andre typar drakttilbehør kunne bli nytta for å uttrykke tilhøyrse til ei gruppe eller eit visst miljø i byen, eller for å direkte uttrykke velstand (Viken, 2009, s. 62). Dette vert også teke opp av Joakim Thomasson i *Private life made public* (1997), som eg vil kome nærare inn på seinare.

Andrén har også undersøkt korleis bymiljøet kan studerast, mellom anna i artikkelen *Signs of Communities* (1995). Her tek han utgangspunkt i ikonografien ved ei rekke myntar frå dei tidlege byane i Danmark. Han hevdar at myntane viser borger, som via tyske parallellar kan bli tolka som uttrykk for byen. Innanfor byen sine grenser har det vore urbane grupper av menneske som organiserte seg sjølv. Han skriv at dei viktigaste byane nok har vore meir enn berre ei ”congested countryside”, som han har argumentert for ein annan stad (Andrén, 1989). Byane har hatt forskansingar og motteke privilegium, og nokre fekk også rettar til å prege mynt. Det var nettopp slike byar som var motiva for myntane, etter tyske modellar som himmelske og jordlege borger (Andrén, 1995, s. 9-19).

I byen har ein også kunne iscenesette ein eventuell urban identitet gjennom å byggje hus eller på andre måtar manipulere romlegheita på tomtparsellen. Even Bjørdal (2006) har før meg vore inne på spørsmålet om urban identitet kan sporast på tomtparsell 2B+3. Dette gjorde han gjennom ei studie i bygnadsteknikk. Han nyttar ein definisjon av *identitet* som fyrst og fremst fokuserer på samhandlinga mellom individ og samfunn på kvardagsnivå, og ein del av mennesket sitt sjølvbilete som ein ynskjer å få stadfesta av andre. Bjørdal meiner innbyggjarar på parsellar som 2B+3 hadde ein heller ”tynn” urban identitet, som i stor grad var avhengig av lokalisering og aktivitet. Det var i følgje han dei tronge bygardane, fokuset på handel og dei mange ukjende menneska ein møtte i gata som gjorde byen annleis enn bygda, og som også utgjorde den urbane identiteten. Han skriv at det har føregått ei endring frå å *halde ut* i den uvande urbane konteksten, til å *kjenne seg heime her* (Bjørdal, 2006, s. 112).

Det er ikkje å leggje skjul på at å studere eit nytt omgrep som *urban identitet* i det heile er ei problematisk oppgåve, men som poengtert over: Ein *hadde* identitetar i mellomalderen. Ved hjelp av arkeologiske undersøkingar kan vi undersøke korleis desse har sett ut i røynda. Dei historiske kjeldene som kan uttrykke eit urbant fellesskap kan også vere til hjelp. Ved hjelp av desse elementa kan historisk arkeologi nyttast til å diskutere *urban identitet*. I dette tilfellet vert det forsøkt gjennom ei undersøking av éin tomtparsell i Trondheim. Den materielle kulturen vert studert 1) diakront – endring i tid som eventuelt kan knytast saman med *urban identitet*, og 2) synkront – studiar av dei materielle spora i spesifikke tidssnitt, gjennom urbane aktivitetar og eventuelle uttrykk for urban identitet som kontrast til rurale aktivitetar. Det siste vert forverra av at det ikkje finst jamførande materiale av mellomaldersk busetjing på den trønderske bygda.

Analysen av dei materielle spora kan også gjerast kvantitativt og kvalitativt. Gjennom den kvalitative analysen vert det gjort forsøk på å identifisere materialet som kan tenkast å ha signalisert urban aktivitet, som handverk og handel, og den kvantitative analysen gjennom ei auke eller minske i slike aktivitetar på eit visst tidspunkt. Vidare kan *urban identitet* sporast i materialitet som knytast til ”rikdom”, noko som i urbane miljø kan ha vore utmerkande for bybuarane. Difor er det rimeleg å sjå etter ”rike borgarar” i materialet på parsellen. Rikdom kan spele på både kvalitet (eksklusive og fine ting) og kvantitet (mange ting, stort konsum). Saman med dette heng ideen om

synleg konsum på parsellen, som vert viktig for å uttrykke den påtekne urbane identiteten. Ein teori som går direkte på dette er Veblen (1899) sin *Theory of the Leisure Class*.



## Kapittel 2: Folkebibliotekstomta i ein forskingshistorisk kontekst

*Byarkeologi* eksisterer egentleg ikkje, i følgje Joakim Thomasson. Det er ikkje eit fag på universiteta i Skandinavia, og det finst heller ingen tidsskrift som tek for seg dette temaet. Byarkeologi kan heller definerast som dei arkeologiske diskursane som tek for seg urbane stadar (Thomasson, 2011, s. 49). Framveksten av dei mellomalderske byane og rikssamling har nemleg vore interessante tema for forskarar innan alle historiske fag lenge. Men det er fyrst i dei seinare åra at arkeologien på alvor har teke del i diskusjonen og problematisert eldre forskingsresultat og dei varierende skriftlege kjeldene som finst.

Byarkeologi er ein av mellomalderarkeologien sine hjørnesteinar, skriv Thomasson (2011, s. 51). Blant anna har prosjektet *Medeltidsstaden* i Sverige teke for seg aspekt ved dette, og i dag kan vi også sjå at arkeologar i resten av Skandinavia har vorte med på liknande prosjekt. Men det har innanfor byarkeologien, til liks med resten av arkeologifaget, skjedd fleire store fokusskifte. Dei seinaste 40–50 åra har det vore vanleg å ha fokus på byen sin oppkomst, handverk og endringar i byen sine funksjonar over tid, og relasjonar til ytterverda. I dag har nye interesser kome tydeleg fram, og vekta av samfunnsteori, sosiologiske og antropologiske teoriar er tyngre innanfor arkeologien no enn før. Ein gjer forsøk på å utforske arkeologifaget sitt potensiale og vil komme med nye spørsmål.

Mellom andre kan her nemnast Gitte Hansen som i si doktoravhandling *Bergen c 800- c 1170: The Emergence of a Town* (2005) er inspirert av Anthony Giddens sin struktureringsteori om korleis sosiale system oppstår og vert endra. Ho forklarar med bakgrunn i dette byen Bergen sin framvekst som eit uttrykk for initiativ tatt ovanfrå og ned. Hennar doktoravhandling gav i sin tur inspirasjon til eit seminar som førte til publikasjonen *De første 200 årene – nytt blikk på 27 skandinaviske middelalderbyer* (Andersson, Hansen, & Øye, 2008). I denne kjem det fram at dei siste tiåra har mange utgravingar og resultat frå dei vorte publisert, men den arkeologiske forskinga har ikkje halde takt med utviklinga innan anna samfunnsforskning. Forfattarane av antologien skriv også at dei ulike teoriane om urbaniseringa sjeldan har vorte konfrontert med det faktiske arkeologiske materialet. Forfattarane hadde som mål at ein skulle studere fleire byar komparativt. I boka vert dermed nye spørsmål stilt. "Korleis var dei tidlig-mellomalderske byane sin oppkomst mogleg?" "Når skjedde

det?" "Kvifor, og på kven sitt initiativ?" I boka forsøkte ein dermed å bruke liknande innfallsvinklar på fleire nordiske byar (Wallerström, 2010, s. 184).

Ettersom byane i Skandinavia vaks utover på 1900-talet, fekk arkeologi i byane ei større rolle enn før. Men det som vart sett på som viktigast å dokumentere på den tida var gjerne restar etter bygningar. Kulturlaga som konstruksjonane og funna fanst i vart sett på som "funnemballasje", utan nokon større nytteverdi. Arkeologien si oppgåve var i store trekk å produsere funn til musea sine samlingar der mynt, keramikk, kammar og sko var i fokus. Resultata skulle brukast til å komplettere det ein allereie visste frå skriftlege kjelder og skulle kunne bidra til å lage rekonstruksjonar. Dette karakteriserte byarkeologi fram til midten av 60-talet. Mellomalderforskinga hadde utspring i romantikken si historieskriving, og ein hadde eit estetiserande syn på mellomaldersk kulturarv, samstundes som ein hadde ein evolusjonistisk forteljingskultur. Ofte ville ein formidle dei store linene i historia, til dømes byen sin oppkomst og kven som stod bak denne, då med eit klart ovanfrå-perspektiv. Studiar av estetikken i mellomalderske monument stod også sentralt som inspirasjonskjelde, men ein gjorde også stratigrafiske observasjonar i felt (Thomasson, 2011, passim).

Ut på 1970-talet tok ein til å sjå det arkeologiske kjeldematerialet som element med sjølvstendig kjeldeverdi. Kulturlaga vart no likestilt med monumenta i verdi, og ein undersøkte laga med arkeologiske metodar. Rundt denne tida tok byen til å bli sett på som eit fenomen i seg sjølv, som ein integrert del av det mellomalderske samfunnet som ikkje kunne skiljast frå resten. Endringar innanfor og mellom byane vart difor sett på som viktige, og økonomi, organisering av handel og den geografiske utstrekkinga av denne vart ofte trekt fram.

Til liks med dei andre emna innanfor arkeologifaget, tok arkeologien i byane også til å strekke seg mot ei meir prosessualistisk innretting, i enkelte forskingsmiljø meir enn andre. Det vart då lagt meir vekt på naturvitskaplege analyser og nye ambisjonar om å skape objektiv kunnskap gjorde seg gjeldande. Eksakte fakta skulle bli produsert ved hjelp av observasjonar, noko som gjerne enda opp som konklusjonar i tabellform. Eit mål var å skape jamføring mellom utgravingar i ulike byar og land. Omgrepet *urbanisering* kom også offentleg i bruk på denne tida, og vart stadfesta som erkjent omgrep ved det Nordiske historiemøtet i Trondheim i 1977. Urbaniseringsprosessen vart skildra som ein del av makta si organisering, med framfor alt kongemakta som

aktør. Dei kunnskapsteoretiske utgangspunkta prega også arkeologar si forståing av byen, og konsekvensane av det prosessuelle perspektivet vart ofte studiar av strukturar (Thomasson, 2011, passim).

Det er i denne forskingshistoriske konteksten vi må sjå utgravingane på Folkebibliotekstomta. Som dei fleste stadar elles i Skandinavia var arkeologiske undersøkingar i Trondheim prega av hyppige ekspansjonar og nybyggingar, og ein generasjon av profesjonelle feltarkeologar vaks fram. I Trondheim henta ein feltpersonell i store trekk frå utlandet, fordi den naudsynte kunnskapen kring bygravingar ikkje syntest å vere til stades blant norske arkeologar på denne tida. Metodar som hadde vore i bruk ei stund, særleg i England, kom difor til å spele ei stor rolle for feltmetodikken ved Folkebiblioteksgravinga, og seinare i andre delar av Noreg (Molaug, 2001, s. 8).

På 1970-talet diskuterte ein urbaniseringa som generell samfunnsprosess innan den byhistoriske diskursen. Denne interessa hang saman med den utviklinga som byhistoria gjekk gjennom internasjonalt på 1960-talet då ei heilt ny forskingsretning, *New Urban History*, vart forma (Carelli, 2001, s. 103). Om lag på same tid vart også arkeologar med i diskusjonen. Både prosjekta *Medeltidsstaden* i Sverige og prosjekt i Finland var direkte følgjer av dette. I Noreg vart prosjekt som *Gamlebyen* i Oslo og utgravingane på Folkebibliotekstomta oppretta (ibid. s. 105). Her til lands valde ein å behandle og samstille bygravingane for å lokalt kunne diskutere spørsmål kring urbanisering, kronologi, produksjon og konsum.

Mindre utgravingar hadde allereie føregått i både Oslo, Trondheim, Stavanger og Tønsberg på 1960-talet, leia av landsdelsmusea. I Bergen vart dei store bryggegravingane gjennomført av Historisk Museum frå 1955. På 70-talet vart det satt i gang ei rekke større utgravingar av Riksantikvaren, mellom anna i Oslo (Mindets tomt), i Tønsberg (Forenede Liv-tomta), og i Trondheim, som eg kjem inn på seinare. Etterkvart vart utgravingskontor formelt etablerte i Trondheim, Tønsberg og Oslo, seinare også i Bergen. I dag er desse overført frå Riksantikvaren til Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) (Molaug, 2001, s. 7).

I ettertid har det vorte trekt fram at eit generelt problem med mellom anna *Medeltidsstaden*- og *Gamlebyen*-prosjekta var at byane vart skildra utan menneske. Det kan argumenterast for at dette er ei svakheit i den byarkeologiske forskinga,

ettersom urbanisering egentleg er eit sosialt fenomen, og i høgaste grad omfattar menneske og menneskeleg åtferd. Det arkeologiske kjeldematerialet flaumar over av bevis på at mellomalderens byar myldra av menneske (Carelli, 2001, s. 105). Peter Carelli tykkjer at arkeologane må legge meir vekt på det sosiale aspektet, og ta tak i folkesettinga av mellomalderbyane for å få dei ”tause” spora etter menneska til å fortelle om urbaniseringa og korleis endringane kom til å påverke dei (ibid. s. 105). Mats Roslund meiner også at det i arkeologiske publikasjonar finst eit tomrom mellom krigarar og bønder. Dette rommet treng å bli folkesett med dei som faktisk knytte saman det urbane nettverket, nemleg kjøpmennene i handlegata. Han argumenterer for at ein bør nytte nedanfrå-perspektivet i større grad, og at å byggje på teoriane til sosiologane Bourdieu og Giddens gjev eit bra utgangspunkt (Roslund, 2009).

Dei siste tiåra har forskingsfokuset som antyda flytta seg igjen, særleg i retning sosiologisk og antropologisk teori. Ein del endringar kan seiast å ha skjedd med både den byarkeologiske diskursen og arkeologifaget generelt sidan utgravingane på Folkebibliotekstomta. Mykje som var praksis då, ville nok ikkje vore tilfelle med dei moglegheitene vi har i dag, til dømes når det gjeld dokumentasjonsmetodar.

Tema som i dag kjenneteiknar forskning på mellomalderbyar, særleg i Sverige og Noreg, kan seiast å vere 1) topografi og folkesetjing, 2) arkitektur og utnytting av rommet, 3) administrative og juridiske forhold og 4) artefakt og meining og 5) identitet og mennesket si oppleving av byen (Larsson, 2009, s. 152; Roslund, 2009, s. 222). Ein nyttar omgrep som *konsum, ideologi, makt, identitet, objektbiografi, rommet, lange tidsperspektiv* og *urbanitet*.

I Sverige kan ein seie at den mellomalderske arkeologien stort sett har samla seg kring universitetet i Lund, og ein har fått eit etablert forskingsmiljø innanfor emnet. I Noreg er ikkje det same tilfelle, då den mellomalderske forskinga går føre seg på mange ulike stadar. I tillegg til at NIKU har utgravingsansvaret for mellomalderbyane og driv med forskingsverksemd, vert det også ved universiteta og landsdelsmusea forska på og studert mellomalderarkeologi. Både i Bergen, Oslo, Tønsberg, Trondheim og Tromsø finn vi arkeologar som har mellomalder eller historisk arkeologi som hovudfelt, og fleire master-/hovudfagsoppgåver med mellomalder som tema har dei seinaste åra vorte produsert ved alle desse institusjonane. I motsetnad til Sverige har ikkje historisk arkeologi som studieområde formelt vorte etablert her. I Noreg har det

difor dei seinare åra vorte gjort uttrykk for eit ynskje om auka samarbeid mellom dei ulike institusjonane for å få fram meir fruktbare diskusjonar innanfor emnet.

Det var Bergen som var den største byen i Noreg i mellomalderen. Her har det føregått ei rekke utgravingar, men dette er ikkje mange i forhold til det store området som var by i mellomalderen. Ein grunn til dette er mellom andre at mange av dei ståande bygga her er verna. Dermed vert det ikkje nokon nybyggingar, og heller ikkje noko arkeologi. Dei største gravingane fann stad mellom 1955–1968 etter den store brannen på Bryggen i 1955. Utgravingane var nokså avanserte for si tid, og mange trekk ved metodane som vart nytta her har vorte vidareutvikla og standardiserte i seinare utgravingar i Bergen (Molaug, 2001, s. 22-25). Mykje arkeologisk forskning har teke for seg ulike sider ved Bergensmaterialet, og særleg nemneverdig er Gitte Hansen (2005) si doktoravhandling, ei evaluering av gravingane i Bergen. Ho har forsøkt å finne ut korleis, når, på kven sitt initiativ og kvifor vart det by i Bergen. Dette har ho gjort ved å undersøke spor etter aktivitetar frå området rundt Vågen ca. 800–1170.

## **2.1 Utgravingar i Trondheim**

Øivind Lunde var den fyrste som skreiv eit synteseverk basert på arkeologiske funn om mellomalderbyen Trondheim sin oppkomst (Lunde, 1977). Her viser han dei ulike arkeologiske utgravingane som hadde vorte gjennomført i byen fram til 1970.

Gjennom publikasjonen gjev Lunde ein grundig gjennomgang av tidlegare forskning, han drøftar metodiske problem i høve vurderinga av kjeldeverdi, rekonstruerer topografi ut frå tilgjengeleg data og på bakgrunn av dette utfordrar han dåtida si tolking av dei skriftlege kjeldene. Lunde sitt kjeldemateriale om handelsområdet i mellomalderbyen avgrensa seg likevel til ”smågravingar”, og det var dermed lite som kunne seiast om bygardsstruktur og liknande. Boka *Trondheims fortid i bygrunnen* er sett på som eit føregangsarbeid, og er i ettertid brukt som eit stødig grunnlag for vidare forskning på byen.

I Trondheim har det frå 1970 og fram til i dag føregått arkeologiske utgravingar kontinuerleg, representert ved større og mindre prosjekt. Av dei større kan nemnast lokalitetane Televerkstomta (Nordre gate 1, 1977), Søndre gate (fire mindre utgravingar i åra 1970-75) og Erling Skakkes gate 1 (1972-73) (Molaug, 2001, s. 40). I tillegg til desse kjem sjølvsagt Folkebibliotekstomta, som overgår dei andre tre både

i utgravne kubikkmeter, publisitet og grad av dokumentasjon. Etter desse kan nemnast utgravingane i Erkebispegården (1991-1995), som har vore ei av dei større prosjekta, samt utgravingane på Vestfrontplassen ved Nidarosdomen (1996). Ved den sistnemnde vart også innmåling ved hjelp av totalstasjon nytta.

Utgravingane i Erkebispegården er den nest største i Trondheim (etter Folkebiblioteket) og bygde vidare på metodar brukt på Folkebibliotekstomta. I tillegg nytta ein også enkelte element ved *single context recording* (Molaug, 2001, s. 46). Resultata frå desse utgravingane er publisert i serien *Utgravningene i Erkebispegården i Trondheim*, som til dømes Sæbjørg W. Nordeide sin publikasjon med same namn er ein del av (Nordeide, 2000). Nordeide skreiv også nokre år seinare doktoravhandling om Erkebispegården, ”beste tomte i byn” (2003). Materialet frå utgravingane her viser dømer på korleis det aller øvste samfunnslaget i Trondheim levde.

## 2.2 Utgravingane på Folkebibliotekstomta

Gjennom prosjektet *Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten*, der målet var å undersøke dei ”viktigaste” aktivitetane som husflid og handverk, handel og vareutveksling, har materialet frå Folkebibliotekstomta vorte studert av fleire arkeologar. Dette var eit publiseringsprosjekt som vart sett i gang med tanke på å få fram materialet sine kvantitative og kvalitative variasjonar i tid og rom, og å få publisert den enorme mengda materiale frå bygrunnen i Trondheim. Innanfor dette prosjektet vart sentrale materialgrupper som metall, lér, horn og bein gjenstand for systematiske analyser, gjennom ulike nummer av serien *Meddelelser* (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 11-13).

Christophersen og Nordeide arbeida fram ei syntese av etterarbeidet frå Folkebibliotekstomta, som resulterte i sluttpublikasjonen *Kaupangen ved Nidelva* (Christophersen & Nordeide, 1994). Dei har gjeve ein samla presentasjon av utgravings- og etterarbeidsresultata, der hovudvekta vart lagt på å gjere greie for dei store linjene i busetjings- og aktivitetsutviklinga i undersøkingsområdet, i tillegg til å setje dei inn i eit større historisk perspektiv. Axel Christophersen tok for seg den busetnads- og bygningshistoriske analysen, medan Sæbjørg Walaker Nordeide har stått for gjennomføringa av funksjons- og aktivitetsanalysen av artefaktane. Denne

publikasjonen har eit klart ovanfrå-perspektiv, og gjev oss eit bilete av utviklinga av byen, slik den kjem fram gjennom materialet frå utgravinga.

Som eit nummer av *Meddelelser* skreiv Sæbjørg Walaker Nordeide ...*De beste bønder i kjøbstæden. En funksjons- og aktivitetsanalyse basert på gjenstandsmaterialet* (Meddelelser nr. 20, 1989). I arbeidet med denne studerte ho eit representativt utval av den enorme mengda dokumenterte og magasinerte artefaktar frå utgravinga, og fordelte funna på ulike hovud- og underkategoriar etter sannsynlege bruksområde. I etterkant av Nordeide si funksjonsanalyse kom også ei oversikt over keramikkmaterialet ut (Reed I., 1990).

Ei rekke andre arkeologar har arbeidd med dei forskjellige gjenstandsgruppene, og dei har i grove trekk teke for seg materialet sine kvantitative og kronologiske sider. Innan temaet om ”produktiv aktivitet” har horn- og beinmaterialet vorte undersøkt av Lena Flodin (1989), lêrmaterialet av Oddlaug Marstein (1990) og metallarbeidet av Ulla Bergquist (1989). Innan ”handel og vareutveksling” har Jan Ragnar Hagland tatt for seg runematerialet (1986), Kolbjørn Skaare har undersøkt mynt (1989), Ian Reed har studert keramikkmaterialet (1990) og Birthe Weber har tatt for seg bakstehellene (1989a). Chris McLees har stått for publisering av materiell tilknytt brett- og terningspel (1990). Dei andre nummera av *Meddelelser* inkluderer mellom anna stratigrafiske analysar, dateringar, makrofossilanalyser, animal- og humanosteologiske analyser (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 27-29).

Anna Petersén undersøker i *The Nature of Deposits from a Pre-Urban Settlement* (1995) utnyttinga av areal og endringar i det romlege distribueringsmønsteret på dei ulike tomtene på Folkebibliotekstomta i den aller eldste fasen som kan sporast her. Gjennom ei studie av kulturlag og artefaktar, meiner ho å kunne skilje mellom to horisontar i det som i mi oppgåve heiter fase 1 (900-talet): ein tidleg, før-urban horisont der berre nokre av tomtene eigentleg er i bruk, og ein horisont som omfattar den fyrste perioden der dei fleste tomter har aktivitetsspor. Ulf Alström (1991) studerte grensemarkørane mellom tomtene på Folkebibliotekstomta og hadde som hovudmål å identifisere dei bakanforliggende utgangspunkta for grunnlegginga av byen. Han trekk fram kvar og korleis tomtene er markerte, og om desse var faste gjennom heile mellomalderen.

Sidan *Kaupangen ved Nidelva* vart gjeve ut i 1994 har det vorte eit auka fokus på potensialet i Trondheimsmaterialet, og særleg det frå Folkebibliotekstomta. Eit initiativ frå universiteta si side til nye synsvinklar på materialet har ført til at ei rekke hovudfags-/masteroppgåver og doktoravhandlingar kring materialet har vorte publisert, og fleire er i emning. Innanfor emnet har Lena Fahre (1998) og Linda Åsheim (2011) skrive om spor etter barn i byen. Paula Utigard Sandvik (2006) har laga ein tverrfagleg naturvitskapleg-arkeologisk-historisk rekonstruksjon av framveksten av Trondheim og Even Bjørdal (2006) har tatt for seg konstruksjonsspor på tomt 2B+3. Ruth Iren Øien har skrive om vevde tekstilar frå mellomalderens Trondheim (2007) og Synnøve Viken (2009) om drakttilbehør og sosiale strategiar. Lise Loktu (2009) har skrive om kritpiper som habitus, og Julian Cadamarteri (2011) om lås og nøklar som aktantar. Marianne Enoksen (2009) har studert kvalitet og flid ved kammaterialet, Eilin Iren Antonsen (2011) tok for seg hesterelaterte spor frå byen og Hulda Brastad Bernhardt (2003) har skrive om klebersteinslampar og eldstadar. Dag-Øyvind Engtrø (2005) studerte bruken av epigrafisk skrift i mellomalderens Trondheim med utgangspunkt i materiale frå Nidarosdomen og bygrunnen og Harald Bentz Høgseth (1998) skreiv om mellomalderske bygningsleivningar (tømmerhus) som material- og kulturhistoriske dokument. Jostein Gundersen (2000) tok for seg hamner og sjøfart på Nidarneset, med fokus på forskingsstatus og kunnskapsbehov, og Wenche Brun (2001) har drøfta anvendte metodar ved tre utgravingsprosjekt i Noreg, der ein av dei valde lokalitetane er Folkebibliotekstomta.

Jon Anders Risvaag (2006) diskuterte i si doktoravhandling myntane si rolle i Trondheim i mellomalderen. Han trekk fram enkeltfunn frå Trondheim og forsøker finne ut kva mynten si rolle i byen har vore. Karin Gjøl Hagen har også skrive ei doktoravhandling, *Profesjonalisme og urbanisering* (1994), som tek for seg tekstil- og vevloddsmaterialet frå Trondheim om lag 1000-1300. I denne diskuterer ho problemet med kva grunnlag i funnmateriale som trengs for å snakke om profesjonalisme i eit handverk, her gjennom tekstilhandverket. I tillegg vil eg også nemne ei hovudfagsoppgåve i kunsthistorie, av Aase Folkvord (2007), som er ei skildring, analyse og vurdering av dei dekorerte tregjenstandane frå Folkebibliotekstomta.

Av særskild tyding for mi oppgåve er Even Bjørdal si hovudfagoppgåve frå 2006. I denne tek han for seg den same tomtparsellen som eg, men fokuset i hans oppgåve ligg på bygnadane og det busetjingshistoriske. Oppgåva hans har undertittelen *ein*



*komparativ studie av handlingar og identitetar i ein del av byen ved Nidelva i mellomalder og tidleg moderne tid.* Han kjem innpå spørsmålet om det arkeologiske materialet avspeglar særtrekk ved utviklinga av urbane identitetar. I tillegg har han teke for seg eit tenkt aktivitets- og tilgjengelegheitsmønster på parsellen i forholdet mellom bygnadane og artefaktane (Bjørdal, 2006). Noko av det same skriv også Christophersen (2001), der han nyttar sider ved ei tilgjengelegheitsanalyse og hevdar at det i mellomalderen eksisterte ei grunnleggande førestilling om korleis ein skulle organisere rommet i forhold til sosiale normer og konvensjonar (Christophersen, 2001, s. 55-56).



### **Kapittel 3: Teoretiske utgangspunkt**

På 1960-talet var det to nye idear som skulle få stor påverknad på studiet av artefaktar, særleg i Storbritannia. Den fyrste ideen kom frå Claude Lévi-Strauss sin studie av sosial struktur, og den andre frå studien av meiningar bak objektet og sosial praksis. Desse førte til at antropologar og arkeologar tok til å studere gjenstandar på ein anna måte enn tidlegare. Element som form, stil, design, men også meining og bruk i praksis vart viktige. Dette endra synet på objekt kulminerte i det Dan Hicks kallar "The Material-Cultural Turn", og fokuset har gått frå å studere "teknologiar" til å studere "materiell kultur". Ut frå dette kom også "material culture studies", eit fagfelt som har klare likskapar med Giddens og Bourdieu sine teoriar (Hicks, 2010, s. 44-45).

I dag handlar dei fleste studiar av materiell kultur i røynda om å studere objektifisering av idear, og kva dette gjer i den sosiale samanhengen. Vi menneske skapar nemleg det samfunnet som vi er ein del av ved å objektifisere det, ved å forme meiningar og verdiar om til fysiske ting. Dei materielle formene som ein omgjev seg med heng difor tett saman med det individuelle mennesket, gruppa eller samfunnet sin kvardag.

Fordi produksjonen av ein gjenstand kan sjåast som objektifisering av ein idé, kan den også seiast å spele ei rolle i identiteten til den eller dei som produserer eller skaffar gjenstanden. Ved å samhandle med tingen skaper menneska seg sjølv samstundes, og vi kan dermed seie at dei materielle formene er eit av media som vi skaper og kjenner oss sjølv gjennom. På mange måtar er også objektet eit verkty for samspel mellom menneske, og den kan fremje sjølvkjensla til individ og grupper. Gjenstanden er ikkje ei objektifisering berre i produksjonsfasen, men også gjennom heile livssyklusen sin. Menneska gjev tingen meiningar og verdiar i det den vert skapt, utveksla, gjeve bort, tileigna eller på andre måtar konsumert. Ved å erkjenne dette kan ein studere forholdet mellom objekt og subjekt, og ikkje sjå dei to som åtskilde element. På bakgrunn av dette kan vi påstå at materiell kultur er uskiljeleg frå kultur og menneskelege samfunn, ettersom dei er i eit dynamisk forhold. Gjennom gjenstandar vert verdiar og idear stadig reproduisert og omforma (Tilley, 2006, s. 60-61; Carroll, 2002, s. 128).

Den materielle kulturen kan på sett og vis nyttast til å forhandle og vise fram identitet innanfor og mellom grupper. I tillegg kan gjenstandar ha symbolske meiningar, vert det hevda, og er difor involvert i vedlikehaldet av sosiale grupper, individet og hushaldet. Konstruksjonen av identitetar kan gje utslag i bruken av materiell kultur, og ut frå dette kan ein ved hjelp av sosialt definerte meiningar seie noko om dei avgjerslene som er gjort i anskaffinga og bruken av materiell kultur (Carroll, 2002, s. 128).

### 3.1 Konsum

Konsum er også eit tema som kjem fram i arkeologiske studiar assosiert med det aukande og endra fokuset på materiell kultur. Dei arkeologiske kjeldene gjev moglegheiter til å undersøke sosiale forhold nærare, gjennom studiar av materialitet. Mellom anna er klesdrakt, busetjingsspor og restar etter matkultur element som kan seie noko om sosial status og identitet. Korleis menneske utnyttar ressursane sine, og mønsteret som ein skaper når ein skaffar eller nyttar desse, kan både reflektere og påvirke sosiale forhold som klasse og sosial status, opphaldsstad og liknande (Scarlett, 2002, s. 129). Vala som ein konsument tek er ikkje berre ein refleksjon av rikdom og tilgang på varer, men kan også omfatte aspekt som lyst og sosialt definert trong til ei vare.

Omgrepet *konsum* har vorte eit kjend omgrep i arkeologisk forskning som ei side ved materiell kultur. *Konsum* har ofte vorte forklart som øydelegginga eller det å bruke opp ein gjenstand, gjennom anten fysisk nedsliting (ete mat, brenne ved) eller gjennom å nytte ei teneste (transport). Dette synet inneber at ein øydelegg gjenstandane, og at dette er endepunktet til materiell kultur. I dag er det mange som heller vel å legge vekt på ein definisjon av konsum som menneskeleg utnytting av objektet i alle fasar av objektet sin livssyklus (Miller, 2006, s. 341). Innanfor den historiske arkeologien vert omgrepet nytta både i samanheng med vareanskaffing og det å konvertere ressursar til objekt eller handlingar (Scarlett, 2002, s. 129).

På 1990-talet tok ein til å reise spørsmål kring menneskelege aktørar, med bakgrunn i premiss om at menneska kommuniserer idear og informasjon knytt til identiteten deira gjennom materiell kultur. Dette perspektivet er inspirert av Bourdieu sin tanke om at konsum er ein del av prosessen med å kommunisere meining. Dette førte til at mange

arkeologar tok til å rette blikket mot studiar av konsum som ein måte å undersøke menneskelege aktørar (Carroll, 2002, s. 127).

To hovudliner kan i følge Carroll sporast i studiar av konsum. Innanfor den eine tradisjonen, definert som *consumption as reflection*, vert konsumpsjonsmønster sett på som refleksjonar av bakanforliggjande strukturar. Dette er eit systematisk syn, der ein ofte tenderer til å generalisere om ulike folkegrupper eller lagdelingar innanfor desse, og ein hevdar at menneske innanfor same kultur eigentleg konsumerer på same måte. Ei kvar endring i mønster av konsum er difor sett på som ei endring i den bakanforliggjande strukturen eller systemet (Carroll, 2002, s. 129). Innanfor den andre tradisjonen, *consumption as construction*, legg ein i staden fokus på at konsum er ein måte å uttrykke seg på. Konsumenten vel det dei treng, har lyst på og har tilgang til frå den tilgjengelege materielle kulturen, og konstruerer samstundes sin eigen identitet. Konsumenten er med dette synspunktet ein aktiv deltakar som stadig forhandlar identiteten sin innanfor ein kontekst av makt, etnisitet, klasse, kjønn og geografisk tilhøyrse. Arkeologane må difor forstå individet sine avgjersler og tolke meiningane bak dei (Carroll, 2002, s. 129; Scarlett, 2002, s. 131).

Det nye fokuset på aktørar i sosial teori har dei seinare åra ført til nye perspektiv på objektet som aktør. Ulike teoretikarar har lenge hevda at akkurat som menneske kan oppføre seg som gjenstandar, kan gjenstandar vere eller oppføre seg som personar. Dei kan ha ein personlegdom, ein vilje og dermed ha *agency* og vere ein agent. Ideen om at ting kan ha eit "sosialt liv" vart fyrst utvikla av Appadurai (Hoskins, 2006, s. 74). Appadurai og Kopytoff (Appadurai, 1986) viser at eit passivt objekt, eller ei vare, kan bli flytta rundt på og få nye kontekstar, og dermed nye meiningar og verdier. Eit objekt kan gjerast til ei vare og til ei ikkje-vare, som dei kalla *commoditisation* og *decommoditisation*. Ei vare er generelt forstått som ein ting som er produsert spesielt for utveksling, og dei har ein verdi så lenge dei har ein pris (Nurmi, 2011, s. 74).

Igor Kopytoff (Kopytoff, 1986) diskuterer også biografier av menneske og varer, og han bruker artefaktar som dømer. Sjølv om objektet ikkje er sett på som levande organismar har dei eit liv som varierer over tid. Den fundamentale ideen ved objektbiografien er at artefaktar ikkje berre vert brukt og kasta og dermed er ferdig og oppbrukt, men at dei har eit liv som består av fleire fasar og at desse liva og fasane er unike. Artefaktar kan ha ulike roller og dei vert oppfatta ulikt gjennom dei varierende livsfasane sine. Vare-fasen av livet til objektet er berre éin av dei, andre kan til dømes

vere produksjon, distribusjon, bruk og kasting, men også vare-fasen kan delast inn i ulike nivå (Kopytoff, 1986; Hoskins, 2006; Nurmi, 2011, s. 29-30). Likevel er det bruksperioden til tingen som er den viktigaste fasen for å forstå kvardagslivet til menneska, som påpeika av Nurmi (2011, s. 30).

Andre teoriar kring konsum vil også vere nyttige for oppgåva mi, blant anna Veblen sin idé om *conspicuous consumption*, som eg skal forklare under.

### **3.2 Struktureringsteori og habitus**

Sosial endring kan forklarast som eit produkt av samspelet mellom menneske frå ulike delar av det sosiale hierarkiet og deira breiare historiske kontekst (Hansen G., 2005, s. 31). Dette byggjer på idear frå sosiologen Anthony Giddens sin struktureringsteori, der det vert lagt vekt på dualiteten mellom aktørane og samfunnet.

Struktureringsteorien tek både omsyn til effekten av individa sine handlingar og vedkjenner tydinga av dei overordna sosiale strukturane. Kjernen i Giddens sin struktureringsteori er konseptane *struktur*, *system* og *dualiteten til strukturane* (Giddens, 1984, s. 16). Dei sosiale *strukturane* vert definert som eksisterande mønster av reglar og ressursar i eit samfunn og er utanfor tid og rom, medan det *sosiale systemet* som strukturane er innblanda i, inneber dei situerte aktivitetane til dei menneskelege aktørane, som blir produsert over tid og rom. Å analysere struktureringa av sosiale system er å studere måtane slike system, med bakgrunn i aktivitetane til situerte aktørar som byggjer på reglar og ressursar, er produsert og produsert (Giddens, 1984, s. 25).

Grunnleggjande for ideen om strukturering er teoremet om ”strukturen sin dualitet”, som inneber at agentar og strukturar ikkje er to individuelle fenomen, men representerer ein dualitet. I dualiteten i strukturane er sosial struktur både mediet og resultatet av sosial handling. Giddens nyttar også uttrykket *refleksivitet*, som refererer til ein aktør sine moglegheiter til å medvite manipulere plassen sin i den sosiale strukturen (Giddens, 1984, s. 25). Menneska forstår reglane og ressursane i strukturane, men manipulerer desse heller enn å følgje dei passivt. Dette er fordi menneska har kunnskap og er kreative og medvitne aktørar som finn løysingar på problem undervegs. Aktørane har altså avgrensingar i sine sosiale miljø, men søker strategiar for å unngå eller omgå dei. Når ein gjer det, kan ein forsterke eller endre strukturen. Sjølv om aktørane er kunnskapsrike, er det ikkje sikkert at handlinga får

det tiltenkte resultatet, fordi aktøren si kontrollrekkevidde som regel er avgrensa til dei nære kontekstane av handling og samspel (Giddens, 1984, s. 8-10; Hansen G., 2005, s. 32). Likevel kan effekten av eit individ sine handlingar nå langt utover det som er tilsikta. Dei sosiale strukturane er dermed ikkje statiske, men står i eit gjensidig forhold til dei menneskelege handlingane. Kort sagt skaper og påverkar menneskeleg handling strukturane, medan strukturane verkar tilbake og styrer nye val og handlingar, og ein kan seie at aktørane sine handlingar er så vel strukturerte som strukturerande. I følgje struktureringsteorien er aktørane dermed aldri heilt fanga av strukturane.

Fleire arkeologar har dei seinaste åra teke utgangspunkt i det Giddens skriv om strukturane si dobbelheit eller dualitet, og det er lagt vekt på at teorien hans kan vere svært nyttig i studiet av materiell kultur. Det fysiske materialet, bygningane og byen sitt eventuelle fysiske skilje frå landsbygda eller mellom tomter, samt lover og reglar for menneska si åtferd, representerer nokre av egedelane og avgrensingane som aktørane i byen måtte forholde seg til. Samstundes vert den materielle kulturen produsert av menneska basert på eit tiltenkt formål, men straks denne er produsert kan det i sin tur påverke dei menneskelege handlingane. Den materielle kulturen, i likskap med sosiale strukturar, står i eit gjensidig tilbakeverkande forhold til menneskeleg meining og handling (mellom andre Hansen, 2005, s. 31-32; Rosén, 2004, s. 20-21; Carelli, 2001, s. 101; Schmidt Sabo, 2005, s. 10-11; Olsen, 1997, s. 211; Johnson, 2010, s. 108).

Omgrepet *habitus* vart innført i sosiologien og arkeologien av den franske sosiologen Pierre Bourdieu (Hodder & Hutson, 2003, s. 90; Carelli, 2001, s. 102; Bourdieu, 1977). Habitus er eit omgrep for menneskelege handlingar i ulike samanhengar. Det kan omfatte alt frå korleis ein kler seg til kva fritidssyslar ein driv med. Det kan også handle om korleis ein rører seg, korleis ein pratar og ter seg. Kort sagt handlar det om åtferda til aktørar, som blir forma i møtet med andre aktørar, altså er habitus sosialt konstruerte individuelle haldningar. Dette fører til at ein gjerne handlar på rutineprega måtar, ein dannar eit komplekst mønster med åtferda si. Slike mønster kan somme tider sporast i det arkeologiske materialet, ”gjennom bruk av gjenstandar og rørsle mellom funksjonslokalitetar” (Bjørdal, 2006, s. 7; Bourdieu, 1977, s. 78-87).

Bourdieu sin teori er særskild relevant i arkeologien, ettersom teorien er utvikla med tanke på materiell kultur og bruken av rom. Habitusomgrepet vert av Bourdieu

plassert mellom struktur og praksis, men han seier at å forsøke å definere omgrepet går mot det som er meininga med omgrepet (Hodder & Hutson, 2003, s. 90).

Bourdieu diskuterer kva som eigentleg utgjør ein livsstil, og han meiner at det finst ei felles rot til felles handlingar, praksisar, samt felles vurderingar. Habitus er både strukturert og strukturerande struktur. Det som skaper skilje i habitus er i følgje Bourdieu skilde livsvilkår (Carelli, 2001, s. 102).

Bourdieu og Giddens sine teoriar om samfunnet er dømer på praksisteori, om korleis menneske handlar i forhold til ein viss innarbeidd, (u)medviten praktikk. Dei forsøker å fange samspelet mellom individa og dei strukturane som til ei viss grad gjev rammer for menneskelege handlingar i kvardagen. Difor kan desse to teoriane vere nyttige når ein skal studere det konsumet som artefaktane frå mellomalderen var ein del av. Eg vil nytte både Giddens og Bourdieu sine teoriar i denne oppgåva.

### **3.3 Romlegheit**

Ei side ved den romlege organiseringa tar utgangspunkt i teorien til sosiologen Henri Lefebvre i boka *The Production of Space* (1991), om at "space" er noko som vert aktivt skapt gjennom produksjon og konstruksjon. Eit "space", eller rom, vert skapt av naturen, men også av menneska. Punkt innanfor dette rommet vert fanga av det menneskelege medvitet, og inngår i ei slags *romlegheit*. Rommet kan dermed seiast å ikkje berre vere ein arena, ein geografisk føresetnad for økonomiske aktivitetar, men også å vere kulturelt konstruert. Opplevinga av eit rom er kulturelt spesifikt, og er på den måten ikkje noko nøytralt eller som "alltid" har funnest. Kvart samfunn (både store og små) skaper sitt eige sosiale rom, i følgje Lefebvre. Han meiner at rommet kan studerast på andre måtar enn slik fysikarane og filosofane gjer det. Han ville utforske korleis romlegheit oppstår, gjennom menneska sin (re)produksjon av det. Menneske (og dyra deira) produserer spor etter seg ved å drive med ulik aktivitet på ein stad. Gjennom vaner og rutinar set vi preg på omgjevnadane. Desse spora kan tolkast i ettertid, hevdar Lefebvre, og han freistar å kome med løysingar på korleis dette kan gjerast.

Romlegheit (spatiality), utnyttinga og manipulasjonar av rom har etterkvart vorte eit tema innanfor arkeologien, mykje med bakgrunn i Lefebvre sin teori. Dei seinare åra har arkeologar som Mats Anglert og Stefan Larsson (Anglert & Larsson, 2008) samt Katalin Schmidt Sabo (2005) bygd vidare på Lefebvre sine resonnement. Ved å sjå



ideane til Lefebvre i samanheng med Giddens og Bourdieu sine, kan vi moglegvis danne oss eit rammeverk for å forstå nokre av dei prosessane som skjer når ein bit av landskapet vert omforma, omstrukturert og -produsert, og blir ein by. Det rurale blir urbant, og opplevinga av landskapet og seg sjølv i dette landskapet endrar seg. Kulturlaga, bygningar og etterlatne gjenstandar i form av artefaktar kan vere nokre av dei spora som har utgjort det sosiale rommet. Menneska kan i sin tur endre på rommet og oppfatninga av det gjennom konstruksjon, til dømes gjennom utparsellering av eit landområde eller oppføring av eit hus, som igjen strukturerer menneska sine kvardagsliv på parsellen. Korleis rommet vert nytta sosialt er ei viktig side ved den allereie nemnde teorien *conspicuous consumption* og synlegheit til det offentlege området. Tinga som menneska skaffar seg og nyttar i dette rommet kan tenkast å ha ein medviten sosial verdi frå menneska si side (Nurmi, 2011, s. 30), og saman kan alle desse elementa utvise ei meining og eit innhald som vert oppfatta av andre.

### **3.4 *Conspicuous consumption***

Det var norsk-amerikanaren og samfunnstenkaren Thorstein Veblen (1857–1929) som i 1899 gav ut *The Theory of the Leisure Class*, ein teori om overklassa sitt konsum og framvising av status. Denne overklassa bestod av personar som ikkje lenger trong å arbeide, men som tileigna seg eit overskot frå dei som gjorde det. Veblen meinte nemleg at straks eit samfunn tok til å få eit overskot i produksjon, vert forholdet mellom privat eigedom og status viktigare. På denne måten oppstår det eit gap mellom dei som eig mykje og har høg status, og dei som eig lite eller ingenting og har lav status (Veblen, 1899, s. 29; Trigg, 2001, s. 100).

Det er dei sosiale handlingane til medlemmane av denne ”fritidsklassa”, som gjer velstand og rikdom om til status. Ved å vise fram luksus som dei fattigare ikkje har råd eller tid til, kan ein skape reaksjonar på sin eigen veremåte. Det er nemleg andre sine syn på og vurderingar av andre individ, som dannar eit omdøme om deira status i samfunnet. Ein må altså vise fram velstanden sin for å få ei plassering i hierarkiet. I følgje Veblen finst det to måtar å vise fram denne luksusen på: gjennom å eige luksusobjekt og å drive med fritidsaktivitetar. Begge er måtar å sløse på, meiner Veblen. Ein sløser pengar på luksusvarer og tid og innsats på fritidsaktivitetar. Å vise at ein har ressursane til å ”ta seg råd” til anten varer eller ved å delta i overflødig aktivitet, er det fritidsklassen sine sosiale handlingar som er nøkkelen til å vise fram

status. Det er denne oppførselen Veblen kallar *conspicuous consumption* (Trigg, 2001, s. 101; Veblen, 1899; Odner, 2005, s. 127).

I følgje Veblen er målet til alle menneske å klatre oppover i samfunnshierarkiet ved å skaffe seg eller delta i det same som andre. Etterkvart som dei fattigare får tak i dette, er ikkje lenger objektet eller aktiviteten sett på som luksus. Dei rikare må då finne på noko nytt som kan framheve statusen sin. Denne leitinga etter høgare statussignal tek aldri slutt, men utviklar seg stadig (Trigg, 2001, s. 101; Veblen, 1899, s. 85; Odner, 2005, s. 129). Eit slikt konsumpsjonsmønster vil teoretisk sett vere mogleg å spore i det arkeologiske kjeldematerialet.

Joakim Thomasson (1997) skriv om korleis det private livet vert synleg gjennom organisering og dekorering av husa på parsellar i mellomalderbyar i dåtidas Danmark. Utgangspunktet er ein diskusjon om arkitektur og konseptet ”klasse”. Gjennom artikkelen legg han fram dømer på korleis dei fremste husa langs gata kan seiast å vere ein del av det sosiale rollespelet i byen. Det er nemleg i dette møtepunktet at det private livet direkte møter det offentlege og arkitekturen uttrykker, heilt medvite frå menneska si side, delar av privatlivet som kan påverke andre si oppfatning av bebuarane her. Det er altså snakk om ei grad av synlegheit i det offentlege rommet som spelar direkte inn på den materielle kulturen. Dette kan etter mi meining sjåast som ei svært viktig side ved *conspicuous consumption*.

## Kapittel 4: Materialet


### 4.1 Rammer for utgravingane

Folkebibliotekstomta (heretter ofte "FbT") vart grave ut gjennom ni sesongar i åra 1973 til 1985, av Riksantikvaren sitt utgravingskontor i Trondheim, før det gamle biblioteket i Trondheim (opphavleg rådhus) skulle byggjast ut. Feltet låg omlag midt i det ein reknar som mellomalderbyen i Trondheim, i dagens Kjøpmannsgata 22–28, parallelt med Nidelva. Fordi utgravinga dekkja eit så stort område og fordi den gjekk over så mange sesongar, vart utgravingsområdet delt inn i mindre delfelt med eigne feltleiarar. Tomtparsell 2B+3 byggjer på materiale frå delfelta som er merka med oransje i

figuren. Delfeltgrensene fylgde stort sett eigedomsgrensene frå mellomalderen, som ein meinte å sjå gjennom tomteindikerande strukturar som gjerder eller små grøfter (Christophersen & Jondell, 1988; Alström, 1991).

Over store delar av utgravingsområdet gjorde grunnvasstanden at det var svært gode bevaringstilhøve for organisk materiale. Blant anna gjeld dette på vestsida av området, der 2B+3 låg. Som eg har vore inne på innleiingsvis var 2B+3 i store trekk grave ut i sin heilskap, både i areal og heilt ned til fyrste spor av busetjingsaktivitet. Store delar av FbT var diverre øydelagt av nyare tids gravingar og leidningar, men det ser ut som 2B+3 har vore relativt heldig: berre dei nord-vestre delane av FU (FT), eit område mellom FA og FE og nokre område på FW har vorte forstyrra

Figur 1: Folkebibliotekstomta i Trondheim. Delfelta er markert, og dei utvalde delfelta er utheva i oransje.



(Christophersen & Jondell, 1988, s. 9-13). På grunn av dei gode bevaringstilhøva kan vi lage oss eit meir fullstendig bilete av kva som gjekk føre seg på denne tomte i mellomalderen enn ein kan på dei andre tomtene. Dette gjer tomt 2B+3 til eit spanande forskingsprosjekt.

Kvart delfelt var under leiing av éin person som hadde ansvar for den faglege utføringa av utgravings- og dokumentasjonsarbeidet. Dette har ført til varierende utgravingsmetodar og varierende kvalitet på arbeidet, sjølv om alle i prinsippet fylgde dei same retningslinene for utgravingsmetode (Christophersen & Jondell, 1988, s. 14). Under utgravingane vart det nytta systematisk stratigrafisk metode for fjerning av lag, og på alle delfelt vart asfalt og nyare lag ned til augesynlege mellomalderske kulturlag, fjerna med gravemaskin. I utgangspunktet ville ein nytte profilbenkar mellom dei ulike delfelta, for å ha faste haldepunkt for samkøyinga av kontekstane. Dette vart ganske fort gjeve opp, ettersom ein meinte at den stratigrafiske gravingsmetoden i seg sjølv var god nok for seinare samkøying. Stratigrafiske opplysningar vart dokumenterte i dagbøker, teikningar og fotografi (Christophersen & Jondell, 1988, s. 15-16).

Funn og lag vart ikkje alltid registrert på ein konsekvent måte, i alle høve ikkje i dei tidlegaste utgravingsåra. Etterkvart vart likevel innsamlinga standardisert, og gjenstandsfunn, konstruksjonar og lag vart registrert på eigne kort. Kvart delfelt har si eiga rekkje med kontekstnummer (lag, strukturar og konstruksjonar) som startar på 1 i kvart felt, med tilhøyrande delfeltamn framfor. Detaljnivået for skildringa av den stratigrafiske konteksten er noko varierende, særleg i starten før ein tok i bruk lagkorta.

Alle funn som viste spor av menneskeleg tilverking skulle i utgangspunktet bli samla inn. Dette skulle gjelde for alle funn som ikkje var strukturar eller bygningsdelar, som i staden vart teikna. Heller ikkje vart produksjonavfall teke vare på, men lêravfallet vart stort sett telt og vege, deretter kasta (tekne vare på i 1985). Bein- og hornavfallet samt teglbitar vart samla inn, men ikkje systematisk. For anna avfallsmateriale fanst det ikkje nokon einskapleg regel for innsamling, og verdien av dette materialet kan dermed diskutert (Christophersen & Jondell, 1988, s. 19).

Kvar gjenstand er registrert på delfelt og lagnummer, men ikkje noko meir detaljert enn det. Berre ”spesialfunn”, gjenstandar som vart sett på som viktige for datering

eller som vart rekna å ha særskilde dekorative verdiar, var vart målt inn med x-, y- og z-koordinatar. Dette utgjer eit problem når ein skal knyte artefaktane til konstruksjonar, gardsplassar og liknande. Det har vorte peika på fleire gongar i ulike nummer av *Meddelelser* at dette er ein stor svakheit ved materialet frå Folkebibliotekstomta. Laga er likevel ikkje alltid angjeve med utstrekning i areal, og det kan dermed vere vanskeleg å danne eit bilete av distribusjon av gjenstandsmateriale i det horisontale planet. Likevel kan ein gjennom studering av lag- og funnkort, *Meddelelser*, planteikningar og liknande klare å skape eit visst mønster i spreininga av gjenstandane (Christophersen & Jondell, 1988, s. passim).

## 4.2 Det utvalde materialet

I oppgåva nyttar eg artefaktane frå 2B+3, der eg tek for meg fasane 1 (900-talet) til og med 10 (ca. 1325 – 1500-talet). Det er snakk om ei svært stor mengde artefaktar, og eg meiner dette vert naudsynt om eg skal diskutere framveksten av ein *urban identitet* på tomta. Dessutan har det vorte arbeidd mykje med ulike materialgrupper frå FbT tidlegare, som gjev eit godt grunnlag for å kunne ta for seg alle artefaktane. Derimot skal eg ikkje ta for meg konstruksjonsspor, då desse som nemnd er undersøkt før (Bjørndal, 2006; Christophersen, 1990), men eg vil byggje vidare på det arbeidet som då vart gjort. Eg kjem med bakgrunn i dette til å støtte meg på dei allereie eksisterande oversiktene og katalogane som finst over materialet frå FbT, i særleg grad gjeld dette kvantitative og funksjonsmessige sider av materialet.

Materialet inneheld artefaktar frå mange ulike sider av kvardagen i byen i mellomalderen – frå bustadaktivitet til handels- og handverksindikerande artefaktar – og er både kvantitativt og kvalitativt rikt. Mellom anna er mengder av sko, kammar, tekstilreiskap, keramikkskår og ein del myntar noko av det som utgjer materialet mitt. 2B+3 er på grunn av sine spesielt gode bevaringstilhøve representert ved eit stort tal av alle dokumenterte artefaktar på FbT. Av om lag 65.800 registrerte N-nummer frå heile FbT, er det 18.864 N-nummer som vert teke med i katalogen min.

Dei stratigrafiske forholda på Folkebibliotekstomta er til tider svært kompliserte. Studering av lagkort, minimatriser og delfeltkart frå utgravingane har vorte nytta for å forsøke å avgrense eigedomene eg tek for meg. Noko som gjer undersøkinga vanskeleg er at tomta ikkje alltid har inkludert både 2B og 3. *Tomtegrensene* har nemleg flytta på seg gjennom dei ulike fasane. I starten av busetjinga på området var

dei to stort sett skilde av ei tomtegrense (til og med fase 6, 1150–1175), seinare vart dei slått saman til ei stor tomt med gardsplass i midten. Eigedomsgrensene går difor somme tider innanfor grensene på dei delfelta eg har valt, og somme tider utanfor.

Eit anna problem er at *delfeltgrensene* har flytta på seg gjennom dei ulike sesongane, fordi ein har prøvd å følgje tomtegrensene. Dette var tilfelle i dei fyrste sesongane av utgravingane, då ein tok til på delfeltet "F", som etterkvart vart delt inn i "FA", "FB" og "FC", og seinare "FE" og "FA" (Hodkinson, 1986, s. 13-15). Dermed kan artefaktane som er registrert på delfelt FA ha høyrte til tomteparsellen nord for mitt område. Dette er også eit problem i overgangen mellom FW og FJ-n og FN-n, der dei to sistnemnde vart gravne som eigne felt i sesongen 1984, men ikkje den neste (Forsåker, 1986, s. 157-158). For å finne ut kva lag og funn som hørde til desse delfelta i 1984, hadde ei større undersøking av rapport, dagbøker og lagkort måtte til. Ideelt sett skulle ein, i ei studie av éi heil tomt, ha funne tilbake til dei nøyaktige laga som utgjer tomta til ei kvar tid. Dette hadde teke mykje tid, og går difor utanfor rammene til ei masteroppgåve. Eg har difor valt å ta for meg dei ovanfor nemnde delfelta FA (inkludert alle funn frå F, FB og FC), FU (og FT) og FW (merk: *ikkje* FJ-N og FN-N av grunnar som er nemnde ovanfor). Eg vil med bakgrunn i dette gjere lesaren merksam på at problemet med FA/FE og FW/FJ-n/FJ-n kan utgjere ei feilkjelde.

### 4.3 Katalogen

Som bakgrunn for oppgåva mi har eg sett saman ein digital katalog som viser alle registrerte gjenstandar frå delfelta som i grove trekk utgjer tomtparsell 2B+3 (jamfør førre avsnitt). Den er sett saman av ulike katalogar som andre har laga før meg, og målet med den er at mest mogleg informasjon om funna skal vere samla på ein plass, i tillegg til at den skal vere søkbar og tilgjengeleg for framtidig arbeid med materialet. Katalogen er laga i programmet Microsoft Excel, slik at den kan vere tilgjengeleg for alle. Ei Excel-fil er det mogleg å opne i alle andre rekneark-program, og kan som regel eksporterast inn i databasar og liknande.

Utgangspunktet for katalogen har i store trekk vore Sæbjørg Walaker Nordeide sin katalog som ho laga i høve funksjonsanalysen i *Meddelelser nr 20*. Denne katalogen vart laga i eit EDB-program, men har aldri vore publisert. Katalogen finst i dag i papirformat på NIKU-kontoret i Trondheim. Nordeide sin katalog er bygd opp av eit

utval av alle funna frå heile Folkebibliotekstomta (11.937 N-nummer av 65.800 N-nummer) der ho la vekt på å kunne funksjonsavgjere materialet. Eg har gått gjennom denne, og skrive inn all informasjon som fanst om gjenstandane frå dei aktuelle delfelta. Målet har vore å skrive rett av det som står i hennar katalog, men nokre endringar har likevel vorte gjort. Til dømes har eg retta opp diverse skrivefeil som var tydelege, som "kniv" i staden for "kvin". Dessutan har tilleggsopplysingar frå seinare studiar vorte lagt til, mellom andre frå Viken (2009) Folkvord (2007) og Cadamarteri (2011).

Det finst alltid utfordringar ved å nytte lange, handinnskrivne katalogar, særleg er det ei stor fare for feilskriving. Eg har dobbelsjekka Nordeide sin katalog mot NTNU-databasen (meir om dette under), men framleis finst det skrivefeil som ikkje kan rettast opp. Der eg har funne feil i katalogane som ikkje kan endrast, har eg skrive kommentarar angående feilen inne i dokumentet.

Som nemnd tidlegare var ikkje Ian Reed sin katalog over keramikkmaterialet, og heller ikkje analysen hans, ferdig då arbeidet med Nordeide sin katalog vart gjort. Difor har eg lagt til desse opplysningane i min katalog. Keramikkatalogen har eg fått av Ian Reed digitalt, så denne vart lagt direkte til det eg hadde frå Nordeide sin katalog, med berre nokre mindre endringar.

Nordeide tok heller ikkje med skomaterialet, så dette har eg også lagt til i ettertid. Oddlaug Marstein laga ei oversikt over sko- og lêrmaterialet i høve arbeidet med *Meddelelser nr 23*, det er denne eg har teke utgangspunkt i når det gjeld skomaterialet. Det er eit viktig kjeldekritisk element ved denne oversikta. Fyrst og fremst vil eg nemne at Marstein ikkje gjev ei heilt nøyaktig forklaring av kva materiale ho valde ut og kvifor til denne oversikta, og heller ikkje om dette er ein komplett katalog. I NTNU Vitenskapsmuseet sin gjenstandsbase er det nemleg registrert mykje meir lêrmateriale på kvart N-nummer enn det som er teke med i Marstein sin katalog. Eg reknar difor med at ho berre tok med dei fragmenta av desse som kunne funksjons- og typeavgjerast. Lêravfallet frå produksjon er i Nordeide sin katalog (funksjonsbestemt av Marstein) berre registrert med mengde per stratigrafiske lag, og det er dermed ikkje mogleg å sjekke om dette er ei fullstendig oversikt. Det kan difor vere at skomaterialet er underrepresentert i katalogen min.

Under innsamling og magasinering har alle gjenstandar frå FbT fått eit N-nummer (N for NIKU) i NTNU Vitskapsmuseet sin gjenstandsbase (ofte refererer eg til denne som "NTNU-databasen" eller "gjenstandsbasen"). N-nummeret fungerer dermed som eit identifikasjonsnummer for gjenstanden. I utgangspunktet har eitt fragment vorte registrert per N-nummer, men nesten like ofte har fleire fragment av same eller ulike gjenstandar vorte registrert på same N-nummer (men då er desse frå same stratigrafiske lag). For å forsikre meg om at éin gjenstand berre står oppført éin gong i katalogen min har eg samanstilt dei ovanfor nemnde oversiktene med informasjon frå NTNU-databasen. Her har ein nemleg skanna inn funnkorta frå utgravinga, der skisser og diverse informasjon har vorte teke med og det er dermed mogleg å skjøne om det er snakk om eitt eller fleire fragment. Dersom eg har funne at eitt N-nummer inneheld *fleire enn ein* gjenstand (av ulik funksjon) har desse fått undernummer (a, b, c osv.) i katalogen min. Blant anna er dette tilfelle når det gjeld keramikkaterialet og skomaterialet. Dette for å understreke at ikkje den same gjenstanden har vorte talt to gongar. Det finst også N-nummer som inneheld fleire fragment av sannsynlegvis *same* gjenstand. Der dette er tilfelle er det oppført i katalogen kor mange fragment det er snakk om. Det er difor fleire *fragment* enn *N-nummer* i katalogen. Der dette har påverka analysen vil det bli gjort greie for.

For å danne ein komplett katalog over materialet frå dei relevante delfelta har eg teke med det attståande materialet frå NTNU-databasen som dei andre forfattarane ikkje har teke med. I min katalog har desse gjenstandane den same informasjonen som ein får når ein søker i NTNU-databasen (tidvis ganske fattig og somme tider misvisande). Sidan det attståande materialet frå NTNU-databasen ikkje tidlegare er funksjonsavgjort har eg ikkje nytta dette i analysen min. Det skal nemnast at det har vore gjort fleire funksjonsanalyser og vorte laga fleire katalogar over materialet frå mine delfelt enn det som eg har fått teke med i min katalog. Dersom eg hadde hatt lenger tid, ville nok også noko av dette vorte med her. Særleg nemneverdig er Ruth Iren Øie sin studie av tekstilfragment. Denne kunne ha vore inkludert, men på grunn av tidsrammene og nyttegrad i forhold til mi oppgåve, har hennar katalog vorte utelatt i dette arbeidet.

Av 18.864 registrerte gjenstandar frå dei relevante delfelta er det difor **5483** N-nummer som vort teke med i analysen min, med alle dei ovanfor nemnde subtraksjonane.



#### 4.4 Problem med det valde kjeldematerialet

Eit av dei store problema med materialet frå Folkebibliotekstomta, er at det ikkje finst ei samla digital oversikt over alt materialet, verken artefaktane eller den skriftlege dokumentasjonen. Det innsamla materialet er oppbevart i magasinane til NTNU Vitskapsmuseet, og informasjon om desse funna er samla i den tidlegare nemnde gjenstandsdatabasen.

Diverre er denne informasjonen (som påpeika av mellom anna Viken, 2009), svært mangelfull og av dårleg og varierende kvalitet. Dessutan er ikkje oversikta komplett enno, jamvel om det er nærare 30 år sidan utgravinga vart avslutta. Informasjonen om dei funna som ligg inne i databasen har ikkje vorte oppdatert etter at arkeologar har analysert materialet. Gjenstandsinnsamlinga vart gjort i eigne funnkategoriar i felt (ulikt inndelt før og etter 1979), men mange funn som seinare har vorte identifisert gøymmer seg framleis under samlekategorien ”ukjent” i databasen. Dessutan har namnet ”folkebibliotekstomta” vorte skrive på ulike måtar, og somme tider med skrivefeil, så det går ikkje å få fram ei komplett liste over materialet.

Ein idé hadde vore å supplert med informasjon frå katalogen til Nordeide, for denne er eit godt utgangspunkt for vidare analysar. Det er i det heile umogleg å nytte gjenstandsbasen på museet til anna enn å studere dei originale funnskildringane som vart gjort i felt, dersom ein allereie har N-nummeret, vel å merke. På NIKU er alle dei skriftlege kjeldene samla i eit arkiv, men det finst ikkje noko digital eller offentleg oversikt over kva som finst her. Heldigvis har Ian Reed personleg full kontroll på innhaldet, og det er takka vere hans kunnskap at ein masterstudent kan finne noko brukeleg i dette enorme berget av papir. Som Viken allereie har gjort, vil eg også oppmode både Vitskapsmuseet og NIKU sitt Trondheimskontor til å ordne opp i det kaoset som i dag pregar materialet frå Folkebibliotekstomta. Inntil vidare håpar eg at katalogen som er vedlagt denne oppgåva kan vere ei hjelp i framtidige arbeid med materialet frå 2B+3.

Eit anna stort problem ved materialet frå Folkebibliotekstomta er at artefaktane berre er knytt til jordlag, og ikkje koordinatfesta (Christophersen & Jondell, 1988, s. 35). Ein kan kanskje forstå at med ei så stor mengde artefaktar frå ein lokalitet vert det ein stor jobb å koordinatfeste alle funna, men avgjerdsla om å ikkje gjere dette har diverre fått negative konsekvensar for materialet sin kjeldeverdi. Det er berre enkelte særskilde funn, som myntar og finare personlege gjenstandar, som har vorte registrert

med koordinatar. Heller ikkje laga er vorte skildra med utbreiing i arealet, og kan vanskeleg knytast til område i delfeltet eller til særskilde konstruksjonar. Laga er derimot skildra i dagbøker og på lagkort, men eit større arbeid måtte ha vore gjennomført dersom desse kunne ha vorte brukt i oppgåva mi, sidan mengda artefaktar og lag er så stor her. Eg har difor valt å ta utgangspunkt i dei skildringane som kjem fram gjennom rapportane (Alström, 1986; Forsåker, 1986; Hodgkinson, 1986) og seinare arbeid (mellom andre Nordeide, 1989; Bjørdal, 2006; Viken, 2009; Cadamarteri, 2011; Petersén, 1995; Reed, 1990; Alström, 1991).

Noko som pregar etterarbeidet med rapportane er at desse vart skrivne av personar med ulik fagleg bakgrunn og med ulik forståing for kva rapporten skulle innehalde. Sjølv om det vart utarbeidd retningsliner for desse, ser ein klare ulikskapar mellom dei. For min del hadde det vore svært nyttig dersom kulturlaga og artefaktane hadde vorte tekne med i større grad i rapportane. Alle rapportane inneheld laglister, matriser for kvar delfeltfase og kart frå delfeltet i alle delfeltfasar. Men – og dette er eit stort *men* – det er berre rapporten frå delfelt FA som viser korleis jordlaga har forholde seg til strukturar og konstruksjonar (men utan direkte utbreiing i arealet). Innhaldet i kulturlaga har ikkje vorte tilstrekkeleg skildra i nokon av rapportane. Ved å relatere lag- og konstruksjonsnummer til delfeltteikningane og -matrisene, *kan* ein ane kvar laget som artefakten er registrert i omtrent har vore, men dette vert i grove trekk berre gjetting. Som Synnøve Viken forklarar (2009, s. 13) er det ikkje mogleg å lage noko spreingskart over materialet. Dermed kan eg ikkje i denne oppgåva seie noko meir om artefaktane på delfelt FU/FT og FW sine forhold til konstruksjonane her enn det som allereie er kome fram i rapportane.

## Kapittel 5: Utgangspunkt for analysen

Det er nokre viktige element som ligg til grunn for studien, og som eg har teke utgangspunkt i for arbeidet med analysen. Desse er artefaktane sine funksjonskategoriar, fasar og tidsperiodar og romleg organisering av parsellen. I det følgjande gjer eg greie for desse elementa, og korleis dei vil bli nytta. Dessutan vil eg også diskutere kjeldekritiske spørsmål ved arkeologiske undersøkingsmetodar i mellomalderbyar.

### 5.1 Funksjonskategoriar for artefaktane

Uansett kva historisk periode ein talar om er det å skulle kategorisere den materielle kulturen vanskeleg. Til og med dei tinga vi sjølv omgjev oss med i dag, ville det vere vanskeleg å plassere i kvar sine kategoriar. Vi kan tenkje oss om lag kva sfære i kvardagen ein gjenstand var meint til å høyre heime i av den opphavlege produsenten, men det er ikkje sikkert gjenstanden har fått denne funksjonen i livet vårt. Ein gjenstand kan også vere multifunksjonell eller ikkje ha nokon særskild funksjon i det heile, sett bort frå det reint estetiske (til dømes ein pyntegjenstand eller kunst).

Likevel er vi nøydde til å ordne materialet inn i nokre slags kategoriar om ein skal gjere ei arkeologisk analyse, for å ha eit utgangspunkt å jobbe ut frå. Kva er så den beste måten å gjere dette på?

Mange arkeologar åtvarar mot ei inndeling av gjenstandsmaterialet etter råmateriale (til dømes stein, tre, jern osv.), fordi ein heller bør forsøke å finne fram til funksjonane som gjenstanden opphavleg hadde, og å kategorisere dei etter nytteområder (Nordeide, 1989; Roslund, 1995; Welinder, 1992). Mats Roslund skriv i sin artikkel *Tools of Trade* at artefaktar som vi kan dele inn etter funksjonsområde, slik som handverksindikerande og handelsindikerande funn, kan gje oss unike moglegheiter til å studere mønster i aktiviteten i særskilde tider og kontekstar, jamvel om det er få gjenstandar (Roslund, 1995, s. 147). Roslund åtvarar også om at ved å dele inn artefaktar etter funksjon kan ein risikere at meininga som gjenstanden bar har endra seg gjennom den studerte perioden. I tillegg nyttar vi ofte for grove funksjonskategoriar. Vi må hugse på at artefaktar er ein materialisert idé, med ulike meiningar og kvalitetar i ulike tids- og romlege kontekstar. Derfor er det vanskeleg å akseptere løysingar som føreset at den same forma alltid har hatt den same meininga (Roslund, 1995, s. 147).

Sæbjørg Nordeide delte i si analyse materialet inn i ulike kategoriar, der det nettopp er funksjonen eller bruksområdet til ein gjenstand som er utgangspunktet. Ho var nøye med å ikkje dele artefaktane inn etter råmateriale, fordi aktivitetane jo føregår på tvers av råmateriale. Grunntanken ved analysen hennar er at det er mengda og typen gjenstandar som reflekterer dei aktivitetane som til ei kvar til har funne stad på tomtene. Det er altså det relative forholdet mellom ulike funksjonsgrupper i ulik mengde og i tid og rom som vert studert i arbeidet hennar (Nordeide, 1989, s. 7).

I analysen har Nordeide nytta sju hovudkategoriar av funksjonsområde: ”bustad”, ”handverk”, ”handel og utveksling”, ”jordbruk og fehald”, ”maritim aktivitet”, ”religion, ideologi og kommunikasjon” og ”jakt og krigføring”. Desse er deretter delt inn i underkategoriar, som er meir detaljerte. (For komplett liste over innhaldet i kategoriane til Nordeide, sjå appendiks 1.) Nordeide skriv sjølv at med ei slik inndeling i funksjonar og ikkje etter råmateriale, kan ein lettare få oversikt over materialet (Nordeide, 1989, s. 15). På tross av dette er det ikkje sjølvklart kva gruppe ein gjenstand høyrer heime i, skriv ho. Dette gjeld til dømes i hovudkategorien ”bustad” der ein også finn leikar for born, spelebrikker og nøklar. Ho meiner at desse gjenstandane mest sannsynleg høyrer heime innanfor bustaden. Dessutan er det ikkje lett å skilje mellom kva gjenstandar som høyrer til hushaldet sitt konsum, og kva som har vore produsert for sal. For enkelheits skuld har eg valt å ta utgangspunkt i dei same kategoriane som Nordeide, og å støtte meg på hennar funksjonsbestemmingar av den einskilde gjenstanden.

I tillegg til Nordeide sine sju hovudkategoriar har eg også valt å ta med ein åttande kategori, nemleg ”keramikk”. Etersom Ian Reed ikkje var ferdig med gjennomgangen av keramikkmaterialet då Nordeide si funksjonsanalyse kom ut, vart denne publisert som ein eigen rapport. Det kan argumenterast for at keramikken burde gå under hovudkategorien ”bustad”, fordi det var her ein truleg brukte kar, skåler og muggar som oppbevaring for mat og væsker. Likevel meiner eg at keramikk kan ha så mange fleire bruksområde, og har difor valt å sette keramikken opp som ein kategori for seg sjølv. Underkategoriane her har eg valt å la vere dei keramikktypane som Ian Reed har avgjort (Reed, 1990). Det er også teke med opplysningar frå fleire katalogar enn desse, blant anna Marstein sin katalog over skomaterialet.

Ved å nytte slike funksjonskategoriar vil ein kanskje likevel få feil bilete av spreinga av dei ulike funksjonane på tomte, ettersom kategoriane er ganske store og grove og

gjerne inneheld meir enn éin funksjon. Eg trur ikkje at ein gjenstand i seg sjølv berre høyrer heime i éi gruppe. I analysen vil eg difor gå meir kritisk til verks, og sjå på innhaldet i dei ulike hovudkategoriane. Som forklart vert ei slik inndeling eit utgangspunkt for vidare analysar.

Etter denne samansettinga av ulike funksjonsgrupper, ser hovudkategoriane som vil bli nytta i analysen slik ut:

1. Bustad
2. Handverk
3. Handel og utveksling
4. Jordbruk og fehald
5. Maritim aktivitet
6. Religion, ideologi og kommunikasjon
7. Jakt og krigføring
8. Keramikk
9. Sko- og lêrmaterialet
10. Ikkje avgjort

Innhaldet i dei ulike hovudkategoriane er gjort greie for i appendiks 1.

## 5.2 Fasar og tidsperiodar

I oppgåva nyttar eg dei same tidsperiodane som vart bestemte under etterarbeidet, og som er publisert mellom anna i *Meddelelser og Kaupangen ved Nidelva*. Materialet frå Folkebibliotekstomta vart då inndelt i tolv fasar. Eg hadde opphavleg eit mål om å ta med alle fasar i studien, men fase 11 og 12 har vist seg for lite representative i forhold til problemstillinga mi. Eg tek difor for meg dei 10 fyrste i analysen, men dei to siste er framleis med i katalogen. Ein fase vert i rapportane definert som ”en bebyggelsessekvens der hovedmassen av bebyggelsen på feltet anlegges – brukes – og – ødelegges” (Nordeide, 1988, s. 38). Hovudfasane har dermed ulike tidsspenn. Det er ikkje slik at alle bygningar på feltet vart bygd, brukt og øydelagt samtidig. Det vart difor danna ein relativ kronologi, der kvart delfelt har fått si eiga faseinndeling (*delfeltfase/delfase*) som er relatert til hovudfasen. Ein *fase* er med denne definisjonen berre eit analytisk hjelpemiddel som grovsorterer materialet, og ikkje ein sann

historisk kronologi. I delfeltsrapportane vart det satt opp matriser med over- og underrelasjonar, inndelt i delfasar. På den måten finst det moglegheiter for å gå nærmare inn på materialet i kvar fase (Nordeide, 1988, s. 40-43).

| Hovud-fase | Myntar                                     | Dendrokronologisk datering | Keramikk                      | Sko                           | C14-datering                        | Absolutt datering |
|------------|--|----------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------------|-------------------|
| 1          |  |                            |                               |                               | T-676 900–1020                      | 900-talet         |
| 2          |  | 905 (1000–1013)<br>1256    |                               | 1000-talet                    | T-6967 990–1030<br>T-6966 1000–1040 | –1025             |
| 3          | 1027–36 (1)<br>1047–66 (1)                 | 954 (1007–1022)<br>1266    | 1000-talet                    | 1000-talet                    |                                     | 1025–1050         |
| 4          | 1047–66 (6)<br>1065–80 (10)<br>1080–95 (2) | 863 (1006–1086)            | 1000-talet                    | 1000-talet                    |                                     | 1050–1100         |
| 5          |  | 823 (1060–1133)<br>1285    | Tidleg 1100-talet             | Tidleg 1100-talet             |                                     | 1100–1150         |
| 6          |  | 943 (1054–1156)<br>1417    | Midten – sein 1100-tal        | Midten 1100-talet             |                                     | 1150–1175         |
| 7          |  | 961 (1110–1211)<br>1236    | Sein 1100 – tidleg 1200-talet | Sein 1100 – tidleg 1200-talet |                                     | 1175–1225         |
| 8          |  | 989 (1216–1270)            | Midten 1200-talet             | 1200-talet                    |                                     | 1225–1275         |
| 9          | 1270–1320 (5)                              | 1035 (1215–1255)           | Sein 1200 – tidleg 1300-talet |                               |                                     | 1275–1325         |
| 10         |  |                            |                               |                               |                                     | –1500             |

Figur 2: Dateringsgrunnlag for hovudfasane på heile Folkebibliotekstomta. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, s. 35.

Eit problem med hovudfasane er at datering av desse har endra seg frå arbeidet med *Meddelelser* til *Kaupangen ved Nidelva* var ferdig. I *Kaupangen* kjem det fram at eit forbetra grunnlag for dateringar kom til i etterkant av *Meddelelser nr 13* (Christophersen & Jondell, 1988, s. 162-203), ettersom viktige leieartefaktar vart undersøkte kvar for seg i andre utgåver av *Meddelelser*. Eg har difor valt å bruke den datering for hovudfasane som kjem fram i *Kaupangen ved Nidelva*. Hovudfasane si absolute datering på heile FbT er bygd på dateringar av mynt, keramikk og sko i tillegg til dendrokronologi og C14-datering, og er delt inn som vist i tabellen. Den

kronologiske gjennomgangen i analysen vert presentert etter hovudfasar, og dateringane som vert presentert der er henta frå *Kaupangen ved Nidelva* (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 35).

I katalogane til Nordeide og Reed er kvart funn, der det har vore mogleg, ført opp med både lagnummer, hovud- og delfeltfase og eventuelle konstruksjonar som funnet kan knytast til. Tabellen til høgre viser korleis delfeltfasane relaterer seg til hovudfasen på heile FbT. Når katalogen no finst digitalt er det dermed mange moglegheiter kva gjeld den diakrone og synkrone, kvantitative analysen av materialet, og dette er noko av det som er målet med oppgåva. Her kan ein lett danne seg bilete over til dømes når den einskilde funksjonskategorien gjorde seg gjeldande og frå kva fase ein finn færrast eller flest av den. Dette var også Nordeide sitt mål med katalogen i utgangspunktet.

| Hovud-fasar | Delfeltfasar FW  | FU/FT       | FA/FC | Gata (på delfelt FA) |
|-------------|------------------|-------------|-------|----------------------|
| 11          | 11 II<br>11 I    | 10          | 7     | K41<br>K40           |
| 10          | 10               | 10          | 7     | G13                  |
| 9           | 9                | 9           | 6     | G12                  |
| 8           | 8 II<br>8 I      | 8           | 5     | G11<br>G10<br>G9     |
| 7           | 7<br>6 II<br>6 I | 7<br>6      | 4     | G8<br>G7             |
| 6           | 5                | 5           | 3     | G6<br>G5             |
| 5           | 4 III            | 4 II        | 2u    | G4                   |
| 4           | 4 II<br>4 I      | 4 I         | 2l    | G3                   |
| 3           | 3                | 3           | 1u    | G2                   |
| 2           | 2 II<br>2 I      | 2 II<br>2 I | 1m    | G1                   |
| 1           | 1                | 1           | 1l    |                      |

Figur 3: Delfeltfasane si fordeling i hovudfasane. Etter Nordeide, 1988, s. 48.

I det siste kapittelet i *Kaupangen ved Nidelva*, vert det lagt fram eit forslag til periodisering for den lokale urbaniseringsprosessen på Folkebibliotekstomta, med bakgrunn i funksjonsutvikling av den materielle kulturen. Her meiner ein å sjå fem utviklingstrinn av den urbane aktiviteten og det urbane rommet si fysiske utvikling, gjennom kvalitative og kvantitative ”sprang” (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 263). Periodane dei kjem fram til ser slik ut:

Utviklingstrinn 1 (900-talet fram til ca. 970/980)

Utviklingstrinn 2 (ca. 970/980 – ca. 1050)

Utviklingstrinn 3 (ca. 1050 – ca. 1150)

Utviklingstrinn 4 (ca. 1150 – ca. 1325)

Utviklingstrinn 5 (ca. 1325 – ca. 1500+)

Eit mogleg problem med hovudfasane er at dei er relativt korte, den kortaste spenner berre over 25 år. Ved ei inndeling av materialet etter hovudfasane kan det føre til at mange funksjonskategoriar vil sjå veldig fattige eller heilt tomme ut. Eg kjem likevel til å ta utgangspunkt i hovudfasane gjennom analysen min, men kanskje kan ei grovare inndeling i utviklingstrinn vere meir fruktbart dersom ein vil sjå ”det store biletet” i diskusjonen.

### **5.3 Romleg organisering**

Mats Roslund (1995) og Axel Christophersen (1990) skriv om tomtparsellar i skandinaviske mellomalderbyar (høvesvis i Sigtuna og i Trondheim), og korleis desse tilsynelatande er delt inn i funksjonsmessige *soner*. Sonene er delt inn etter kva aktivitet som gjekk føre seg der og kva ein kan ha oppfatta som ”offentlege” og ”private” område. Parsellen kan på bakgrunn av dette delast inn i generelle soner etter kva område éin (eller fleire) funksjon(ar) fann stad på eit tidspunkt. Det fyrste området er bygningane som ligg lengst fram mot gata. Her finn ein ofte små bygningar med spor av tekstil og metallarbeid tidleg i mellomalderen, medan ein seinare fekk større handelsbuer her. Desse kan ha vore i to etasjar. Sone nummer to er dei neste husa i rekka frå gata. Desse har hatt ulike funksjonar, men eit hovudtrekk er at ingen av dei har hatt eldstad (i alle høve ikkje på grunnplanet). Kanskje har dei vore lagerhus, eller bygningar for tomteigarfamilien sitt eige handarbeid/handverk. Den tredje sona finn vi dermed heilt bakarst på parsellen. Desse er bustadhus og har oftast



spor etter hjørne- eller sentraleldstad og moldbenkar (Roslund, 1995, s. 152; Christophersen, 1990).

Slik som Axel Christophersen ser det, vil det altså vere mogleg å sjå ei soneinndeling på parsellen, ved at ein hadde hendelsbuer fremst på tomta, og bustadhus lengre bak. Han luftar også ideen om at kanskje leigetakarar har budd i ein eventuell andre etasje framme på tomta, medan ein reknar med at det var gardseigaren som budde bakarst på tomta (Christophersen, 1990, s. 58-60). Det ville vere interessant å sjå korleis ei slik funksjonsinndeling av parsellen eventuelt kjem til syne gjennom artefaktane, samt å finne ut om menneska si anskaffing og framvising av eventuelle luksusobjekt har ein samanheng med denne inndelinga.

#### **5.4 Oppsummerande kommentarar**

Alle utgangspunkta over heng saman med hovudmålet med studien, nemleg å nytte den digitale katalogen til å undersøke om ein eventuell urban identitet kan studerast gjennom menneska sitt konsum. Korleis kjem i så fall ein urban identitet til syne, og er det mogleg for ein arkeolog å ”lese” mellomalderske menneske sin identitet ut av den materielle kulturen? Denne oppgåva vil som sagt vere eit eksperiment i å finne ut av akkurat dette. Dei tidlegare presenterte ideane og teoriane vil bli freista knytt opp mot dette spørsmålet. Men i eit fragmentert bilete av den verkelege verda, slik den kjem fram gjennom materialet frå ei arkeologisk utgraving, er dette i det heile det riktige spørsmålet å stille? Under vil eg gjere greie for nokre av dei sidene ved eit arkeologisk kjeldemateriale som spelar inn på kor realistiske bilete ein kan forvente å skape av eit fortidig miljø gjennom notidig forskning.

#### **5.5 Omstende som formar det arkeologiske materialet**

For å forstå korleis den materielle kulturen har vore brukt i si ”levetid”, er det viktig at ein fyrst forstår formasjonsprosessane som skjer etter dette livet er over, og fram til arkeologen finn det att i jorda. Problem ved det produserte kjeldematerialet kan i følge Stefan Larsson samanfattast i tre punkt: Representativitet, reliabilitet og validitet. Representativitet handlar i arkeologisk samanheng ofte om det området eller den mengda gjenstandar som vert undersøkt er stor nok til å faktisk kunne representere ei sanning om det ein er ute etter. Reliabilitet omfattar kor pålitelege observasjonane er, der korrelasjonen mellom til dømes kvaliteten på data, det produserte kjeldematerialet og dei framstilte tolkingane av materialet er viktig.

Validitet er spørsmålet om materialet oppfyller dei måla ein har satt, og om det produserte kjeldematerialet representerer det som var tiltenkt (Larsson, 2000, s. 249).

Det arkeologiske kjeldematerialet vert kjenneteikna av å ha gått ut av bruk, vorte mista, eller på andre måtar ha hamna i jorda, og berre ein del av det kan finnast att under bakken som arkeologisk bevis. Det er ei rekke transformasjonar som spelar inn på representativiteten ved materialet. Etter at objektet har vorte produsert, får ei meining og ein funksjon, vert det brukt i ein viss periode før det ikkje er nokon som bryr seg om det lenger. På dette tidspunktet ”dør” gjenstanden. Det trer inn i neste fase i livet, og vert stadig tilbakesatt til naturen. Meininga og funksjonen til objektet kan ikkje lenger forståast berre ved rein observasjon. Denne transformasjonsprosessen av kulturelle gjenstandar er evigvarande, og held fram jamvel om objektet har vorte samla inn av arkeologane og kome på magasin eller museum (Neustupny, 1993, passim; Schiffer, 1996, passim).

Etter det ”levande” livet til den materielle kulturen kan ein av to prosessar hende, eller begge samstundes. Den eine er ein romleg transformasjon. Til dømes er fjerning av avfall frå ein plass ei slik endring. Romleg transformasjon kan vere påført materialet av både natur og menneske, og resultatet er at vi ikkje lenger finn att gjenstanden på den staden den hadde sin opphavlege funksjon. Det kan difor vere vanskeleg ved innsamling av arkeologisk data å skjønne kvar materialet eigentleg har høyrte heime. Det andre som kan skje er formleg transformasjon. Alle typar materiale vert brote ned og utsett for øydeleggande prosessar i eit varierende tempo. Dette kan til dømes skje ved fragmentering eller ved rotning eller oksidering. Dersom gjenstandar vert fragmentert kan ein klare å observere mykje av kvaliteten, men det er verre når det gjeld kvantitet. Ein kan til dømes ved teljing av potteskår finne eit minimums tal opphavleg heile gjenstandar, men ein vil aldri kunne vere sikkert på kor mange som faktisk fanst på staden. Den totale mengda av artefaktar kan dermed bli redusert, noko som fører til at enkelte gjenstandsgrupper vert underrepresentert. I tillegg har ulikt materiale ulik levetid, og kan hamne i jorda på heilt skilde tidspunkt. Det positive med urban arkeologi med tanke på kvantitetsproblemet er at dei aller fleste gjenstandar har større sjanse for å overleve dersom dei er dekt med jord. Ved rask kulturlagakkumulasjon som i byane er det dermed større sjanse for å finne att ei større mengde av materialet enn på andre arkeologiske lokalitetar (Neustupny, 1993, passim; Schiffer, 1996, passim).

Mats Roslund skriv i tidsskriftet *META* (1997) om informasjonspotensialet i samansett dokumentasjonsmateriale. Her stiller han spørsmålet om ikkje det er mogleg å få informasjon ut av kjeldematerialet jamvel om lokaliteten er samansett, kompleks og omrota. Ved å linke saman spreidde keramikkskår og nytte definerte typeseriar av keramikkk, viser han at redeponering og forstyrringar moglegvis *kan* studerast. Han argumenterer for bruk av kjeldekritiske metodar med bakgrunn i keramikkk, og at dette kan forbetre kunnskapen vår om formasjonsprosessar jamvel om lokaliteten er stratigrafisk kompleks. Sjølv kjem han med dømer frå tre mellomalderske lokalitetar, og han trekker fram nye måtar ein kan nytte artefaktane på. Bakgrunnen hans for artikkelen er dei mange varierende dukomentasjonsmetodane som har vorte nytta i tidlegare arbeid. Nokre interessante slutningar han kjem med i forhold til artefaktmaterialet er at veldig få skår av keramikkk spreiar seg over tomtegrenser, artefaktspreiinga i gateområdet knyter seg sterkt til tomta og at spreinga over fleire fasar i hans tilfelle er relativt låg. Han trekk fram at når det gjeld kronologisk spreining kan mykje av ”avvika” kome av ei for grov faseinndeling, og han oppmuntrar også til meir detaljerte dokumentasjonsmetodar i felt (Roslund, 1997, s. 37).

Ei anna side ved formasjonsprosessar på det mellomalderske materialet er at det kan ha eksistert avfallshandteringar i byen. Anders Andrén skriv i *I städernas undre värld* (1986) korleis ein ofte reknar med at ein kraftig kulturlagvekst i mellomalderbyen gjev det ”fullstendige biletet” av kva som har føregått på staden, sjølv om dette ikkje alltid stemmer. Dersom ein i det motsette tilfellet har svært tynne kulturlag eller ingen kulturlagvekst i det heile er det lett å trekke konklusjonar om at det må vere snakk om ein nedgangsperiode for byen og at folketalet må ha gått ned. Her finn ein ikkje spor etter alle aktivitetane. Andrén viser til korleis kulturlagveksten i Lund ser ut til å ha stoppa heilt opp kring år 1300, medan laga dei 300 førre åra utgjorde 4-5 meter vekst. Dette gjeld også for Trondheim, påpeiker han (ibid. s. 262). Det kan vere tre grunnar til liten kulturlagvekst: (1) Utnytting av gjødsel på andre måtar enn før, (2) Sosiale og organisatoriske årsakar: avgrensingar for dyra sine område, og (3) eit endra syn på kva reinslegheit er og nye lover for dette.

Andre prosessar som formar materialet frå mellomalderbyen kan vere brannar og opprydding etter desse, tramping av små gjenstandar (særleg mynt) ned i eldre lag og påføring av ny masse (til dømes på ein kyrkjegard). Dessutan har ofte nyare

nedgravingar som kjellarar øydelagt stratigrafien. Ei grunnleggjande forståing må til for å kunne skilje handlingar, forstå *kva* handling som har gått føre seg, til kva tid og i kva forhold desse handlingane står til andre handlingar (Petersén, 1999, s. 183).

Til slutt er det vi arkeologar som må tolke materialet vi har framfor oss. Det kan ikkje snakke, og utviser verken meining eller funksjon av seg sjølv. Dersom vi skal slutte konklusjonar om forholdet mellom objektet og menneska som det samhandla med, må vi derfor nytte arkeologisk metode og teori. Det er altså i stor grad våre dokumentasjons-, analysemetodar og tolkingar som spelar inn på kva vi får ut av arkeologisk data. Saman med dette knyter det seg, som nemnt over, problem når det gjeld representativitet, reliabilitet og validitet.

## Kapittel 6: Analyse

I den følgjande delen vil materialet bli presentert. Det vert teke utgangspunkt i ein kronologisk gjennomgang, der endringar frå fase til fase vert presentert (diakron analyse), samt kva som finst på tomta i den gjevne fasen (synkron analyse).

Hypotesen som ligg til grunn er at kvantitative og kvalitative endringar i den materielle kulturen kan sjåast som uttrykk for urbaniseringsprosessen, og moglegvis seie noko om urban identitet.

Det skal seiast at det er ganske utfordrande å skjønne *kva* gjenstandar det er som kan ha vore med på å uttrykke ein eventuell urban identitet. For å løyse dette problemet har eg satt opp nokre parameter. Desse byggjer på dei ulike meiningane ved omgrepet *identitet*, og korleis desse kan kome til uttrykk gjennom det arkeologiske materialet, slik det vart forklart i kapittel 1.

Den fyrste meininga ved identitet, *personleg* eller *individuell identitet*, kan vere vanskeleg å skilje ut. Som nemnt kan den uttrykte identiteten av seg sjølv stort sett henge saman med iscenesettinga av identiteten. Den delen som ikkje heng saman med iscenesetting er ofte det ikkje-verbal og dermed ikkje-materialisert. Dette kan moglegvis sjåast gjennom ei umedviten strukturering av levemiljøet, eller habitus, som Bourdieu ville kalla det. Arkeologisk vil dette visast i kvardagsaktivitetane, og artefaktane som heng saman med desse. For å studere slike struktureringar er den arealmessige spreininga av artefaktane på delfelta (sjå figur 1) undersøkt, så langt det let seg gjerast.

Iscenesettinga av mennesket sin *relasjonelle* eller *kollektive identitet* kan som vi har sett kallast *conspicuous consumption*, og knytast tett saman med synleggjering fram mot stretet. Synleg konsum i vårt tilfelle vil vere viktig i overgangsområdet mellom privat og offentleg sfære i frontområdet av tomta. I mellomalderbyen var handlegata den viktigaste sosiale arenaen, og det var her menneska på tomta kom i kontakt med både kjende og ukjende menneske. Her er det vere særskild viktig å få uttrykk for kven ein vil vere, og korleis ein vil oppfattast av andre. Konsumsjonen av materiell kultur vil i større grad vere medviten i eit slikt område. Det vil difor ligge ekstra mykje fokus på å framheve identitetsskapande gjenstandar her. Dette kan vere openbare markørar for individ eller grupper, eller ”rikare” gjenstandar som ikkje er så vanlege i hushaldet.

Andre sin idé om din identitet, kan kanskje sjåast på heilt andre måtar. Dette kan nok betre studerast gjennom historiske kjelder, men det finst nokre uttrykk for dette arkeologisk også. Det er vanskeleg å seie korleis dette kan sporast på eit personleg nivå, men ei strukturering ovanfrå gjort av menneske høgare oppe i hierarkiet kan vere synleg. Den mest omfattande sida ved strukturering ovanfrå er i dette tilfellet lova om at handel berre skulle gå føre seg i byen, og gjerne på særskilde område her. Utparsellering av tomte er sannsynlegvis også gjort ovanfrå. Andre lover og reglar har også kunne kome til uttrykk materielt, til dømes i vedlikehaldsplikta av det offentlege området langs og i stretet. Av personlege uttrykk for andre sin idé om deg, er det om lag berre materielle gåver som kan sporast. Det vil seie, det er vanskeleg å vite om ein gjenstand har vore ei gåve eller skaffa sjølv.


Av praktiske årsaker kjem eg ikkje til å gå gjennom *alle* dei 5483 N-nummera i den kronologiske gjennomgangen. Materialet vert lagt fram kvantitativt i tabellar, men berre dei særleg relevante gjenstandane som vert trekt fram og diskutert i høve parametrane over.

## 6.1 Den generelle fordelinga av artefaktane

Eg vil starte analysen min med å trekke fram nokre generelle trekk ved den kvantitative utviklinga av artefaktane. Dette for å vise korleis funksjonsinndelinga somme tider er for grov, og korleis enkelte hovudfasar stikk seg ut med fleire gjenstandar enn dei andre.

Figur 4 viser korleis mengda fragment er fordelt over dei 11 fasane. Det er ei jamn auke i fragment frå fase 1 til 3, men så fell dette fram mot fase 5. Deretter aukar den totale mengda igjen, og gjer eit kjempehopp i fase 8, for så å minske frå fase 9 og utover. Hoppet i fase 8, som vi skal sjå seinare, kjem i ein fase der busetjinga på 2B+3 er på si tettaste, og er bygd opp av ei generell auke i nær sagt alle funksjonskategoriane. Likevel verkar det nesten umogleg at materialet skal auke så kraftig for ein så kort periode, og det bør undersøkast om det er særskilde arkeologiske metodar eller bevaringstilhøve som har ført til eit så skeivt bilete.

Figur 4: Mengde fragment i dei ulike hovudfasane opp til fase 10. Total mengde fragment: 9762




Det skal merkast at når eg presenterer materialet fasevis, slik som her, at dei fragmenta som etter fase 8 høyrer til i ein mellomfase (t.d. 8–9) er utelatne, fordi det er ei så stor mengde i forhold til dei føregåande fasane. Sidan dei har usikker phasedatering er utsegnsværdien deira diskutabel, og eg har dermed ikkje teke for meg desse i analysen. I fase 1–7 er artefaktar frå mellomfasar tekne med i sin føregåande fase (til dømes er fase 4–5 tekne med i fase 4).


Figur 5 viser ei prosentvis fordeling av dei ulike hovudkategoriane i dei ulike fasane. Det er interessant å legge merke til korleis einiskilde hovudkategoriar kjem til eller minskar utover i fasane. Til dømes ser vi klart når keramikkmaterialet verkeleg kjem på bana. Men i forhold til ”bustad”, ”handverk” og ”keramikk” vert mange av dei andre kategoriane så små at dei nesten ikkje er synlege. Dette kan delvis skuldast at funksjonskategorien ”bustad” omfattar så mange og ulike underkategoriar, og kategoriar som ”jakt/krig” så få underkategoriar, at det gjev eit ganske feil bilete av røynda. Til dømes er både spelebrikker, nøklar og lås, lampar, samt møbeldetaljar alle samla under fellesnemnaren ”bustad”. Eg vil kome tilbake til dette problemet under, og sjå nærmare på innhaldet i dei ulike kategoriane.

Figur 6 viser den prosentmessige fordelinga av fragmenta i dei ulike hovudkategoriane. Her ser vi at det er bustadindikerande funn og handverksindikerande funn, samt keramikkskår som er dei klart største gruppene, men at sko (og andre lêrgjenstandar) og ikkje funksjonsbestemte gjenstandar også utgjer ein god del av den totale mengda. Jordbruk og jakt, krig (og rideutstyr), samt kategorien religion inneheld svært få fragment.





Figur 6: Prosentfordeling av dei ulike hovudkategoriane (H) i fasar 1-10. 100% er alle artefaktar i éin fase.



Figur 6: Mengde fragment i dei ulike hovudkategoriane. Total mengde fragment: 9762

## 6.2 Kronologisk gjennomgang

### Fase 1 (seint 900-tal)

Denne fasen inneholdt alle funn frå fyrste aktivitetsspor på staden fram til ein gong seint på 900-talet, det vil seie at alle funn eldre enn fase 2 er inkludert i denne. I heile fase 1 er tomt 2 og 3 to åtskilte tomter, og tomt 2 strekker seg langt sørover. Alle funna er frå delfelt FA (eitt frå FU), det vil seie innanfor tomt 3 sine grenser.



Figur 7: Kart over tomt 2 og tomt 3 i fase 1. Tomt 3 har tydelege strukturar. Tomt 2 kan ha gått heilt sør mot struktur (grøft) nr 2. Den tydelege grøfta som går aust-vest er tolka som grensa mellom dei to tomtene. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.

På grunn av at det på delfelt FW berre var enkelte område som vart grave ned til steril grunn, er det vanskeleg å seie noko nærmare enn dette. Sidan tomta strekk seg lengre enn den sørlege grensa for delfeltet, finst det nok eigentleg fleire artefaktar som høyrer til tomt 2. Desse høyrer i alle høve til delfelt FJ eller FN, og har difor ikkje kome med i katalogen min. På vestsida av tomtene låg ei utbukting av Nidelva, og på tomt 3 stod det ein konstruksjon heilt i vasskanten.

Anna Petersén skriv om denne eldste fasen som vi kjenner (fram til om lag 1025) at restane etter fasen er få, og spreidde utover heile FbT. Det som utmerka seg var eigentleg berre flettverksgjerda mellom tomtene, som på såg ut til å relatere seg til

gata som gjekk tvers gjennom området. I følgje Petersén er det ikkje mogleg å seie om leivningar frå denne fasen er samtidige eller representerer ulike steg i ei utbyggingsfase, men ho hevdar at det er mogleg å sjå ”horisontar” innanfor fase 1 i seg sjølv (Petersén, 1995, s. 136-139). Den fyrste horisonten vert av Petersén karakterisert som ein ”pre-urban settlement”, og inneheld lag og konstruksjonar som har kome til direkte på den sterile grunnen. Ho trekk fram at noko som er tydeleg i fyrste okkupasjonsperioden, er at ingen kulturlag går *over* tomtegrensene, og dei kan på denne måten seiast å ha kome til *etter* tomtemarkørane (Petersén, 1995, s. 140).

Tjukkleiken og tettleiken på dei ulike laga varierer mykje over dei ulike tomtene på FbT, og det er veldig få funn på tomt 3 i forhold til enkelte andre tomter i denne horisonten (Petersén, 1995, s. 141-142). På tomt 3 meiner ho at det berre er eitt funn frå denne aller tidlegaste horisonten – det er berre nokre trepluggar. På tomt 2 er det litt fleire, men desse må kome frå FN eller FJ. Ho skriv at den sør-vestre delen av FbT (altså der 2B+3 ligg) viser nesten total mangel på lagformasjon, sjølv om den var delt inn i tomter. Ho skriv at det ser ut som berre nokre av tomtene var i bruk, medan dei andre står urørte (Petersén, 1995, s. 143). Ein kan difor seie at det ikkje finst nokon dokumentert aktivitet på tomt 3 og dei nordlegaste delane av tomt 2 heilt fyrst i busetjingsperioden av heile området. Seinare i fase 1 er saka annleis, og nokre spor av busetjing tek til å dukke opp i materialet.


| Fragment       | Fase      |          |          |           |
|----------------|-----------|----------|----------|-----------|
|                | FA        | FU       | FW       | Alle      |
| Bustad         |           |          |          |           |
| "mat"          | 28        | 1        | 0        | 29        |
| "bor"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "for"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "spi"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "lek"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "nok"          | 1         | 0        | 0        | 1         |
| "lys"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "hyg"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "per"          | 1         | 0        | 0        | 1         |
| div bustad     | 0         | 0        | 0        | 0         |
| <b>H1</b>      | <b>30</b> | <b>1</b> | <b>0</b> | <b>31</b> |
| Handverk       |           |          |          |           |
| "tek"          | 8         | 0        | 0        | 8         |
| "lar"          | 23        | 0        | 0        | 23        |
| "bel"          | 2         | 0        | 0        | 2         |
| "met"          | 1         | 0        | 0        | 1         |
| "tre"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "ste"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "ras"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "ver"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| <b>H2</b>      | <b>34</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>34</b> |
| Handel...      |           |          |          |           |
| "myn"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "vek"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "mal"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "bly"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "mrk"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "lgv"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "imp"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "pre"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| <b>H3</b>      | <b>0</b>  | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b>  |
| Jordbruk...    |           |          |          |           |
| "jor"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "hos"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "feb"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "trk"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "red"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| <b>H4</b>      | <b>0</b>  | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b>  |
| Maritim...     |           |          |          |           |
| "fis"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "syn"          | 2         | 0        | 0        | 2         |
| "bat"          | 2         | 0        | 0        | 2         |
| "vab"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| <b>H5</b>      | <b>4</b>  | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>4</b>  |
| Religion...    |           |          |          |           |
| "kri"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "vok"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "sty"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "run"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "lat"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "mus"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| <b>H6</b>      | <b>0</b>  | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b>  |
| Jakt/riding... |           |          |          |           |
| "rid"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| "vap"          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| <b>H7</b>      | <b>0</b>  | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b>  |
| Keramikk       |           |          |          |           |
| Keramikk       | 0         | 0        | 0        | 0         |
| <b>H8</b>      | <b>0</b>  | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b>  |
| Sko            |           |          |          |           |
| Sko            | 14        | 0        | 0        | 14        |
| Såle           | 2         | 0        | 0        | 2         |
| Slire          | 4         | 0        | 0        | 4         |
| Vott           | 0         | 0        | 0        | 0         |
| Sylær          | 0         | 0        | 0        | 0         |
| <b>H9</b>      | <b>20</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>20</b> |
| Ikkje avgjort  |           |          |          |           |
| Alle           | 7         | 0        | 0        | 7         |
| <b>H10</b>     | <b>7</b>  | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>7</b>  |
| <b>ALLE</b>    | <b>95</b> | <b>1</b> | <b>0</b> | <b>96</b> |

I heile fase 1 er det totalt 96 fragment av gjenstandar, fordelt på 63 N-nummer. Alle funna er heilt sikkert frå fase 1, og den største mengda artefaktar er innan bustad- og handverksindikerande funn.

Av gjenstandar som kan knytast til bustaden finst det fragment av gryter, kar, ein steikespade og to tønneband, i tillegg til ein del kokstein. Cadamarteri (2011) har identifisert éin mogleg nøkkel frå fasen.

Avfall frå lêrarbeid (23 fragment) og ei rekke sko kan tyde på produksjon her. Skoa er den enkelte typen artefakt vi har flest av frå fasen. Størsteparten av desse er av typen ”høy reimsko 1”. Marstein skriv at det er denne typen sko ein har flest av i dei tidlegaste fasane, og i forhold til andre utgravingar i Noreg er det Trondheim som har flest av typen (Marstein, 1990, s. 12). Berre éin av sko er av typen ”lav reim”, og frå heile FbT er dette den einaste (N41715). Denne er ”meget velsydd”, og viser godt handverk i den tidlegaste fasen (Marstein, 1990, s. 22-23 og 63). Ei rekke nåler, ei saks og eit spinnehjul tyder på tekstilarbeid, men nokre av desse kan kanskje like godt ha høyrte til andre typar handverk enn spinning og veving. Alle desse er funne i dei same kontekstane som både lêravfallet og skoa, og kan (sett bort frå spinnehjulet) kanskje ha vore knytt til skoproduksjonen.

Figur 8: Artefaktane i fase 1 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.




Figur 9: Tre dekorerte artefaktar frå delfelt FA i fase 1. Etter Folkvord, 2007.

Allereie i denne fyrste fasen finst det nokre dekorerte tresaker. Desse er eit lok (N40820), ein møbeldetalj (N40658) og eit vassåk (N40837). Vassåket har vorte katalogisert som den einaste personlege gjenstanden frå fasen av Nordeide (1989, s. 34-35), men at dette er ein personleg gjenstand er eg ueinig i. Folkvord skriv at dette vassåket er dekorert med Ringerikestil, med innslag av Jelling- og Mammenstil, og at dette saman gjev eit imponerande inntrykk (Folkvord, 2007, s. 56).

Det finst ikkje barneleikar frå fasen, og Nordeide har påpeika at det heller ikkje sikkert kan seiast å ha vore kvinner på tomtene, dersom grunnlag for dette er at spinning og veving er kvinneaktivitetar (Nordeide, 1989, s. 34). Dette, i tillegg til den låge mengda spor etter både bustadsindikerande funn og lite variert aktivitet, kan vi tolke som at det er usikkert om dei som oppheldt seg her budde fast på tomta i fase 1, eller om opphaldet har vore meir sesongprega.

Sidan delfelta FU og FW ikkje har funn frå fasen kan vi ikkje vite noko om *conspicuous consumption* og synlegheit i forhold til gata. Dei dekorerte gjenstandane kan vere ei vidareføring av handverks- og dekorasjonstradisjonar frå livet på bygda som eit særskild uttrykk for ”urban identitet”. Dersom det var slik at staden fungerte som ein handelsplass på sesongbasis, må vi rekne med at gjenstandane like gjerne kan

høyre til heime på bygda. Eit ynske om å framstå rikare i byen kan ha vorte uttrykt ved å ta med seg eller lage særskild fint dekorerte og flotte gjenstandar for framvising i byen.



Figur 10: Kart over tomte 2B og tomte 3 i fase 2. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.

### Fase 2 (fram til om lag 1025)

I fase 2 kjem tydelege teikn på bustadar fram i materialet, og no tok ein til å byggje leireterrassar i vatnet vestover på tomta. Tomtene er framleis delt, men tomte 2 har vorte delt, og 2B ligg innanfor mine felt. Bygningane står om lag midt på tomta, mellom vegen og lona, og begge har eldstad og moldbenk. Denne typen hus vert kalla *stove*, og er det klassiske dømet på bustadhus. Bygning 60 og 61 er dei tidlegaste av denne typen på FbT (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 179). I fase 2 har mengda gjenstandar auka kraftig frå førre fase, no har vi i alt 528 fragment, fordelt på 378 N-nummer. 70% av alle N-nummera er frå delfelt FU, 27% frå FA og dei resterande 3% frå FW.

Frå bustadkategorien har ein ei auke i mengde og variasjon: Gryter og ein del kar, bollar, lok, steikespadar og andre kjøkenartiklar. Det finst også nokre finare borddekkety i denne fasen. Keramikken dukkar opp for fyrste gong (to fragment, begge frå FU). Det eine keramikkfragmentet kan vere Grimston, og det andre er Stamford-type, begge stammar altså frå England. For fyrste gong har ein dermed utanlandsk, og ikkje minst oversjøisk importert keramikk på tomta. Dei fyrste kammane kjem også i denne fasen (5 stykk). Ein del av gjenstandane som kan knytast

til bustaden er fint dekorerte. Mellom anna kan det nemnast ei dekorert treskei med geometrisk flettedekorasjon (N95826). Av dei dekorerte tresakene er det fire stykk som har korsmotiv.

Ein snurrebass og eit treegg vert av Nordeide tolka som leikar. Åsheim har også identifisert barnesko frå FbT før 1100-talet, og det tyder på at barna var til stades i området allereie i løpet av dei fyrste hundreåra av byen sin eksistens (2011, s. 65). Då kan vi rekne med at også kvinnene var her, og kanskje er det dette auka i spinnehjul og andre tekstilreiskap representerer.


Det er handverksgruppa som er tydelegast til stades er lêrarbeidet, med 132 avkutt og 175 sko. Det er ikkje mogleg å seie noko om den faktiske plasseringa av desse på tomta, men som vi ser i tabellen er dei aller fleste frå delfelt FW. Framleis er det ”høy reimsko 1” (126 fragm.) som dominerer, men ”lav reimsko” (42 fragm.) har også vorte vanleg. Dessutan finst det ein hudsko (1 fragm.) og ”tidleg ukjent uten reim” (6 fragm.). Vi kan nok rimeleg sikkert seie at her fanst det sko til meir enn eitt hushald, og dermed har dette vore eit handelsgrunnlag. Ein kan kanskje tenke seg at ein del verkty kan ha høyrte til lêrarbeidet, slik som kniv, men det er vanskeleg å knyte desse saman med berre skoproduksjonen åleine.

Andre handelsindikerande funn frå denne fasen er to lodd på omlag 18g, men den eine har usikker fasetilknytning. Det finst to myntar med usikker fasetilknytning (fase 1–3) som eventuelt kan høyre

Figur 11: Artefaktane i fase 2 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.

| Fragment       | Fase 2     |            |           |            |
|----------------|------------|------------|-----------|------------|
|                | FA         | FU         | FW        | Alle       |
| Bustad         |            |            |           |            |
| "mat"          | 23         | 53         | 2         | 78         |
| "bor"          | 3          | 1          | 0         | 4          |
| "for"          | 1          | 0          | 0         | 1          |
| "spi"          | 1          | 4          | 0         | 5          |
| "lek"          | 1          | 0          | 0         | 1          |
| "nok"          | 5          | 1          | 0         | 6          |
| "lys"          | 0          | 1          | 1         | 2          |
| "hyg"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "per"          | 1          | 4          | 1         | 6          |
| div bustad     | 6          | 6          | 0         | 12         |
| <b>H1</b>      | <b>41</b>  | <b>70</b>  | <b>4</b>  | <b>115</b> |
| Handverk       | FA         | FU         | FW        | Alle       |
| "tek"          | 7          | 21         | 2         | 30         |
| "lar"          | 49         | 79         | 4         | 132        |
| "bei"          | 1          | 2          | 1         | 4          |
| "met"          | 1          | 3          | 0         | 4          |
| "tre"          | 2          | 3          | 0         | 5          |
| "ste"          | 0          | 2          | 0         | 2          |
| "ras"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "ver"          | 0          | 2          | 0         | 2          |
| <b>H2</b>      | <b>60</b>  | <b>112</b> | <b>7</b>  | <b>179</b> |
| Handel...      | FA         | FU         | FW        | Alle       |
| "myn"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "vek"          | 2          | 0          | 0         | 2          |
| "mal"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "bly"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "mrk"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "lgv"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "imp"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "pre"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| <b>H3</b>      | <b>2</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>  | <b>2</b>   |
| Jordbruk...    | FA         | FU         | FW        | Alle       |
| "jor"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "hos"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "feb"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "trk"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "red"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| <b>H4</b>      | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>  | <b>0</b>   |
| Maritim...     | FA         | FU         | FW        | Alle       |
| "fis"          | 0          | 1          | 0         | 1          |
| "syn"          | 0          | 5          | 0         | 5          |
| "bat"          | 2          | 2          | 0         | 4          |
| "vab"          | 1          | 0          | 0         | 1          |
| <b>H5</b>      | <b>3</b>   | <b>8</b>   | <b>0</b>  | <b>11</b>  |
| Religion...    | FA         | FU         | FW        | Alle       |
| "kri"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "vok"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "sty"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "run"          | 1          | 0          | 1         | 2          |
| "lat"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "mus"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| <b>H6</b>      | <b>1</b>   | <b>0</b>   | <b>1</b>  | <b>2</b>   |
| Jakt/riding... | FA         | FU         | FW        | Alle       |
| "rid"          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| "vap"          | 2          | 1          | 0         | 3          |
| <b>H7</b>      | <b>2</b>   | <b>1</b>   | <b>0</b>  | <b>3</b>   |
| Keramikk       | FA         | FU         | FW        | Alle       |
| Keramikk       | 0          | 2          | 0         | 2          |
| <b>H8</b>      | <b>0</b>   | <b>2</b>   | <b>0</b>  | <b>2</b>   |
| Sko            | FA         | FU         | FW        | Alle       |
| Sko            | 28         | 144        | 3         | 175        |
| Såle           | 6          | 0          | 0         | 6          |
| Slire          | 1          | 5          | 0         | 6          |
| Vott           | 0          | 0          | 0         | 0          |
| Sylær          | 0          | 0          | 0         | 0          |
| <b>H9</b>      | <b>35</b>  | <b>149</b> | <b>3</b>  | <b>187</b> |
| Ikkje avgjort  | FA         | FU         | FW        | Alle       |
| Alle           | 10         | 17         | 0         | 27         |
| <b>H10</b>     | <b>10</b>  | <b>17</b>  | <b>0</b>  | <b>27</b>  |
| <b>ALLE</b>    | <b>154</b> | <b>359</b> | <b>15</b> | <b>528</b> |

heime her. Den eine er Harald Hardråde-  
 mynt, datert 1047–1066, den andre av  
 usikker type, men datert 1065–80. Frå førre  
 fase er det ei auke i nøklar – no finst det  
 heile seks stykk. Ein har altså hatt eit behov  
 for å sikre verdiar i større omfang enn før.  
 Vil dette seie at det har vore ei auke i  
 mistillit mellom naboane langs stretet?  
 Kanskje kan ei større samansetting av  
 menneske med ulik bakgrunn ha noko med  
 dette å gjere. Det viser i alle høve at ein  
 ikkje har kjent seg heilt trygg mellom dei  
 andre bybuarane.



Figur 12: Dyrehovud i Mammenstil med runeskrift.  
 Teikning etter Folkvord, 2007.

To runefunn kjem frå fase 2, den eine inneheld eit mogleg ”amen” (N96784), den  
 andre (N40930) er ein trefigur i Mammenstil, med mannsnamnet ”Thorgeirr[...rais?]”  
 i runer. Denne kan ut frå skrivemåten daterast til 1000-talet, i følgje Hagland (1986, s.  
 16), og er funne inne i bygning 60. På grunn av dekorstil ser Folkvord denne  
 gjenstanden i samanheng med vassåket i førre fase. Denne stilen var svært populær  
 innanfor FbT, og dei fleste hadde kjennskap til den.

Det er fleire gjenstandar i fasen som er dekorerte eller  
 på andre måtar ”fine”. Mellom anna er det ei treskei  
 (N95826) med flettverksdekor. Utskjeringane på denne  
 er av svært høg kvalitet (Folkvord, 2007, s. 17).

Folkvord ser for seg at slike skeier kan ha vore for  
 flotte til å ete med, og ho meiner dei kan ha vore del i  
 gåvebyte (ibid. s. 92–93). To gjenstandar, ei skei og eit  
 lok, har korsmotiv. Fleire lok i seinare fasar har også  
 korsmotiv, og desse kan nok ha hatt ein slags  
 vernefunksjon. På grunn av det vanskelege forholdet  
 mellom bygningar og delfelt, kan ein ikkje seie noko  
 sikkert kva gjeld synlegheit ut mot gata. Dei dekorerte  
 sakene høyrer i hovudsak til heimen og aktivitetar

Figur 13: Treskei med flettverksdekor.  
 Teikning etter Folkvord, 2007.





| Fragment       | Fase 3     |            |            |            |
|----------------|------------|------------|------------|------------|
|                | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "mat"          | 41         | 100        | 39         | 180        |
| "bor"          | 0          | 29         | 1          | 30         |
| "for"          | 2          | 6          | 2          | 10         |
| "spl"          | 1          | 0          | 0          | 1          |
| "lek"          | 3          | 3          | 0          | 6          |
| "nok"          | 1          | 2          | 0          | 3          |
| "lys"          | 1          | 1          | 1          | 3          |
| "hyg"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "per"          | 5          | 6          | 2          | 13         |
| div bustad     | 3          | 8          | 3          | 14         |
| <b>H1</b>      | <b>57</b>  | <b>155</b> | <b>48</b>  | <b>260</b> |
| Handverk       | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "tek"          | 30         | 14         | 2          | 46         |
| "lar"          | 72         | 49         | 19         | 140        |
| "bei"          | 3          | 0          | 0          | 3          |
| "met"          | 7          | 8          | 0          | 15         |
| "tre"          | 1          | 1          | 1          | 3          |
| "ste"          | 0          | 1          | 0          | 1          |
| "ras"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "ver"          | 0          | 5          | 0          | 5          |
| <b>H2</b>      | <b>113</b> | <b>78</b>  | <b>22</b>  | <b>213</b> |
| Handel...      | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "myn"          | 1          | 1          | 1          | 3          |
| "vek"          | 4          | 2          | 0          | 6          |
| "mal"          | 1          | 3          | 0          | 4          |
| "bly"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "mrk"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "lgv"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "imp"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "pre"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H3</b>      | <b>6</b>   | <b>6</b>   | <b>1</b>   | <b>13</b>  |
| Jordbruk...    | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "jor"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "hos"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "feb"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "trk"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "red"          | 1          | 0          | 0          | 1          |
| <b>H4</b>      | <b>1</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>1</b>   |
| Maritim...     | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "fis"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "syn"          | 11         | 6          | 1          | 18         |
| "bat"          | 2          | 13         | 0          | 15         |
| "vab"          | 1          | 0          | 1          | 2          |
| <b>H5</b>      | <b>14</b>  | <b>19</b>  | <b>2</b>   | <b>35</b>  |
| Religion...    | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "kri"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "vok"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "sty"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "run"          | 0          | 5          | 1          | 6          |
| "lat"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "mus"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H6</b>      | <b>0</b>   | <b>5</b>   | <b>1</b>   | <b>6</b>   |
| Jakt/riding... | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "rid"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "vap"          | 2          | 1          | 1          | 4          |
| <b>H7</b>      | <b>2</b>   | <b>1</b>   | <b>1</b>   | <b>4</b>   |
| Keramikk       | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| Keramikk       | 0          | 7          | 1          | 8          |
| <b>H8</b>      | <b>0</b>   | <b>7</b>   | <b>1</b>   | <b>8</b>   |
| Sko            | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| Sko            | 54         | 65         | 29         | 148        |
| Såle           | 6          | 1          | 0          | 7          |
| Slire          | 4          | 0          | 2          | 6          |
| Vott           | 0          | 0          | 0          | 0          |
| Sylær          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H9</b>      | <b>64</b>  | <b>66</b>  | <b>31</b>  | <b>161</b> |
| Ikkje avgjort  | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| Alle           | 19         | 14         | 5          | 38         |
| <b>H10</b>     | <b>19</b>  | <b>14</b>  | <b>5</b>   | <b>38</b>  |
| <b>ALLE</b>    | <b>276</b> | <b>351</b> | <b>112</b> | <b>739</b> |

innanfor denne. Det er tenkeleg at det ligg ei stoltheit å eige slike flotte gjenstandar, jamvel om dei ikkje er synlege i det offentlege.

### Fase 3 (ca. 1025–1050)

Frå fase 2 til 3 skjer det ei drastisk endring i organiseringa av bygningane på tomtene. Tomt 2B og tomt 3 er framleis åtskilte med tomtemarkering, men begge husa på begge tomter er flytta heilt framover mot stretet. Overgangen verkar å kome veldig plutsleg, og det er tydeleg at det er langs gata den viktigaste aktiviteten går føre seg. Framleis aukar den totale mengda artefaktar, og i denne fasen er det registrert 739 fragment, fordelt på 479 N-nummer. Artefaktane er frå både FA, FU og FW.

Av bustadsindikerande funn er det ei stor auke frå førre fase, og det er også stor variasjon i typar. No er det også fleire skeier og andre dekkety og mange av desse er dekorerte. Tre sikre lampar er også frå denne fasen. Ti fragment er tolka som forrådskar av Nordeide, det vil seie at dei vart brukte til oppbevaring av mat eller drikke i ein større skala, kanskje for eit større hushald eller for oppbevaring over ein lengre periode. Det er tre nøklar frå fasen. Av sikre leikar er det funne ein leikehest, ein snurrebass og ein pilespiss, og tre andre gjenstandar. Det finst fem keramikkskår her: fire av dei kan ikkje

Figur 14: Artefaktane i fase 3 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.

typebestemmast, det siste er av den engelske Stamford-typen.

Handverksgjenstandane har også auka, og særleg er det reiskap og avfall som peikar mot lêr- og tekstilarbeid som det er fleire av enn før. Spor etter tekstilarbeid er av ein litt annan karakter enn før fordi det no er sikre spor på veving –vevlodd og skilblad. Størstedelen av tekstilreiskapane er funne på FA og FU, gjerne i tilknytning til bygning 105 og 106 på tomt 3. Lêravfallet og skoa, samt smeltinglar for metall ser også ut til å knyte seg til den same tomte. Det er i det heile få gjenstandar som knytter seg til FW. Det skal likevel merkast at delar av dei sørlege bygningane har lege på FA og FU, difor vert det feil å seie at tomt 2B ligg innanfor FW og har lite handverksspor.

No har for alvor dei handelsindikerande gjenstandane kome inn i materialet. Det er funne fleire direkte handelsindikerande gjenstandar enn før – to eller tre tellepinnar og seks lodd, samt tre myntar. Dei fleste er jamt fordelt på bygningane 105 og 106, men ein tellepinne og eit lodd er frå bygning 95. Ein av myntane er frå Köln, og er datert til 1027–1036, ein er Harald Hardråde-mynt datert 1047–1066 og den siste kan seiast å vere frå 1000-talet utan nokon nærare datering.

Figur 15: Kart over tomt 2B og tomt 3 i fase 3. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.



Synnøve Viken har identifisert tre av gjenstandane som kan kallast ”personlege” og som er av metall. Desse er eit dekorert koparhjarte (N39693), ei urnesspenne (N95822, datert 1025-1100) og ei D-forma spenne, kanskje for sko (N39642). Om spenner med urnesstil skriv Viken at dei gjerne kan sjåast i samband med ein


| Fragment       | Fase 4     |            |            |            |
|----------------|------------|------------|------------|------------|
| Bustad         | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "mat"          | 73         | 42         | 40         | 155        |
| "bor"          | 11         | 1          | 1          | 13         |
| "for"          | 2          | 0          | 1          | 3          |
| "spi"          | 3          | 0          | 1          | 4          |
| "lek"          | 1          | 2          | 2          | 5          |
| "nok"          | 4          | 0          | 0          | 4          |
| "lys"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "hyg"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "per"          | 12         | 5          | 5          | 22         |
| div bustad     | 2          | 5          | 1          | 8          |
| <b>H1</b>      | <b>108</b> | <b>55</b>  | <b>51</b>  | <b>214</b> |
| Handverk       | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "tek"          | 34         | 9          | 7          | 50         |
| "lar"          | 110        | 16         | 35         | 161        |
| "bei"          | 6          | 2          | 1          | 9          |
| "met"          | 24         | 1          | 0          | 25         |
| "tre"          | 3          | 3          | 0          | 6          |
| "ste"          | 0          | 2          | 0          | 2          |
| "ras"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "ver"          | 4          | 6          | 0          | 10         |
| <b>H2</b>      | <b>181</b> | <b>39</b>  | <b>43</b>  | <b>263</b> |
| Handel...      | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "myn"          | 3          | 0          | 0          | 3          |
| "vek"          | 3          | 0          | 1          | 4          |
| "mal"          | 1          | 1          | 0          | 2          |
| "bly"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "mrk"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "lgv"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "imp"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "pre"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H3</b>      | <b>7</b>   | <b>1</b>   | <b>1</b>   | <b>9</b>   |
| Jordbruk...    | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "jor"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "hos"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "feb"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "trk"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "red"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H4</b>      | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   |
| Maritim...     | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "fis"          | 1          | 0          | 0          | 1          |
| "syn"          | 3          | 2          | 0          | 5          |
| "bat"          | 10         | 2          | 0          | 12         |
| "vab"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H5</b>      | <b>14</b>  | <b>4</b>   | <b>0</b>   | <b>18</b>  |
| Religion...    | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "kri"          | 1          | 0          | 0          | 1          |
| "vok"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "sty"          | 1          | 0          | 0          | 1          |
| "run"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "lat"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "mus"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H6</b>      | <b>2</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>2</b>   |
| Jakt/riding... | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "rid"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "vap"          | 3          | 0          | 0          | 3          |
| <b>H7</b>      | <b>3</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>3</b>   |
| Keramikk       | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| Keramikk       | 14         | 2          | 5          | 21         |
| <b>H8</b>      | <b>14</b>  | <b>2</b>   | <b>5</b>   | <b>21</b>  |
| Sko            | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| Sko            | 26         | 17         | 28         | 71         |
| Såle           | 7          | 0          | 0          | 7          |
| Slire          | 1          | 0          | 0          | 1          |
| Vott           | 0          | 0          | 0          | 0          |
| Sylær          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H9</b>      | <b>34</b>  | <b>17</b>  | <b>28</b>  | <b>79</b>  |
| Ikkje avgjort  | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| Alle           | 12         | 5          | 12         | 29         |
| <b>H10</b>     | <b>12</b>  | <b>5</b>   | <b>12</b>  | <b>29</b>  |
| <b>ALLE</b>    | <b>375</b> | <b>123</b> | <b>140</b> | <b>638</b> |

skandinavisk tradisjon som har teke vare på dekorstilen frå vikingtida (Viken, 2009, s. 53). Hjardebleslaget og den D-forma spenna kan knytast til bygning 105. Urnesspenna er frå FW, men kan diverre ikkje knytast til noko struktur. Dekoren kan sjåast i samanheng med stilen på dei dekorerte tresakene i denne og dei to førre fasane (skeia N93503 frå FU i fase 3 har også urnesdekor). Viken skriv at det er vanskeleg å vite kva typar pyntegjenstandar som er brukt av handelsmenn eller handverkarar, ettersom desse gruppe ofte budde på same stad, og i somme høve var ein og same person, men spenner og pyntebeslag var gjerne slikt som kunne knytast til handverkarar (Viken, 2009, s. 40).

Noko av det som er interessant i utvikling av tomte frå fase 1 og opp til fase 3, er at så mange av artefaktane er dekorerte og ekstra fine. Det er vanleg å tolke dekorerte saker som eit teikn på overskot i samfunnet, særleg når dekoren ikkje naudsynt for funksjonen til gjenstanden (Folkvord, 2007, s. 90). Moglegvis freista ein å vise rikdom gjennom meir "rikt" utforma ting som ein del av å uttrykke sin påtekne identitet, til dømes tilhøyrsløse til handelsmiljøet i byen. Kanskje er det slik at ein ville markere seg i forhold til naboane sine? Dette gjev ikkje heilt meining her, fordi dei aller flest "fine"

Figur 16: Artefaktane i fase 4 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.

og dekorerte sakene er frå den bakre delen av tomtene, bortsett frå hjartebelegget og den D-forma spenna som er frå bustadhuset 105. Det kan difor sjå ut som at det ikkje var særleg viktig å uttrykke ein særskild identitet fram mot gata.



Figur 17: Kart over tomt 2B+3 i fase 4. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.

#### Fase 4 (ca. 1050–1100)

På dette tidspunktet er tomt 2B og 3 slått saman til éi stor tomt. Framleis ligg det to hus heilt i kant med vegen, men no har også dei bakre delane av tomta vorte utbygd med to hus og ei latrine. Delfelt FU er i større grad utbygd enn før, og strukturane her er generelt betre bevart enn frå tidlegare tider (Alström, 1986, s. 119). Delfelt FA er vanskeleg tolkbar, ettersom fase 4 og fase 5 eigentleg er to horisontar av den same delfeltfasen – dette er særleg tydeleg i fase 5. Fase 4 viser ein generell nedgang i mengde artefaktar, med 638 fragment, fordelt på 437 N-nummer. 58% av N-nummera er frå FA, 21% frå FU og 21% frå FW.

Det er tydeleg at det i bygning 158 har vore metallarbeid, ettersom ei heil rekke smeltediglar (15 N-nummer) og eit par støypeformer for barrar knyter seg til denne. Storparten av lêravfallet i tillegg til tekstilreiskap kan knytast til bygningen. Desse to aktivitetane er også å finne på dei andre delane av tomta, men ikkje i like stor grad. Av dei andre handverksgruppene er det ikkje mange registrerte artefaktar, og det er dermed vanskeleg å seie noko om graden og spreinga av desse.

I fase 4 er det ei auke i keramikk frå førre fase, men det er her viktig å merke at ingen av fragmenta er utelatande frå fase 4. Alle kjem frå ein overgang mellom fase 4 og 5, og om lag alle er frå delfelt FA. To av fragmenta er frå ulike tyske og engelske

keramikktypar. I tillegg er det også eit skår av den nederlandske (lavlandske) Andenne-typen. Ian Reed skriv om Andenne-keramikk at denne kan klassifiserast som ei luksusvare, og at eigarane av tomte må ha vore ganske velstående i fase 2-4 (Reed, 1990, s. 52).

Av handelsindikerande gjenstandar er det funne to tellepinnar, den eine (N91694 frå FU) har runer som seier ”Sigmund eig denne sekken”. Det er ikkje mogleg å seie noko om kva vareslag dette gjeld, men sekkar med merkelappar som denne kan ha vore hjelpemiddel i utanlandshandel og kan i somme tilfelle peike mot handel med Grønland og Island (Hagland, 1986, s. 37). Tre eller fire lodd samt tre myntar er også frå frontområdet ved stretet. To av myntane er Harald Hardråde-mynt (1047–1066), ein er datert 1065–1080.

Fleire rikt dekorerte skeier er kome til i underkategorien bordty, og alle er frå delfelt FA, med unntak av éi som er frå FU. Det finst fire eller fem nøklar i fasen, alle funne på delfelt FA. Av leikar er det fire moglege artefaktar, blant anna ein båt, to lêrballar og ein snurrebass. Av personlege gjenstandar finn vi her minst 11 kammar og ein pinsett. Det finst også eit trekors i overgangen mellom fase 4 og 5, som kanskje kan høyre til konstruksjon 158 framme ved stretet.




Figur 18: Figur 11: Malteserkors frå FA i fase 4-5. Teikning etter Folkvord, 2007.

Viken har identifisert sju gjenstandar av metall som kan høyre til drakt eller personlege pyntegjenstandar: To myntliknande beslag (N37230 og N32077), eit fireblada beslag (N95551) og eit avlangt koparbeslag (N38650), ein del av ei lenke (N38775) ein fingerring (N37884) og ei brosjé (N96160). Fire av desse (inkludert dei myntliknande beslaga) kan knytast til bygning 158. Viken har kommentert at særleg dei myntliknande beslaga kan forbindast med tillitsbygging i overgangen frå bytehandel til marknadshandel, då ho meiner at ein hadde behov for å identifisere kjøpmenn. Sidan dei fleste slike myntliknande beslag er funne i nær tilknytning til stretet, i tillegg til den sirkulære, myntliknande forma og moglegheita til å plassere desse på drakta, føreslår ho at desse kan knytast til kjøpmennene (Viken, 2009, s. 37).

Dersom vi ser på korleis alle artefaktane spreiar seg på delfelt FA, ser ein at konstruksjonen 158 er sterkt representert med heile 107 av dei 254 N-nummera frå delfeltet. Denne konstruksjonen ligg heilt inntil stretet. I fase 4 er denne stort sett

berre synleg gjennom nokre stolpar, men i neste fase er det tydeleg eit hus her. I følgje Hodkinson (1986, s. 42) er det kanskje snakk om to bygg og to fasar (her meint som i hovudfase 4 og hovudfase 5). I relasjon til denne høyrer mellom anna tre av dei rikt dekorerte skeiene, fem kammar, dei to myntliknande beslaga og den dekorerte ringen, ein dekorert møbeldetalj, maltesarkorset, 1 nøkkel, 45 læravkutt (28% av total på tomta), ein stor del av metallhandverks-gjenstandane, 12 av 78 sko og 4 keramikkskår i tillegg til vanlege bustadartefaktar.



Figur 19: Fire av dei dekorerte skeiene frå fase 4. N38151 og N38325 er frå overgangen mellom fase 4 og 5 og er funne i same lag. Desse har tilknytning til konstruksjon 158. N39119 kan knytast til det andre huset som stod fram ved stretet (152). Den siste er mogleg frå tomta i nord. Teikningar og katalognummer etter Folkvord, 2007, bind 2.

Dette viser dermed at bygningen inneheld kvantitativt mykje funn, men også funn av verdi og meir eksepsjonelle gjenstandar, som ring og medaljongar. Ut frå dette, i tillegg til at mange av dei handverksindikerande gjenstandane kjem herfrå, kan ein sannsynlegvis seie at handverket og handelen her har laga eit overskot som ein kan ha forsøkt å vise fram i form av ”rikare” gjenstandar.

## Fase 5 (ca. 1100–1150)

Tomtene vert delt mellom 3 og 2B att. Også no er tomt 3 ganske tettbygd. Fremst ved stretet i nord ligg ein bygning med langsida mot stretet.

Mellom denne og frontbygningen i sør er det ein svært smal passasje. Heilt sør på tomt 3 går det ein passasje med drenering, men noko tydeleg gardsområde kan ikkje sjåast. Tomt 2B har færre tydelege konstruksjonar –berre to stykk, og den bakarste er tydeleg brend. Også på denne tomta går det ein passasje langs tomtegrensa i sør. På denne tomta ligg det ingen bygning framme ved stretet, men her finst eit brannlag på staden der det låg ein bygning i fase 4. Brannlaget inneheld ei rekke artefaktar, og eg har tolka det som at det *kan* vere restane av eit hus i fase 5 eller 4. På alle dei tre delfelta er denne fasen eit andre nivå av delfeltfasen som utgjer hovudfase 4, og eit tydeleg skilje mellom dei to fasane finst dermed ikkje. Dette fører til, som Nordeide peikar på, eit lite representativt bilete av situasjonen på tomta (Nordeide, 1989, s. 69).


Kanskje kan det utydelege skiljet mellom dei to fasane forklare halveringa av materialet som skjer frå fase 4. Fase 5 er nemleg berre representert i artefaktane med 348 fragment, 198 N-nummer. Det er også ganske merkeleg at fleirtalet i artefaktar plutsleg har flytta seg til den bakre delen på tomta. Vi må heilt tilbake til fase to då dette var tilfellet sist, men i fase to låg også hovudmengda av konstruksjonar lenger bak på

Figur 20: Artefaktane i fase 5 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.

| Fragment              | Fase 5    |            |            |            |
|-----------------------|-----------|------------|------------|------------|
|                       | FA        | FU         | FW         | Alle       |
| <b>Bustad</b>         |           |            |            |            |
| "mat"                 | 1         | 28         | 15         | 44         |
| "bor"                 | 0         | 4          | 0          | 4          |
| "for"                 | 2         | 1          | 1          | 4          |
| "spl"                 | 0         | 3          | 2          | 5          |
| "lek"                 | 0         | 2          | 0          | 2          |
| "nok"                 | 0         | 2          | 0          | 2          |
| "lys"                 | 0         | 1          | 0          | 1          |
| "hyg"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "per"                 | 3         | 7          | 1          | 11         |
| div bustad            | 0         | 1          | 1          | 2          |
| <b>H1</b>             | <b>6</b>  | <b>49</b>  | <b>20</b>  | <b>75</b>  |
| <b>Handverk</b>       |           |            |            |            |
| "tek"                 | 3         | 11         | 3          | 17         |
| "lar"                 | 0         | 60         | 9          | 69         |
| "bei"                 | 0         | 4          | 0          | 4          |
| "met"                 | 5         | 0          | 0          | 5          |
| "tre"                 | 0         | 2          | 2          | 4          |
| "ste"                 | 0         | 1          | 2          | 3          |
| "ras"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "ver"                 | 0         | 0          | 1          | 1          |
| <b>H2</b>             | <b>8</b>  | <b>78</b>  | <b>17</b>  | <b>103</b> |
| <b>Handel...</b>      |           |            |            |            |
| "myn"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "vek"                 | 0         | 0          | 1          | 1          |
| "mal"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "bly"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "mrk"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "lgv"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "imp"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "pre"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| <b>H3</b>             | <b>0</b>  | <b>0</b>   | <b>1</b>   | <b>1</b>   |
| <b>Jordbruk...</b>    |           |            |            |            |
| "jor"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "hos"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "feb"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "trk"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "red"                 | 0         | 1          | 0          | 1          |
| <b>H4</b>             | <b>0</b>  | <b>1</b>   | <b>0</b>   | <b>1</b>   |
| <b>Maritim...</b>     |           |            |            |            |
| "fis"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "syn"                 | 0         | 0          | 1          | 1          |
| "bat"                 | 5         | 3          | 0          | 8          |
| "vab"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| <b>H5</b>             | <b>5</b>  | <b>3</b>   | <b>1</b>   | <b>9</b>   |
| <b>Religion...</b>    |           |            |            |            |
| "kri"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "vok"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "sty"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "run"                 | 1         | 0          | 1          | 2          |
| "lat"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "mus"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| <b>H6</b>             | <b>1</b>  | <b>0</b>   | <b>1</b>   | <b>2</b>   |
| <b>Jakt/riding...</b> |           |            |            |            |
| "rid"                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| "vap"                 | 0         | 1          | 0          | 1          |
| <b>H7</b>             | <b>0</b>  | <b>1</b>   | <b>0</b>   | <b>1</b>   |
| <b>Keramikk</b>       |           |            |            |            |
| Keramikk              | 0         | 0          | 0          | 0          |
| <b>HB</b>             | <b>0</b>  | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   |
| <b>Sko</b>            |           |            |            |            |
| Sko                   | 28        | 30         | 20         | 78         |
| Såle                  | 0         | 1          | 0          | 1          |
| Slire                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| Vott                  | 0         | 0          | 0          | 0          |
| Sylær                 | 0         | 0          | 0          | 0          |
| <b>H9</b>             | <b>28</b> | <b>31</b>  | <b>20</b>  | <b>79</b>  |
| <b>Ikke avgjort</b>   |           |            |            |            |
| Alle                  | 0         | 14         | 63         | 77         |
| <b>H10</b>            | <b>0</b>  | <b>14</b>  | <b>63</b>  | <b>77</b>  |
| <b>ALLE</b>           | <b>48</b> | <b>177</b> | <b>123</b> | <b>348</b> |

tomta enn i fase 5. No er delfelt FU registrert med 55% av artefaktane, FA med 21% og FW med 24%.

Nær sagt alle funksjonskategoriar ser ein nedgang frå førre fase. Det er ikkje registrert eit einaste fragment av keramikk frå fasen, jamvel om vi såg at ein hadde keramikk her i fase 4. Det finst knapt spor etter beinavfall, men lærarbeidet og tekstilarbeidet er litt tydelegare. Det er ikkje mykje å seie om materialet frå denne fasen, kva gjeld det ”vanlege” bustadsmaterialet. Likevel er det nokre litt meir unike gjenstandar her som eg har lyst å trekke fram.




Figur 21: Kart over tomt 2B og tomt 3 i fase 5. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.

Ian Reed meiner mangelen på keramikk i fase 5 er eit mysterium. Sidan 2B og 3 er delt i to att, ser han ikkje på denne mangelen som ein økonomisk nedgang. Han meiner heller at fråveret representerer ein annan karakter i aktivitet enn at eigarane har vorte fattigare (Reed, 1990, s. 52).

Viken har identifisert éi støypeform for draktbeslag (N36820). Denne kan knytast til passasjen på tomt 3. Ei slik støypeform kan vise at det har føregått framstilling av drakttilbehør på staden. Det er ikkje nokon andre gjenstandar frå fase 5 som kan seie noko om metallarbeid, men i fase 4 hadde vi ei heil rekke smeltingar og eit par former for barrar, og dei fleste av desse kunne knytast til konstruksjon 158, rett nord for passasjen der forma for beslag vart funne. Det kan difor sjå ut som støypeforma i fase 5 har ein samanheng med smeltingane i fase 4.



Frå bakre del av tomt 3 kjem ein lås og ein nøkkel. Frå same kontekst kjem også eit lodd for handel, og dei tre andre usikre lodda frå fase 5 er også frå denne delen av tomta. Her bak vart to dekorerte gjenstandar funne: ei spelebrikke (N93497) og eit spelebrett (N94068). To pinnar med runeinnskrifter, ein frå FA (N34071) og ein frå FW (N93495), kan også trekkast fram.



Figur 22: Dekorert spelebrikke og spelebrett. Teikning etter Folkvord, 2007.

Noko som elles er nemneverdig er at når stretet vert reparert i fasen, dannar det

starten på at stretet vert bygd og vedlikehalde etter midtlineprinsippet, som vil seie at eigaren på kvar side av stretet pliktar å halde sin del av stretet i orden (Nordeide, 1989, s. 65). Nordeide skriv at ei slik deling i vedlikehald aldri skjer i dei aust-vestgåande passasjane, og at vedlikehaldsprinsippet dermed er eit tydeleg skilje frå offentlege og private passasjar, altså eit tydeleg grep ovanfrå for å halde ved like handlegata. Det kan difor tenkast at stretet på dette tidspunktet hadde vorte ein så viktig offentleg arena at det vart danna lover og reglar om det. Frå fase 3 såg vi at alle hus flytta seg framover mot stretet, og i fase 4 var det frontbygget som i alle høve hadde flest artefaktar.

Det er då nærliggjande å tenkje at det på same tidspunkt vart eit auka behov for å vise tilhørsla si utover, mot eit slags publikum. I førre fase såg vi at dei myntliknande beslaga, som Viken tolka som uttrykk for handelsmenn, låg i det huset som var nærast gata og som vi kan vere ei handelsbu. Diverre er materialet frå fasen (få gjenstandar og uklare stratigrafiske forhold) for lite representativt til å kunne seie noko om tydelege identitetsmarkørar fram mot stretet.

## Fase 6 (ca. 1150–1175)

Tomt 2B og tomt 3 er framleis to skilde tomter. I frontområdet på tomt 3 ligg det også no ein bygning med langsida fram. Det er utydeleg om passasjen går nord eller sør for denne. På tomt 3 er det eit ganske stort område utan noko bygning mellom frontbygningen og midtbygningen. Bakarst er det to bygningar til, der den siste ser ut til å fortsette forbi utgravingsområdet i vest. På tomt 2B er det berre spor etter to bygningar, desse står om lag midt på tomta. Det fremste området er ikkje utgrave, og vi veit lite om aktiviteten der.

Det er ei stor auke i artefaktar frå førre fase – i fase 6 er det totalt 649 fragment, fordelt på 456 N-nummer. Særleg har mengda bustad- og handverksindikerande gjenstandar auka. Det er også meir keramikk i denne fasen enn vi har sett før. Det som er litt overraskande her, er at heile 68% av funna frå fasen kjem frå FA, medan berre 17% er frå FU og dei resterande 15% er frå FW. Dette kan forklarast med at bygningane er brende på FW og FU, men ikkje FA.

Sidan det kjem fram i rapporten frå delfelt FA kva strukturar eller omtrentleg område artefaktane kan knytast til, kan vi danne oss eit bilete på kva aktivitetar som har gått føre seg her. Eit aktivitetsområde kjem tydeleg fram i det nemnte konstruksjonstomme området like bak på nordre del av tomta.

Figur 23: Artefaktane i fase 6 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.

| Fragment       | Fase 6     |            |            |            |
|----------------|------------|------------|------------|------------|
| Bustad         | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "mat"          | 120        | 58         | 26         | 204        |
| "bor"          | 5          | 2          | 0          | 7          |
| "for"          | 1          | 0          | 0          | 1          |
| "spi"          | 5          | 1          | 2          | 8          |
| "lek"          | 6          | 1          | 0          | 7          |
| "nok"          | 6          | 0          | 0          | 6          |
| "lys"          | 0          | 1          | 3          | 4          |
| "hyg"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "per"          | 20         | 3          | 1          | 24         |
| div bustad     | 2          | 1          | 0          | 3          |
| <b>H1</b>      | <b>165</b> | <b>67</b>  | <b>32</b>  | <b>264</b> |
| Handverk       | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "tek"          | 26         | 7          | 15         | 48         |
| "lar"          | 69         | 16         | 27         | 112        |
| "bei"          | 8          | 0          | 0          | 8          |
| "met"          | 14         | 0          | 1          | 15         |
| "tre"          | 6          | 2          | 0          | 8          |
| "ste"          | 0          | 0          | 1          | 1          |
| "ras"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "ver"          | 1          | 0          | 0          | 1          |
| <b>H2</b>      | <b>124</b> | <b>25</b>  | <b>44</b>  | <b>193</b> |
| Handel...      | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "myn"          | 1          | 0          | 1          | 2          |
| "vek"          | 1          | 0          | 1          | 2          |
| "mal"          | 2          | 0          | 0          | 2          |
| "bly"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "mrk"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "lgv"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "imp"          | 1          | 0          | 0          | 1          |
| "pre"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H3</b>      | <b>5</b>   | <b>0</b>   | <b>2</b>   | <b>7</b>   |
| Jordbruk...    | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "jor"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "hos"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "feb"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "trk"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "red"          | 2          | 0          | 0          | 2          |
| <b>H4</b>      | <b>2</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>2</b>   |
| Maritim...     | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "fis"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "syn"          | 5          | 2          | 2          | 9          |
| "bat"          | 3          | 5          | 0          | 8          |
| "vab"          | 1          | 0          | 0          | 1          |
| <b>H5</b>      | <b>9</b>   | <b>7</b>   | <b>2</b>   | <b>18</b>  |
| Religion...    | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "kri"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "vok"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "sty"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "run"          | 2          | 0          | 3          | 5          |
| "lat"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "mus"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H6</b>      | <b>2</b>   | <b>0</b>   | <b>3</b>   | <b>5</b>   |
| Jakt/riding... | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| "rid"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "vap"          | 1          | 0          | 1          | 2          |
| <b>H7</b>      | <b>1</b>   | <b>0</b>   | <b>1</b>   | <b>2</b>   |
| Keramikk       | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| Keramikk       | 15         | 3          | 2          | 20         |
| <b>H8</b>      | <b>15</b>  | <b>3</b>   | <b>2</b>   | <b>20</b>  |
| Ško            | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| Ško            | 66         | 5          | 13         | 84         |
| Såle           | 10         | 0          | 0          | 10         |
| Silire         | 0          | 0          | 0          | 0          |
| Vott           | 0          | 0          | 0          | 0          |
| Sylær          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H9</b>      | <b>76</b>  | <b>5</b>   | <b>13</b>  | <b>94</b>  |
| Ikkje avgjort  | FA         | FU         | FW         | Alle       |
| Alle           | 20         | 19         | 5          | 44         |
| <b>H10</b>     | <b>20</b>  | <b>19</b>  | <b>5</b>   | <b>44</b>  |
| <b>ALLE</b>    | <b>419</b> | <b>126</b> | <b>104</b> | <b>649</b> |

60% av skoa kan knytast til dette gardsområdet, og det kan nok tenkast at dette er eit produksjonsområde. Det finst 112 avkutt av lær i denne fasen, 69 av desse er frå FA. Dei fleste av desse er faktisk funne inne i den fremste bygningen, men ein heil del kjem også frå gardsområdet bak den. Også metallhandverk ser ut til å knyte seg til den same bygningen.



Figur 24: Kart over tomt 2B og tomt 3 i fase 6. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.

Det er særleg desse to områda på FA – det fremste huset og gardsplassen vestafor – som peikar seg ut i mengde funn, men også med spesielt fine og dekorerte saker. Dersom vi ser på dei ”uvanlege gjenstandane” (som ikkje er ”vanlege” bustads- eller handverksindikerande funn) og korleis desse er fordelt på dei tre delfelta, kan vi har sjå noko ganske interessant: det er ein ulikskap i *kva type* finare og dekorerte gjenstandar som finst framme ved stretet enn lenger bak på tomta. Det knytter seg ei fare til denne sluttinga, ettersom delfelt FA ikkje er brend, medan dei andre er brende.

Nordeide trekk fram at det ser ut til å vere ei større grad av sosial stratifisering i denne fasen enn tidlegare, og at særleg FA skil seg ut som område med særleg stor grad av høgstatusgjenstandar. Desse områda har begge spor etter metallhandverk, og ho hevdar at metallhandverk og høgstatusfunn ofte finst på same plass. Ho spør om det kanskje kan vere produkta til metallarbeidaren vi har funne, eller om dette kan vere personlege gjenstandar (Nordeide, 1989, s. 77-78).

Til stretebygningen på tomt 3 kan knytast ti kammar, ei ringspenne av sølv, eit dekorert trehandtak, eit stettefat, ein tellepinne med maske, fem kokekar og eit tysk keramikkskår (Reed, 1990, s. 34), i tillegg til fire nøklar og to lås. To av nøklane kan

med sikkerheit knytast til frontbygningen. På gardsområdet bakanfor bygningen er det funne eit særleg fint metallhandtak med latinsk innskrift, ”ERIC NEDRI”, og ei dekorert bronsegrYTE, samt fem keramikkskår av den luksuriøse Andenne-typen og eit kokekar. I passasjen sør for bygningen og gardsområdet er det funne ein mynt (N31373) og eit myntliknande beslag for klesdrakt. Dette beslaget, eller ”medaljongen” som Nordeide kallar det, er av den typen som Synnøve Viken knyter til handelsmenn (Viken, 2009, s. 37).

På heile delfelt FU er det også funne ein del dekorerte saker, men desse er gjenstandar som vi heller kan knyte til bustaden enn til personlege eigedelar. Mellom anna finn vi dekorerte lagga kar, ei dekorert spelebrikke, nokre kammar, ein dekorert tallerken og ein dekorert møbeldetalj. To keramikkskår, eit kokekar og eit tysk keramikfragment, er også til stades. På FW er ein kam og ei perle det som kan reknast som ”finare” gjenstandar, samt ein mynt (N94418) datert til 1200-talet.

Ut frå denne gjennomgangen vil eg gjerne peike på det særleg rike frontområdet. Her er det både eit stort tal handverksgjenstandar i tillegg til mykje og særleg fine gjenstandar som kanskje kan knytast til handverkar- og kjøpmannslivet. Eg vil difor trekke fram moglegheita for at ein her har drive med synleg *conspicuous consumption* fram mot gata, til dømes for å vise ”rikdom” eller tilhøyrse til ei gruppe som handelsmenn. Slik konsumpsjon ville vere både skapande og uttrykkande for ein *kollektiv identitet*, som også kan spele tilbake på den *private* eller *sjølvopplevde identiteten*.

Som nemnt over kan det ikkje det seiast med sikkerheit at ein slik konsumpsjon ikkje har føregått på andre område på tomtene, ettersom bygningane her er brende. Likevel er det slik at ein brann kan føre til ein annleis arkeologi enn når ei bygning får stå til det rotnar eller vert rive. Dersom brannen ikkje har vore total og brunne husa ned heilt ned til grunnen, *kan* ein få eit meir heilskapleg bilete på kva som fanst i bygningen på dette tidspunktet. Samtidig kan brukbare ting og gjenstandar av særleg verdi ha vorte plukka ut frå brannrestane, noko som gjer at desse vil vere underrepresentert i konteksten.

| Fragment       | Fase 7     |            |            |            |
|----------------|------------|------------|------------|------------|
| Bustad         | FA/FC      | FU         | FW         | Alle       |
| "mat"          | 61         | 39         | 60         | 160        |
| "bor"          | 0          | 0          | 1          | 1          |
| "for"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "spl"          | 8          | 8          | 5          | 21         |
| "lek"          | 1          | 2          | 2          | 5          |
| "nok"          | 3          | 1          | 0          | 4          |
| "lys"          | 1          | 0          | 1          | 2          |
| "hyg"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "per"          | 8          | 5          | 27         | 40         |
| div bustad     | 0          | 1          | 0          | 1          |
| <b>H1</b>      | <b>82</b>  | <b>56</b>  | <b>96</b>  | <b>234</b> |
| Handverk       | FA/FC      | FU         | FW         | Alle       |
| "tek"          | 3          | 16         | 24         | 43         |
| "lar"          | 10         | 22         | 30         | 62         |
| "bel"          | 91         | 1          | 3          | 95         |
| "met"          | 0          | 0          | 1          | 1          |
| "tre"          | 2          | 0          | 2          | 4          |
| "ste"          | 0          | 1          | 5          | 6          |
| "ras"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "ver"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H2</b>      | <b>106</b> | <b>40</b>  | <b>65</b>  | <b>211</b> |
| Handel...      | FA/FC      | FU         | FW         | Alle       |
| "myn"          | 0          | 2          | 0          | 2          |
| "vek"          | 1          | 2          | 1          | 4          |
| "mal"          | 0          | 0          | 3          | 3          |
| "bly"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "mrk"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "lgv"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "imp"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "pre"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H3</b>      | <b>1</b>   | <b>4</b>   | <b>4</b>   | <b>9</b>   |
| Jordbruk...    | FA/FC      | FU         | FW         | Alle       |
| "jor"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "hos"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "feb"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "trk"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "red"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H4</b>      | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   |
| Maritim...     | FA/FC      | FU         | FW         | Alle       |
| "fis"          | 0          | 3          | 0          | 3          |
| "syn"          | 1          | 4          | 1          | 6          |
| "bat"          | 0          | 2          | 1          | 3          |
| "vab"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H5</b>      | <b>1</b>   | <b>9</b>   | <b>2</b>   | <b>12</b>  |
| Religion...    | FA/FC      | FU         | FW         | Alle       |
| "kri"          | 0          | 1          | 0          | 1          |
| "vok"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "sty"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "run"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "lat"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "mus"          | 0          | 1          | 0          | 1          |
| <b>H6</b>      | <b>0</b>   | <b>2</b>   | <b>0</b>   | <b>2</b>   |
| Jakt/riding... | FA/FC      | FU         | FW         | Alle       |
| "rid"          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| "vap"          | 2          | 1          | 0          | 3          |
| <b>H7</b>      | <b>2</b>   | <b>1</b>   | <b>0</b>   | <b>3</b>   |
| Keramikk       | FA/FC      | FU         | FW         | Alle       |
| Keramikk       | 121        | 77         | 54         | 0          |
| <b>H8</b>      | <b>121</b> | <b>77</b>  | <b>54</b>  | <b>0</b>   |
| Sko            | FA/FC      | FU         | FW         | Alle       |
| Sko            | 11         | 29         | 15         | 55         |
| Såle           | 2          | 6          | 3          | 11         |
| Slire          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| Vott           | 0          | 0          | 0          | 0          |
| Sylær          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>H9</b>      | <b>13</b>  | <b>35</b>  | <b>18</b>  | <b>66</b>  |
| Ikkje avgjort  | FA/FC      | FU         | FW         | Alle       |
| Alle           | 11         | 9          | 9          | 29         |
| <b>H10</b>     | <b>11</b>  | <b>9</b>   | <b>9</b>   | <b>29</b>  |
| <b>ALLE</b>    | <b>337</b> | <b>233</b> | <b>248</b> | <b>818</b> |

## Fase 7 (ca. 1175–1225)

I fase 7 vert tomt 2B+3 slått saman for godt. Dette vert den største tomta på FbT, og grensar direkte til kyrkjegarden i sør. Framme ved stretet er det spor etter to konstruksjonar. Den nordlegaste har langsida mot stretet, medan den sørlege ikkje er godt nok bevart til at ein kan seie noko om det. Mellom desse går det ein passasje som leiar inn mot eit større gardsområde. Eit stykke av denne opninga ser ut til å hatt flettverksgjerde, som gjer at det er ei veldig smal opning som skil det offentlege området ved stretet frå det private området bak på tomta.

I denne fasen er gardsområdet felles for det som før var to åtskilde tomter, og husa ligg kring dette. Bak den fremste bygningen i nord ligg det ein bygning. Heilt bak på tomta ligg det to lengre hus på kvar side av passasjen, med langsida mot denne. Vi ser dermed ei medviten omorganisering av busetjinga på tomta.

Sjølv om organiseringa av husa på tomta har endra seg, ser vi ikkje ei auke i artefaktar frå førre fase, men faktisk ein nedgang i materialet i dei fleste kategoriar. Frå fase 7 er det 818 fragment, fordelt på 451 N-nummer. 27% av dei er frå FA, 39% frå FU og 34% frå FW.

I følgje Nordeide er det ei kolossal auke i

Figur 25: Artefaktane i fase 7 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.

materialet frå heile FbT i denne fasen (1989, s. 79), men dette gjeld ikkje tomt 2B+3. Ho skriv at heile tomte har brunne, og at bygningane på delfelt FW er brend to gongar. Kanskje kan den låge mengda artefaktar vere årsaka av at tomte vart rydda opp etter brannen? I dei stratigrafiske rapportane vert det nemnt at dette kan ha skjedd (Alström, 1986, s. 135; Forsåker, 1986, s. 209). Det som derimot finst meir av enn før er keramikk, som gjer eit kjempeoppsving frå 18 N-nummer i fase 6 til 96 N-nummer (252 fragment) i fase 7, og vi kan rekne med at denne mengda kunne vore større om ikkje ei rydding av området hadde skjedd. Vi skal også sjå at ei auke i keramikkfragment held fram i neste fase, og held seg høgt utover resten av undersøkingsperioden.



Figur 26: Kart over tomt 2B+3 i fase 7. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.

Den totale mengda funn er ganske jamt fordelt på delfelta, med eit lite fleirtal på FU, altså bakerst nord på tomte. På dei tre delfelta er det også om lag like mange gjenstandar som knyter seg til bustadaktivitetar. Hovudparten av beinarbeidet knyter seg til FA, medan tekstil- og lærhandverket knyter seg om lag like mykje til FU som FW. Det finst ingen sikre teikn på tekstilarbeid på FA, med eit lite fleirtal sko på FU. Også keramikken er om lag likt fordelt.

Ut frå gjenstandsmaterialet ser det med andre ord ut som at det har vore bustadhus på alle delfelt, også på FA. Det er dei to fremste bygningane i nord som ligg på delfelt FA i perioden. Ingen av desse har hatt eldstad, men har likevel bustadsindikerande funn. Både FU og FW består av fleire bygningshorisontar. På FU blir den lange

bygningen (FU K59), (tolka som eit oppbevaringshus etter brannen i første fase (Alström, 1986, s. 132)) erstatta av ein ny bygning (294), som kan ha hatt eldstad, og flytta litt lenger fram på tomta. På FW vert ein bygning med steinfundament og moglege moldbenkar (FW K36) bytt ut med ein bygning med eldstad (FW K41), som i den siste horisonten vert bytt ut med endå ein bygning (288) som ikkje har eldstad. Desse ligg om lag på same stad. Det er difor vanskeleg å knyte særskilde aktivitetar til desse bygningane utan å gjennomgå heile den stratigrafiske informasjonen i lagkorta, noko det ikkje har vorte tid til.

Det vert ikkje heilt riktig å rekne med alle funna frå FU og FW som ein del av aktiviteten på tomt 2B+3 fordi delfelta også dekker det sør-austre hjørnet av tomta i nord og konstruksjonar frå ei sørleg tomt i dei fyrste horisontane på FW. I den seinaste horisonten på FW er også nokre av gravene frå kyrkjegarden representert.

Sjølv om ein på FA kan knyte gjenstandane til bygningane, er det ikkje mykje som kan seiast om aktivitetane her. Det er ein ganske liten del av bustadgjenstandane som kan knytast til bygning 296 eller 298, berre ni-ti gjenstandar i den fremste, fem i den neste. Det er ikkje noko som fortel eintydig om handverksaktivitet. Det er berre i den fremste av dei to det er funne keramikk i (10 fragm), av desse er to fragment av den tyske typen blaugrau (Paffrath), sju er kokekar av ulike typar og eitt er ikkje identifisert.

Av personlege og finare gjenstandar som kan knytast til desse konstruksjonane er det frå den fremste bygningen eit dekorert knivskaft, ein tregjenstand med kristen dekorasjon, ein kam og ein dekorert lås. Frå bygningen bakanfor kjem ei beltespenne av bronse, ein kam og to nøklar. Elles på FA er det funne eit beslag, eit sokalla "bar mount" (N27173), som liknar på eit funn frå London (Viken, 2009, s. 60) under passasjen, og ei beltespenne av jern. Slike spenner og andre ting av jern kan ofte ha vore belagde med finare metall, og kan tolkast som *mimicry* – etterlikningar av gjenstandar i edelmetall frå finare sosiale lag. Dette er også ei side ved *conspicuous consumption*, då éin ting eller stil vert innført av eit høgare sosialt lag, og litt etter litt vil dei i lågare lag forsøke å etterlikne dei. Som Viken påpeiker, fanst det også lover som forbaud friller og lause kvinner å bære pynt over ein viss verdi, for å vise kva stand ein høyrde heime i, og for å framheve "danne-kvinner", fattige og rike i forhold til dei lause kvinnene. Akkurat dette forbodet kom fram i ei rettarbot frå 1306, men

ein kan tenke seg at slike idear også var vanlege før den tid. Ut frå klesdrakt skulle ein altså kunne skilje sosiale grupper frå kvarandre (Viken, 2009, s. 45-48).

Det er eigentleg FU som har flest ”flotte” gjenstandar i denne fasen: Dekorerte tønnedelar, ein isbrodd, fire kammar, ein del av eit strenginstrument med runeskrifta ”ruhta” (N87523) og eit gullblikk med kristusframstilling (N87322) med motivet ”Kristus som biskop”. Dette gullblikket er framheva av Viken, som meiner at det må ha tilhøyrt nokon frå ei høgare klasse, til dømes ein geistleg eller ein rikare kjøpmann (Viken, 2009, s. 41). Delfelt FW har også nokre finare ting, som eit fat på stett, gulltrådar som kanskje er frå eit tekstilfragment, to dekorerte nåler som kan vere personlege og to importerte perler. Det er også fleire ulike typar keramikk i denne fasen enn tidlegare. I fase 6 fanst berre Andenne, blaugrau (Paffrath) og kokekar, men no har vi eit større utval enn før og særleg to av gruppene frå fase 6 har auka i mengde. Dei typane keramikk som er heilt nye på tomta er Brügge, Developed Stamford-type, Grimston, Langerwehe, raudgods frå nederlanda, London-type og sør-skandinaviske typar. Dei aller fleste nye typane dukkar opp heilt bak på tomta, men Andenne-typen, som Reed skriv kan vere luksusvare, finst på alle.

Dermed ser det ut til at det i denne fasen er dei bakre delane av tomta som har den største velstanden, og mest handverksaktivitet. Men vi kan legge merke til at dei finare gjenstandane som høyrer til klesdrakt og personleg utsmykking (beslag og beltespenner) kan knytast til delfelt FA. Ut frå materialet kan det ikkje seiast noko meir sikkert kva gjeld synlegheit mot gata og *conspicuous consumption*.

### **Fase 8 (ca. 1225–1275)**

I fase 8 er heile tomt 2B+3 intensivt utnytta. Passasjen mellom dei to frontbygga er smalare enn før. Bak frontbygget i nord ligg ein liten passasje med latrine. Det er berre dei to bakarste husa på FW som moglegvis har hatt eldstad. Den lange og relativt store bygningen på FU (347) er tolka som lager eller magasin, og kan tolkast som at det fanst eit større lagringsbehov enn tidlegare (Björdal, 2006, s. 58).

Konstruksjonen er bygd ved hjelp av ulike konstruksjonsmåtar, og er eit sjeldan døme på dette på FbT (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 173).





Figur 27: Tomt 2B+3 i fase 8. Kart etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.

Noko som er interessant på FA i fasen er at ein kan sjå eit tydeleg skilje i vedlikehaldet av stretet aust og vest for midtlina. Dette er tydeleg gjennom at trebruelegginga er utført annleis på dei to sidene, og dette kan ha vore gjort av eigarane vest og aust for stretet. I tillegg ligg plankane nord for inngangen mot tomta i motsett retning av plankane sør for passasjen. Dette kan vere eit teikn på at den nordlegaste frontbygningen var i andre hender enn den sørlege frontbygningen på tomta (Hodkinson, 1986, s. 61).

Som vist i starten av kapittelet er det fase 8 som har den klart største mengda artefaktar (jamvel om artefaktane med usikker fasetilknytning er utelatt), med 4143 fragment fordelt på 2044 N-nummer. Bygningane er ikkje brende i denne fasen, bortsett frå nokre av golvnivåa på FW. Fasen er elles bra bevart. Det verkar som den høge mengda artefaktar vert forklart på bakgrunn av den tette busetjinga og utnyttinga av tomta. Heile 51% av N-nummera er frå FU, 30% frå FA, medan det største feltet, FW, berre står for 19% (det er område på denne som ikkje er utgrevne).

Som ein kan sjå i tabellen er det handverket som er representert med flest fragment, og det er lær-, tekstil- og beinhandverket som ser ut til å ha gått føre seg i størst skala. Mengda læravfall og sko er størst på FU, og kanskje kan vi knyte ein skoproduksjon til området i den lange bygningen eller på gardsområdet mellom husa her. I tillegg ser det ut til at tekstilarbeidet har knytt seg til området bak. For beinavfallet gjeld om lag det motsette, då både FA og FU har ein del beinavkutt. Det er derimot eit tydeleg skilje i type beinavfall: På FU er det berre avkutt, medan FA har ei heil rekke halvferdige kammar. Kanskje er det ei aktivitetsfordeling vi ser her – med grovarbeidet bak på tomta og den ferdigstillande prosessen i frontbygga. Noko som er interessant er at i funksjonskategorien ”handel” knyter alle funna seg til frontbygga på FA, bortsett frå to lodd og to tellepinnar på FU. Dermed kan det sjå ut som at tekstil- og lærhandverket, den grove beinomarbeidinga og andre handverkstypar har halde til i området bak på tomta, medan kamproduksjonen og handel har vore konsentrert i frontbygga. To lås (i 349) og ein nøkkel frå området framme viser at ein har hatt behov for å gøyme bort saker som andre ikkje skulle ha tilgang til. Med bakgrunn i bygningstypane på FW, ser

Figur 28: Artefaktane i fase 8 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.

| Fragment       | Fase 8      |             |            |             |
|----------------|-------------|-------------|------------|-------------|
| Bustad         | FA/FC       | FU/FT       | FW         | Alle        |
| "mat"          | 304         | 307         | 109        | 720         |
| "bor"          | 10          | 3           | 0          | 13          |
| "for"          | 0           | 2           | 0          | 2           |
| "spi"          | 45          | 50          | 11         | 106         |
| "lek"          | 13          | 19          | 0          | 32          |
| "nok"          | 3           | 0           | 1          | 4           |
| "lys"          | 0           | 3           | 0          | 3           |
| "hyg"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "per"          | 18          | 30          | 6          | 54          |
| div bustad     | 4           | 5           | 2          | 11          |
| <b>H1</b>      | <b>397</b>  | <b>419</b>  | <b>129</b> | <b>945</b>  |
| Handverk       | FA/FC       | FU/FT       | FW         | Alle        |
| "tek"          | 72          | 120         | 24         | 216         |
| "lar"          | 106         | 397         | 288        | 791         |
| "bel"          | 270         | 219         | 25         | 514         |
| "met"          | 1           | 0           | 1          | 2           |
| "tre"          | 4           | 5           | 13         | 22          |
| "ste"          | 3           | 10          | 2          | 15          |
| "ras"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "ver"          | 4           | 4           | 0          | 8           |
| <b>H2</b>      | <b>460</b>  | <b>755</b>  | <b>353</b> | <b>1568</b> |
| Handel...      | FA/FC       | FU/FT       | FW         | Alle        |
| "myn"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "vek"          | 6           | 2           | 0          | 8           |
| "mal"          | 8           | 2           | 0          | 10          |
| "bly"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "mrk"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "lgv"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "imp"          | 0           | 1           | 0          | 1           |
| "pre"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| <b>H3</b>      | <b>14</b>   | <b>5</b>    | <b>0</b>   | <b>19</b>   |
| Jordbruk...    | FA/FC       | FU/FT       | FW         | Alle        |
| "jor"          | 1           | 1           | 0          | 2           |
| "hos"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "feb"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "trk"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "red"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| <b>H4</b>      | <b>1</b>    | <b>1</b>    | <b>0</b>   | <b>2</b>    |
| Maritim...     | FA/FC       | FU/FT       | FW         | Alle        |
| "fis"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "syn"          | 10          | 32          | 6          | 48          |
| "bat"          | 1           | 1           | 1          | 3           |
| "vab"          | 0           | 1           | 0          | 1           |
| <b>H5</b>      | <b>11</b>   | <b>34</b>   | <b>7</b>   | <b>52</b>   |
| Religion...    | FA/FC       | FU/FT       | FW         | Alle        |
| "kri"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "vok"          | 3           | 0           | 0          | 3           |
| "sty"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "run"          | 7           | 3           | 0          | 10          |
| "lat"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "mus"          | 0           | 0           | 1          | 1           |
| <b>H6</b>      | <b>10</b>   | <b>3</b>    | <b>1</b>   | <b>14</b>   |
| Jakt/riding... | FA/FC       | FU/FT       | FW         | Alle        |
| "rid"          | 0           | 0           | 0          | 0           |
| "vap"          | 5           | 0           | 0          | 5           |
| <b>H7</b>      | <b>5</b>    | <b>0</b>    | <b>0</b>   | <b>5</b>    |
| Keramikk       | FA/FC       | FU/FT       | FW         | Alle        |
| Keramikk       | 404         | 614         | 249        | 1267        |
| <b>H8</b>      | <b>404</b>  | <b>614</b>  | <b>249</b> | <b>1267</b> |
| Sko            | FA/FC       | FU/FT       | FW         | Alle        |
| Sko            | 26          | 101         | 37         | 164         |
| Såle           | 0           | 0           | 0          | 0           |
| Slire          | 1           | 6           | 1          | 8           |
| Vott           | 0           | 2           | 2          | 4           |
| Sylær          | 0           | 1           | 2          | 3           |
| <b>H9</b>      | <b>27</b>   | <b>110</b>  | <b>42</b>  | <b>179</b>  |
| Ikkje avgjort  | FA/FC       | FU/FT       | FW         | Alle        |
| Alle           | 50          | 36          | 6          | 92          |
| <b>H10</b>     | <b>50</b>   | <b>36</b>   | <b>6</b>   | <b>92</b>   |
| <b>ALLE</b>    | <b>1379</b> | <b>1977</b> | <b>787</b> | <b>4143</b> |


det ut til at den sørlege delen av tomta har vore bustadområde, jamvel om det ikkje er så mange bustadindikerande funn her. Ein lås kan moglegvis høyre til desse bustadhusa.

I tilknytning til bygning 349 vart også to vokstavler funne. Den eine, N23657, er ein av få dømer frå heile Folkebibliotekstomta på romansk dekor, ein stil som var mykje brukt i kyrkjearkitekturen frå 1000-talet. Folkvord er inne på at det å eige ei vokstavle må bety at ein kan å skrive. Kanskje har vedkomande hatt tilknytning til kyrkja eller drive med handel. Folkvord peikar på at stilprega dekorelement, til dømes den romanske, nok oftast var å finne i samfunnet sitt øvste lag (Folkvord, 2007, s. 100-101). Bortsett frå at nabotomta til 2B+3 var ei kyrkje med stor kyrkjegard, er ikkje andre gjenstandar frå fasen som peikar på ein særskild kyrkjelege samanheng. Det er dermed rimelegast å sjå vokstavla i samanheng med tellepinnane, lodda og dei ferdigproduserte kammane, som ein del av handelsverksemda på tomta. Dei flotte personlege gjenstandane kan ha gjeve uttrykk for eit overskot.

Kva meir kan ein seie om konsumet i frontområdet? Ei rekke kammar har vorte plasserte i kategorien ”personlege gjenstandar”, men desse kan også vere produkt for sal. Dei andre personlege gjenstandane er ein fingerring av messing og eit armband av kopar som er så lite at det kan ha vore for barn. Desse kan knytast til den fremste bygningen ved gata (351). Eit reimendebeslag av kopar knyter seg til stretet og eit knivskaft av tre med rankemotiv er funne ved lagerbygget (347).

Kopargjenstandane er av dei ”finaste” på heile tomta i fasen, og viser ei klar tilknytning til frontområdet. Det var også her framme spor etter kamproduksjon var. Flodin (1989, s. 129) meiner med bakgrunn i skriftlege kjelder om den låge kostnaden for kammar i Bergen, at kammakaryrket ikkje har hatt særskild høg status, og at mengda avfall og kammar på 2B+3 er lågare enn på dei andre tomtene på FbT. Det er

Figur 29: Ei av vokstavlene frå tomta. Denne har romansk dekor, og kan knytast til bygning 349. Etter Folkvord, 2007.



N23657  
KNR 18

difor med usikkerheit at ein kan sjå dei flotte gjenstandane som eit uttrykk for rikdom skapt gjennom kamproduksjon.

Uansett kva inntektsgrunnlag som ligg bak, er det tydeleg at menneska som oppheldt seg på tomta har skaffa seg høgstatusgjenstandar. Dei fleste av desse kom frå frontområdet på tomta, men også til lagerbygningen bakanfor. Begge desse områda må ha vore viktige for handelsaktiviteten. Sjølv om lagerbygget ligg inne på det vi reknar som eit privat område, kan ein sjå føre seg at varer har vorte frakta herfrå og fram mot stretet. Det vil ikkje dermed seie at *all* aktivitet mellom lagerbygningen og frontområdet har vore i samband med handelen, for passasjen mellom frontområdet leiar også bak mot bustadområdet. Dei flotte gjenstandane i seg sjølv peikar ikkje direkte på kjøpmannsidentitet, men knyter seg likevel til området der handelen kan ha gått føre seg. Her har rikdomen vorte vist fram og brukt på kroppen eller klesdrakta, og i møtet mellom handverkar eller kjøpmann og kunde har dei flotte gjenstandane kome til sin rett.

#### **Fase 9 (ca. 1275–1325)**

Fase 8 og fase 9 er av dei fasane der tomta er kraftigast busett, men det har skjedd nokre endringar i busetjingsstrukturen frå førre fase. Heile tomta har vore brend, og det er ein kraftig reduksjon av artefaktar sidan fase 8, særleg innanfor handverkskategorien. Frå fase 9 er det 1024 fragment, fordelt på 528 N-nummer. 39% av desse er frå FA, 21% frå FU og 40% frå FW.

No er frontbygningen på FA (404) vorte bygd saman til ei lang bygning som er inndelt i mindre rom. Christophersen meiner dette er ein lager-/magasinbygning særleg knytt til den offentlege næringsverksemda (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 184), medan Nordeide skriv at gjenstandane ikkje kan seie noko om kva som har vorte lagra her (Nordeide, 1989, s. 107). Frontbygningen på FW (399) er tydelegare her enn i førre fase. Bak på tomta finst det to bustadhus med eldstad og moldbenk (402 og 396).

Mangel på artefaktar frå fasen gjev inntrykk av stagnasjon, noko som er ganske overraskande når ein veit kor mykje som fanst her i førre fase. Den vanlege oppfatninga av fasen er at det har vore nedgangstider og stagnasjon generelt, og sett samanhangen med Svartedauden sitt inntog i Noreg. Kanskje kan dette vere éi side ved saken. Etersom bygningane framleis er så godt bevart, er det ikkje

bevaringstilhøva som har vorte dårlegare.

Kanskje kan mangelen på funn skuldast eit auka fokus på reinhald eller krav til dette, slik Andrén (1986) føreslo. Andrén trekk også fram skriftlege gjelder frå mellomalderens Danmark, som viser at det fanst lover frå 1200-talet for kor ofte og i kva anledningar ”mög” frå dei offentlege gatene skulle bli fjerna, og kvar det var i orden å kaste avfall. Desse krava vart skjerpa frå 1400-talet (ibid. s. 264–265). Ei slik ordning kan også ha funne stad i Trondheim og kan, saman med brannar, forklare dei tomme funksjonskategoriane her.

Det er i det heile lite vi kan seie om aktiviteten på tomta. Det ein *har* spor etter er framleis litt lêrarbeid og sko, samt noko beinhandverk. Handelskategorien er heilt tom. Tre kammar er det einaste av personlege gjenstandar, i tillegg til ein øyrering frå FA.

Keramikken er i alle høve til stades, med ei heil rekke ulike typar, men det er ingen av delfelta som merkar seg ut i noko retning med særskild mykje eller flotte funn. På grunn av den låge representativiteten er det dermed ikkje noko som kan seiast om den eigentlege konsumpsjonen på tomta, og heller ikkje fram mot stretet.

Det skal trekkast fram her at ei mengde funn ikkje med sikkerheit kan plasserast i verken fase 8 eller 9, og har vorte ekskludert frå denne

Figur 30: Artefaktane i fase 9 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.

| Fragment       | Fase 9     |            |            |             |
|----------------|------------|------------|------------|-------------|
| Bustad         | FA/FC      | FU/FT      | FW         | Alle        |
| "mat"          | 103        | 22         | 34         | 159         |
| "bor"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "for"          | 3          | 0          | 0          | 3           |
| "spi"          | 8          | 0          | 19         | 27          |
| "lek"          | 2          | 0          | 0          | 2           |
| "nok"          | 0          | 1          | 0          | 1           |
| "lys"          | 0          | 1          | 0          | 1           |
| "hyg"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "per"          | 3          | 1          | 0          | 4           |
| div bustad     | 0          | 4          | 0          | 4           |
| <b>H1</b>      | <b>119</b> | <b>29</b>  | <b>53</b>  | <b>201</b>  |
| Handverk       | FA/FC      | FU/FT      | FW         | Alle        |
| "tek"          | 6          | 4          | 3          | 13          |
| "lar"          | 30         | 19         | 109        | 158         |
| "bel"          | 42         | 49         | 78         | 169         |
| "met"          | 0          | 1          | 0          | 1           |
| "tre"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "ste"          | 1          | 0          | 5          | 6           |
| "ras"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "ver"          | 1          | 0          | 0          | 1           |
| <b>H2</b>      | <b>80</b>  | <b>73</b>  | <b>195</b> | <b>348</b>  |
| Handel...      | FA/FC      | FU/FT      | FW         | Alle        |
| "myn"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "vek"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "mal"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "bly"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "mrk"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "lgv"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "imp"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "pre"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| <b>H3</b>      | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>    |
| Jordbruk...    | FA/FC      | FU/FT      | FW         | Alle        |
| "jor"          | 17         | 0          | 0          | 17          |
| "hos"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "feb"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "trk"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "red"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| <b>H4</b>      | <b>17</b>  | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>17</b>   |
| Maritim...     | FA/FC      | FU/FT      | FW         | Alle        |
| "fis"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "syn"          | 3          | 1          | 2          | 6           |
| "bat"          | 1          | 0          | 0          | 1           |
| "vab"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| <b>H5</b>      | <b>4</b>   | <b>1</b>   | <b>2</b>   | <b>7</b>    |
| Religion...    | FA/FC      | FU/FT      | FW         | Alle        |
| "kri"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "vok"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "sty"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "run"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "lat"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "mus"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| <b>H6</b>      | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>    |
| Jakt/riding... | FA/FC      | FU/FT      | FW         | Alle        |
| "rid"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| "vap"          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| <b>H7</b>      | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>    |
| Keramikk       | FA/FC      | FU/FT      | FW         | Alle        |
| Keramikk       | 122        | 97         | 181        | 400         |
| <b>H8</b>      | <b>122</b> | <b>97</b>  | <b>181</b> | <b>400</b>  |
| Sko            | FA/FC      | FU/FT      | FW         | Alle        |
| Sko            | 6          | 2          | 3          | 11          |
| Såle           | 1          | 0          | 1          | 2           |
| Slire          | 0          | 0          | 0          | 0           |
| Vott           | 0          | 1          | 0          | 1           |
| Sylær          | 0          | 1          | 0          | 1           |
| <b>H9</b>      | <b>7</b>   | <b>4</b>   | <b>4</b>   | <b>15</b>   |
| Ikkje avgjort  | FA/FC      | FU/FT      | FW         | Alle        |
| Alle           | 21         | 6          | 9          | 36          |
| <b>H10</b>     | <b>21</b>  | <b>6</b>   | <b>9</b>   | <b>36</b>   |
| <b>ALLE</b>    | <b>370</b> | <b>210</b> | <b>444</b> | <b>1024</b> |

studien (men er med i katalogen). Nedgangen i materiale frå fase 8 kan dermed ha vore meir gradvis enn det som kjem fram i tabellane her.



Figur 31: Tomt 2B+3 i fase 9. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.



Figur 32: Tomt 2B+3 i fase 10. Etter Christophersen & Nordeide, 1994, del 2.

### Fase 10 (ca. 1325–1500)

På grunn av dårlege bevaringstilhøve og manglande konstruksjonsspor har det ikkje vore mogleg å skilje ut eigne fasar tilsvarande fase 10 og 11 på FU. Desse er difor plassert i ein mellomfase og har ikkje kome med i analysen. Det er også tydeleg frå kartet over tomta i fasen at konstruksjonane er vanskelege å tolke her, på grunn av for dårleg bevart trevirke. Det som er sikkert er at tomt 2B+3 framleis grensar direkte mot kyrkjegarden i sør. Frå fase 10 kjem 779 fragment, fordelt på 449 N-nummer. 72% av desse er frå FA, medan 28% er frå FW.

Dei dårlege bevaringstilhøva gjer at det ikkje er noko særskild som kan trekkast fram av aktivitetar – det er så vidt nokre spor etter handverk. Det einaste ”særskilde” er den store mengda keramikk, særleg frå FA. Vi må tru at bevaringstilhøva kan ha mykje å seie for at keramikken er så godt representert i forhold til dei andre kategoriane. Gravemetoden for dei seinaste laga kan også spele inn på resultatet.

| Fragment       | Fase 10    |          |            |            |
|----------------|------------|----------|------------|------------|
| Bustad         | FA/FC      | FU/FT    | FW         | Alle       |
| "mat"          | 61         | 0        | 31         | 92         |
| "bor"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "for"          | 0          | 0        | 1          | 1          |
| "spl"          | 1          | 0        | 3          | 4          |
| "lek"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "nok"          | 0          | 0        | 1          | 1          |
| "lys"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "hyg"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "per"          | 5          | 0        | 0          | 5          |
| div bustad     | 0          | 0        | 0          | 0          |
| <b>H1</b>      | <b>67</b>  | <b>0</b> | <b>36</b>  | <b>103</b> |
| Handverk       | FA/FC      | FU/FT    | FW         | Alle       |
| "tek"          | 7          | 0        | 4          | 11         |
| "lar"          | 15         | 0        | 8          | 23         |
| "bei"          | 14         | 0        | 6          | 20         |
| "met"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "tre"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "ste"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "ras"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "ver"          | 2          | 0        | 0          | 2          |
| <b>H2</b>      | <b>38</b>  | <b>0</b> | <b>18</b>  | <b>56</b>  |
| Handel...      | FA/FC      | FU/FT    | FW         | Alle       |
| "myn"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "vek"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "mal"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "bly"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "mrk"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "lgv"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "imp"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "pre"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| <b>H3</b>      | <b>0</b>   | <b>0</b> | <b>0</b>   | <b>0</b>   |
| Jordbruk...    | FA/FC      | FU/FT    | FW         | Alle       |
| "jor"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "hos"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "feb"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "trk"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "red"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| <b>H4</b>      | <b>0</b>   | <b>0</b> | <b>0</b>   | <b>0</b>   |
| Maritim...     | FA/FC      | FU/FT    | FW         | Alle       |
| "fis"          | 5          | 0        | 0          | 5          |
| "syn"          | 0          | 0        | 3          | 3          |
| "bat"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "vab"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| <b>H5</b>      | <b>5</b>   | <b>0</b> | <b>3</b>   | <b>8</b>   |
| Religion...    | FA/FC      | FU/FT    | FW         | Alle       |
| "kri"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "vok"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "sty"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "run"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "lat"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| "mus"          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| <b>H6</b>      | <b>0</b>   | <b>0</b> | <b>0</b>   | <b>0</b>   |
| Jakt/riding... | FA/FC      | FU/FT    | FW         | Alle       |
| "rid"          | 2          | 0        | 0          | 2          |
| "vap"          | 0          | 0        | 1          | 1          |
| <b>H7</b>      | <b>2</b>   | <b>0</b> | <b>1</b>   | <b>3</b>   |
| Keramikk       | FA/FC      | FU/FT    | FW         | Alle       |
| Keramikk       | 504        | 0        | 91         | 595        |
| <b>H8</b>      | <b>504</b> | <b>0</b> | <b>91</b>  | <b>595</b> |
| Sko            | FA/FC      | FU/FT    | FW         | Alle       |
| Sko            | 0          | 0        | 4          | 4          |
| Såle           | 0          | 0        | 1          | 1          |
| Slire          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| Vott           | 1          | 0        | 0          | 1          |
| Sylær          | 0          | 0        | 0          | 0          |
| <b>H9</b>      | <b>1</b>   | <b>0</b> | <b>5</b>   | <b>6</b>   |
| Ikkje avgjort  | FA/FC      | FU/FT    | FW         | Alle       |
| Alle           | 4          | 0        | 4          | 8          |
| <b>H10</b>     | <b>4</b>   | <b>0</b> | <b>4</b>   | <b>8</b>   |
| <b>ALLE</b>    | <b>621</b> | <b>0</b> | <b>158</b> | <b>779</b> |

Figur 33: Artefaktane i fase 9 si fordelig i funksjonskategoriar og etter delfelt.

### 6.3 Oppsummering av den kronologiske gjennomgangen

Etter den kronologiske gjennomgangen har vi fått eit innblikk i aktivitetane som gjekk føre seg på tomta. Ved hjelp av ei diakron og synkron analyse av både kvantitative og kvalitative sider ved artefaktane og den romlege utnyttinga av tomta har moglege sider ved *urban identitet* vorte trekt fram.

I byen si fyrstning, fram til om lag år 1050, såg vi at området vart utparsellert og dei fyrste bygningane kom til. Tydelege spor etter fast busetjing kom ikkje før i fase 2. Den fyrste stunda låg bustadhus med moldbekar og eldstadar på midten eller bak på tomta, og det var tilgang til lona i vest via leirterrassar. I fase 3 skjedde det derimot ei totalomvending i busetjingsstrukturen då husa trakk seg heilt fram mot handlegata. Om dette er ei regulering som kom av naudsyn ovanfrå eller nedanfrå kan ikkje seiast ut frå det arkeologiske materialet, men i *Kaupangen ved Nidelva* vert det peika på at Olav Tryggvasson sitt initiativ til bygrunnleggjing kunne ligge bak dette (Christophersen & Nordeide, 1994, p. 276). Det er i alle høve tydeleg at det på starten av 1000-talet utvikla seg eit viktig handelsområde framme ved *Kaupmannastretet*. Ei bygning fremst på kvar av tomtene kan ha fungert som verkstad eller handelsbuer og bustadhusa låg rett bak desse.

Frå fase 3 har vi nokre myntfunn av typen Harald Hardråde-mynt (1047-1066), ein er prega i Köln (datert 1027-1036), og den siste er ukjend, men kan ha vore prega på 1000-talet. At Hardråde-mynten (N92040) har seinare pregetid enn alderen på fase 3 (1025-1050), kan skuldast at den har vore trampa ned i eldre lag av aktiviteten på tomta, og gjer at mynten moglegvis skal plasserast i fase 4 (Risvaag, 2006, p. 133). Risvaag har slått fast at jamvel om myntane er få og relativt tidlege i byen, har dei vore nytta som standardverdi for handel. Dette kom fram som eit argument mot Nordeide sitt syn på myntane som symbol på kongen sin autoritet og regale rettigheter i byen (ibid. p. 134). Nøklar og lås er også ein del av materialet i dei tidlegaste fasane, og dette kan moglegvis tolkast som ei trong til å gøyme vekk saker –kanskje som eit resultat av ei auke i innflyttarar med ulike bakgrunnar til byen.

Christophersen og Nordeide ser to utviklingstrinn i byen sin oppkomst.

*Utviklingstrinn 1* (900-talet fram til ca. 970/980) er skildra som ei initialfase, der ei ”ikkje-agrar” busetjing dukkar opp på nord-austre del av FbT (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 266). Dette kan ha skjedd i den fyrste horisonten av fase 1 på 2B+3, som Petersén omtalte (Petersén, 1995, s. 139). Her består gjenstandsmaterialet



frå heile FbT av ein kombinasjon av gjenstandar som ein tok med frå bygda og lokalt tilførte varer. Det er ikkje spor etter fast busetjing på nokon av parsellane (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 269). I *Utviklingstrinn 2* (ca. 970/980 – ca. 1050) ser dei ei oppdeling av parsellane i mindre einingar, med funksjonsdeling i bygningsstrukturen. Dei peikar også på at handelsindikerande gjenstandar vert tydelege, og at handelsverksemda er av ein ”individualisert” karakter.

Lokalsamfunnet er prega av ei svært rask sosial, økonomisk og demografisk utvikling, som eit følgje av kongen sitt ynskje om å utøve regional styring på alle viktige område (ibid. s. 275-280).

Uansett kva motivasjonen var for å slå seg ned, såg vi at menneska har vorte fastbuande i løpet av dei tre fyrste fasane, altså det fyrste hundreåret av byen sin eksistens. Med bakgrunn i dei handelsindikerande gjenstandane som teljepinnar og mynt, samt at bygningane flytte fram mot gata langs heile *Kaupmannastretet*, er det tydeleg at det har skjedd ei kollektiv endring i menneska si oppfatning av byen. Ikkje berre vart ein no samla innanfor det same geografiske området i byen, men bygningane og aktiviteten var samla langs ei handelsgate og ein felles handelsaktivitet der. Det kan tenkast at ein *kollektiv identitet* kunne bli til under desse omstenda: på det lågaste nivået innanfor hushaldet som skulle leve av handelsverksemd, men også på eit overordna nivå der menneska langs gata hadde eit felles mål, nemleg handel.

I desse tre fyrste fasane dukka det opp nokre finare metall- og tresaker som var dekorerte i Urnes-, Ringerike- eller Mammenstil. Stilane har lang tradisjon tilbake i vikingtida, og desse kan nok knytast til bygdelivet på same tid. Eg tolka desse som eit innslag av det rurale livet i bymiljøet. Samtidig med dette trer det fram gjenstandar i materialet som er dekorerte med kors. Desse er oftast å finne på gjenstandar knytt til matlaging og heimen. Vi ser dermed at den nye religionen var til stades mellom menneska, men at korsteiknet nok fyrst og fremst var brukt som eit vernande symbol. I dei tre fyrste fasane kan vi ikkje seie noko sikkert om ei synleg framvising av konsum mot stretet, men nokre ”fine” og dekorerte gjenstandar var å finne lenger bak. Desse kan moglegvis sjåast som ein del av overskotet frå aktiviteten på tomtene, med tilknytningar til det gamle livet på bygda.

Perioden 1050–1100 (fase 4) syner ein kontinuitet og utvikling av det busetjingsmønsteret som kom fram i fase 3. I fase 4 vart tomtene 2B og 3 slått saman til éi stor. I fase 5 vart dei åtskilde att, noko som varte ut fase 6. Frontområdet av

særleg den nordlege tomt 3, syner at metallarbeidet var til stades her, og kanskje var produksjon av draktbeslag ein del av det. Spelebrikker og -brett kan tyde på at ein hadde overskot til å drive med fritidsaktivitetar. Andenne-keramikken kjem til tomta, og vert tolka som eit bevis på at dei som budde her har vore relativt velstående. Fase 5 er diverre for lite representativ til å kunne seie noko om eit synleg konsum.

Handelen er no tydeleg, både i form av myntar og merkelappar. Andre gjenstandar peikar også i retning av at dei som budde på tomtene var velstående for si tid, og ei rekkje flotte gjenstandar i frontsona kan peike på eit ynske om å uttrykke denne velstanden mot eit publikum. Det synlege konsumet kan vere eit uttrykk for det som Veblen kalla *conspicuous consumption*, der luksuriøse varer er sett på som ein måte å vise fram overskotet i både tidsoverflod og rikdom (Veblen, 1899). Dette heng saman med både *materiell identitet*, slik det vart forklart i kapittel 1, men også det å *ta på seg ein identitet* for å uttrykke ein særskild rikdom. I fase 4 og 6 fanst det nokre myntliknande beslag som kunne knytast til frontområdet, og Viken meinte at desse kunne vere uttrykk for tilliten som var lagt til handelsmennene her (Viken, 2009, s. 37). Beslaga kan ha vore uttrykk for ein *kollektiv identitet* mellom handelsmenn. Eit slikt teikn på at ein var godkjend som handelsmann ville ha vore styrkande og identitetsskapande for den som bar symbolet, og ville spela inn på sjølvoppfatninga og den *personlege identiteten* til personen.

I *Kaupangen ved Nidelva* er *utviklingstrinn 3* (ca. 1050 – 1150) skildra som ein periode med kraftig auke og differensiering i materialet. Handverket vert meir stabilt knytt til visse parsellar. Det er også ei stor auke i handelsindikerande funn over heile FbT. Oppkomsten av bygningstypen *buer* er også tydeleg, og desse kan ha vore meint for utleige (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 280-281). Folkeauka i byen kan også sjåast i samanheng med den hektiske kongelege byggjeaktiviteten, samt at fleire pilegrimar tok turen til Olav den Heilage sin kvilestad og at bispesetet vert oppretta under Olav Kyrre. Innanfor dette utviklingstrinnet gjekk det også føre seg ein sosial endringsprosess som hadde starta allereie på 1000-talet. Konsekvensane av desse skulle bli tydelege fyrst på 1200-talet då norske bønder hadde gått frå å vere sjølveigarar til å vere leiglendingar (ibid. s. 282-283).

Frå midten av 1100-talet (frå og med fase 6) tek verkeleg mengda artefaktar til å auke, og parsellarealet vert utnytta i større grad enn før. Særleg i fase 8 og 9 er tomta sterkt utbygd, og vert slått saman til éi stor. Kanskje kan dette henge saman med ei

tilflytting av menneske til byområdet. Fase 7 er breid, men framleis er det tydeleg at nokre av dei som budde her levde i velstand. Det finst grunnar til å tru at frontområdet særleg på tomt 3 var område for kamproduksjon, medan lær- og tekstilarbeidet fann stad lengre bak på tomta. Fleire større bygningar i fase 8 og 9 kan tyde på at handelsverksemda var så stor at ein hadde behov for heile hus til produksjon eller oppbevaring. I analysen såg vi at menneska som oppheldt seg på tomta eigde høgstatusgjenstandar. To vokstavler kunne knytast til frontområdet, og kan ha vore eit verkty i handelsaktiviteten. Alt i alt verkar aktiviteten å ha vore fokusert på handel, og frontområdet bør sjåast som ein del av det offentlege området for handelsaktivitet.

Bustadane på tomta er i fase 8 og 9 klemt saman på den bakre delen av tomta. Christophersen ser desse tilbaketrekte stovebygningane som ein strategi om etablering og skjerming av ei privat sfære, der ein kunne leve eit liv etter normer og konvensjonar utan så mykje omsyn til verda utanfor. Dette kan ha vore ein verknad av det urbane rommet si aukande oppdeling i meir avgrensa og tettare fysiske miljø, som må ha medført ei aukande grad av "crowding". Årsaken kan ha vore ein konfrontasjon mellom den gamle samfunnsforma og den nye "urbane" levemåten, skriv han (Christophersen, 2001, s. 58). Bjørdal har også påpeika det same, og skriv at ein har manipulert den romlege organiseringa for å verne om bustaden sin private karakter (Bjørdal, 2006, s. 64).

Fase 9 (ca. 1275 – 1325) og 10 (ca. 1325 – 1500) er av ulike årsakar for lite representerte i gjenstandsmaterialet til at vi kan seie noko om konsumpsjonen i tida etter 1275. Dette samsvarer delvis med *utviklingstrinn 4* (ca. 1150 – 1325) og *utviklingstrinn 5* (ca. 1325 – ca. 1500+) i *Kaupangen ved Nidelva*. I starten av trinn 4 vart erkebispetet i Trondheim etablert, noko som førte til ei endring den urbane økonomien og kyrkjeorganisasjonen, som er synleg gjennom at ei kyrkje med kyrkjegard breia seg utover det allereie tronge området ved *Kaupmannastretet*. Kyrkja var ein av dei viktigaste samfunnsinstitusjonane i mellomalderen, og det må ha vore viktig for kyrkja å styrke kontrollen sin i byen, både fysisk og åndeleg (Christophersen & Nordeide, 1994, s. 286). Dette har vi ikkje mange spor av i gjenstandsmaterialet på tomt 2B+3, jamvel om den nærmaste naboen i sør nettopp var kyrkja. I utviklingstrinn 5 vert stagnasjon og nedgangstider trekt fram. Forfattarane er som meg inne på at nedgangen i materialet kan skuldast eit auke i reinhald (ibid. s. 289).

Det skjer altså ei intensivering av både bygningsstrukturen og gjenstandsmaterialet frå fase 6. På dette tidspunktet er handelsaktiviteten den som tek mest plass fysisk på tomte, og heile vera til menneska i byen har vore orientert mot det offentlege gaterommet. Samstundes vart bustadområdet og den private sfæra mindre. Kva skjer med *identiteten* i ein slik samanheng? Vi har tidlegare sett at eit borgarskap vaks fram gjennom ulike handelsprivilegium. Desse var sannsynlegvis dei same som hadde vore husfaste menn tidlegare, og utgjorde det øvste sjiktet i bysamfunnet. Seinare inkluderte borgarskapet også menn som ikkje hadde vore husfaste før, men som vart småhandlarar, handverkarar og utlendingar (Helle, 2006, s. 137-138; Blom, 1981). Innanfor desse gruppene kan ein særskiljande identitet ha oppstått.

## Kapittel 7: Urban identitet – fanst det?

Gjennom ei analyse med fokus på synkrone, diakrone, kvantitative og kvalitative sider ved materialet frå tomtparsell 2B+3 frå Folkebibliotekstomta, har det i denne studien vore undersøkt om det fanst ein *urban identitet* i mellomalderens Trondheim. Studien har vore eit døme på korleis arkeologien, saman med sosiologiske teoriar og innslag av historiske kjelder, kan nyttast i eit slikt spørsmål. Ut frå ei rekke parameter kring dei ulike tydingane av omgrepet *identitet*, har eventuelle uttrykk for denne vorte diskutert. Parametrane var *individuell* eller *personleg identitet*, *relasjonell identitet*, *kollektiv identitet* og til slutt *materiell identitet*. Teoriane til sosiologar som Pierre Bourdieu, Anthony Giddens, Thorstein Veblen og Fredrik Barth har vorte nytta.

Problemet ved å nytte så nye omgrep på eit mellomaldersk material har vorte trekt fram, men det har likevel vorte argumentert for at identitetar *har funnest*, jamvel om karakterane av desse er andre enn i dag. Det har også vorte freista å finne motiv eller behov for å uttrykke ein viss identitet, og moglegvis kan mange av dei store strukturelle endringane i det mellomalderske samfunnet ha vore utløysande faktorar. Når reglar og ressursar vert endra, vert dei sosiale handlingane også endra, noko som fører til omorganisering av strukturane (Giddens, 1984, s. 19). Slike endringar har vore til stades i Trondheim i form av borgarkrigar, nye privilegium for handelsmenn, møter med utlendingar og liknande. Samfunnet vart meir og meir hierarkisk og ei sosial elite kom på bana gjennom særskilde privilegium. I ei slikt samfunn kan det tenkjast at det lett vart skapt gnissingar mellom dei ulike gruppene. Kyrkja sin fysiske og ideologiske nærleik i byen og kongen sin auka kontroll over handelen kunne også føre til store usemjer. Det er desse spenningane som kan ha vore drivkrefter for å uttrykke ein særskild identitet.

Gjennom analysen har vi sett på dei spora som vi har etter menneska som budde på tomt 2B+3. Den romlege manipulasjonen av og på parsellen har endra seg frå byen sin start og fram mot 1500-talet. Særskilde bygningstypar fekk eigne funksjonar og aktivitetane laut organiserast etter det tilgjengelege rommet og dei ulike normene som fanst kring desse. Det offentlege området kring handlegata synast å ha vore viktig i både lokalisering av handverksaktivitetar og handelsverksemd. På denne måten har bybuarane produsert rommet i byen, innanfor dei grensene som var tilgjengelege. Dette er omstende som var heilt unike for bymiljøet i mellomalderen.

Dei ulike formene for *identitet* kan ha vore til stades mellom bybuarane, men også mellom dei øvrige i byen. Ein kollektiv identitet kan særleg ha vore til stades innanfor handels- og handverksmiljøet, og i somme tilfelle kan denne ha vorte signalisert ved bruk av eigne symbol (til dømes myntliknande beslag). Dei fattige og dårlegare stilte har vi naturlegvis ikkje tydelege spor av i det arkeologiske materialet, men kanskje har kjensla av å vere ekskludert frå delar av bymiljøet vore identitetsskapande på andre måtar. Ein påteken materiell identitet kunne vere synleg i det offentlege bymiljøet, der menneska har freista å gjere uttrykk for velstanden anten den var reell eller ikkje. I følge *conspicuous consumption* vil ein nemleg alltid freiste å nå opp på eit høgare nivå av velstand. I rommet mellom offentleg og privat har også dei utanfor tomta, altså ”publikummet”, laga sine eigne oppfatningar om til dømes personen i handelsbua, og tilskrive vedkomande ein identitet. Dette samspelet av ulike kontekstar i byen og dei ulike rollene som individet har tatt del i, kan ha verka tilbake på og endra den sjølvopplevde eller personlege identiteten. Dette vil ha vore tilhøve som var utbreidd også på dei andre tomtene og langs dei andre gatene i byen, og slike element kan ha vore med på å skapt det leveviset vi i dag kalle urban identitet.

Ved bruk av parametrane over kan vi tenkje oss korleis dei ulike identitetane har vorte til i ulike nivå av det mellomalderske samfunnet i Trondheim. Vi kan tenkje oss motiv for og måtar desse kan ha vorte uttrykte på. Til slutt må vi hugse at identitetane som vi leitar etter i alle høve berre har eksistert i hovudet til dei mellomalderske menneska. Det er materialiserte idear og meiningar som vert til gjenstandar, som i somme tilfelle vert til arkeologisk kjeldemateriale. Studien har vore ei leiting etter *urbane identitetar*. Jamvel om vi tek i bruk ei rekke sosiologar sine teoriar i diskusjonen, kan vi truleg ikkje følgje denne tråden lengre enn hit.

## Litteratur

- Alström, U. (1986). Fält FU och FT. I U. Alström, & B. J. Hodkinson, *Stratigrafisk analyse: Delfelt FA, FU og FT* (s. 93-211). Trondheim: Riksantikvaren, Utgravningskontoret for Trondheim.
- Alström, U. (1991). Hus og gård i Olavs vård. Trondheim ca 990-1300. *Occasional Papers in Archaeology*, 2, s. 1-72.
- Andersson, H., Hansen, G., & Øye, I. (2008). *De første 200 årene: nytt blikk på 27 skandinaviske middelalderbyer*. Bergen: Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Andrén, A. (1986). I städernas undre värld. I A. Andrén, M. Anglert, M. Anglert, U.-B. Ekstrand, L. Ersgård, H. Klackenberget, et al., *Medeltiden och arkeologin. Festskrift till Erik Cinthio*. Lund: Sandby Grafiska.
- Andrén, A. (1995). Signs of Communities. The Iconography of Early Towns in Denmark. *Meddelanden från Lunds universitets historiska museum 1993-1993. New Series*, 10, 9-20.
- Andrén, A. (1989, September). State and Towns in the Middle Ages: The Scandinavian Experience. *Theory and Society*, 18 (5: Special Issue on Cities and States in Europe, 1000-1800), s. 585-609.
- Anglert, M., & Larsson, S. (2008). Landskapets urbanitet och urbanitetens landskap. I H. Andersson, G. Hansen, & I. Øye, *De første 200 årene: nytt blikk på 27 skandinaviske middelalderbyer* (s. 303-322). Bergen: UBAS - Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter. Nordisk 5.
- Antonsen, E. I. (2011). *Hestene i Trondheim: en arkeologisk analyse av middelaldersk hesteutstyr og andre "hesterelaterte" spor fra byen*. Trondheim: Masteroppgåve i arkeologi. NTNU - Institutt for arkeologi og religionsvitenskap.
- Appadurai, A. (1986). *The social life of things: commodities in cultural perspective*. (A. Appadurai, Red.) Cambridge: Cambridge University Press.
- Åsheim, L. (2011). *Barnas Trondheim. Sosialtopografi og demografi belyst gjennom arkeologisk materiale fra middelalderens Trondheim*. Trondheim: Masteroppgave i arkeologi, NTNU.
- Barth, F. (1969). *Ethnic groups and boundaries. The social organization of culture difference*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berge, R. (2005, November). Trondheim bymark - takmark og utmark. (S. W. Nordeide, Red.) *Fra vernesone til risikosone. Studier i middelalderbyene Bergen og Tønsbergs randsoner*, 61-67.
- Bergquist, U. (1989). *Gjutning och smide. Metallhandverkets utveckling i Trondheim ca 1000-ca 1350*. Trondheim: Riksantikvaren. Utgravningskontoret for Trondheim.

- Bernhardt, H. B. (2003). *Et lyspunkt i tilværelsen: klebersteinslamper og ildsteder fra middelalderens Trondheim*. Trondheim: Hovedoppgåve i arkeologi. NTNU.
- Björdal, E. (2006). *Å leve med byen -trekk ved framveksten av det urbane Trondheim*. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU).
- Blom, G. A. (1981). Handelsprivilegier. I *Kulturhistorisk Leksikon for Nordisk Middelalder fra vikingtid til reformasjonstid* (Vol. 2, s. 147-149). Danmark: Rosenkilde og Bagger.
- Blom, G. A. (1997). *Trondheims historie 997-1997. Bind 1: Hellig Olavs by. Middelalder til 1537*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bourdieu, P. (1977). *Outline of a Theory of Practice* (Vol. 16). Cambridge: Cambridge University Press.
- Brun, W. (2001). *Mellomalderarkeologi i teori og praksis: ei drøfting av anvendte metoder ved tre utgravingsprosjekter i Norge*. Tromsø: Universitetet i Tromsø -hovedfagsoppgåve i arkeologi.
- Cadamarteri, J. P. (2011). *Lås og nøkler som aktanter i middelalderens Trondheim. Disiplinering og tillitsbygging belyst gjennom materiale fra middelalderens Trondheim*. Trondheim: Masteroppgave i arkeologi, NTNU.
- Carelli, P. (2001). *En kapitalistisk anda: kulturella förändringar i 1100-talets Danmark*. Stockholm: Almquist & Wiksell International.
- Carroll, L. (2002). Consumer choice. (C. Orser, Red.) *Encyclopedia of historical archeology*, 126-129.
- Christophersen, A. (2001). Bóndi, bæjarmaðr, burghere. Om folk, hus og framveksten av urban identitet i norske byer ca 1000-1700. I A. Andrén, L. Ersgård, & J. Wienberg, *Från stad till land. En medeltidsarkeologisk resa tillägnad Hans Andersson* (Vol. 29, s. 51-61). Lund: Lund Studies in Medieval Archaeology.
- Christophersen, A. (1990). Dwelling Houses, Workshops and Storehouses. Functional aspects of the development of wooden urban buildings in Trondheim from c. A.D. 1000 to A.D. 1400. *Acta Archaeologica*, 60.
- Christophersen, A., & Jondell, E. (1988). Feltundersøkelsene 1973-85. I A. Christophersen, E. Jondell, S. W. Nordeide, & I. W. Reed, *Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Meddelelser nr 13 del 1. Utgravning, kronologi og bebyggelsesutvikling* (s. 9-37). Trondheim: Riksantikvaren, Utgravningskontoret for Trondheim.
- Christophersen, A., & Nordeide, S. W. (1994). *Kaupangen ved Nidelva*. Trondheim: Riksantikvarens skrifter nr 7.
- Christophersen, A., & Nordeide, S. W. (1994). *Kaupangen ved Nidelva, del 2*. Trondheim: Riksantikvarens skrifter nr 7.
- Darvill, T. (2009). *Concise Oxford Dictionary of Archaeology*. USA: Oxford University Press.



- Engtrø, D.-Ø. H. (2005). *Bruk av epigrafisk skrift i middelalderens Trondheim: med utgangspunkt i kontekstuell analyse av runeinnskrifter på Nidarosdomen og fra bygrunnen*. Trondheim: NTNU -Masteroppgåve i arkeologi.
- Enoksen, M. (2009). *Kammakeren: en studie av kvalitet, flid og ferdigheter i håndverket belyst gjennom kammer fra middelalderens Trondheim*. Trondheim: Masteroppgåve i arkeologi. NTNU -Institutt for arkeologi og religionsvitenskap.
- Fahre, L. (1998). *Livet leker! -en studie av leketøysmaterialet fra folkebibliotekstomten i Trondheim, som er datert til perioden 970-1500*. Oslo: Hovedfagsoppgave i nordisk arkeologi. Universitetet i Oslo.
- Flodin, L. (1989). *Kammakeriet i Trondheim. En kvantitativ analys av horn- og benmaterialet från Folkebibliotekstomten*. Trondheim: Riksantikvaren, Utgravningskontoret i Trondheim.
- Folkvord, A. (2007). *Dekorerte tresaker fra Folkebibliotekstomta i Trondheim. Bind 1: Beskrivelse, analyse og vurdering*. Oslo: Hovudfagsoppgåve i kunsthistorie. Universitetet i Oslo.
- Folkvord, A. (2007). *Dekorerte tresaker fra Folkebibliotekstomta i Trondheim. Bind 2: Katalog*. Oslo: Hovudfagsoppgåve i kunsthistorie. Universitetet i Oslo.
- Forsåker, A.-L. (1986). Fält FW, omfattar också FN-norra delen och FJ-norra delen. I A.-L. Forsåker, & H. Göthberg, *Stratigrafisk analyse: Delfelt FJ, FN og FW* (s. 153-286). Trondheim: Riksantikvaren, Utgravningskontoret for Trondheim.
- Giddens, A. (1984). *The Constitution of Society: Outline of the Theory of Structuration*. Berkeley and Los Angeles: Univ of California Press.
- Gundersen, J. (2000). *Havn og sjøfart på Nidarneset 700-1681: forskningsstatus og kunnskapsbehov fra et maritimt perspektiv*. Trondheim: NTNU -Hovudoppgåve i arkeologi.
- Gustin, I. (2004). Mellan gåva och marknad: handel, tillit och materiell kultur under vikingatid. *Lund studies in medieval archaeology*, 34, 1-360.
- Hagen, K. G. (1994). *Profesjonalisme og urbanisering. Profesjonalismeproblemet i håndverket belyst ved et tekstil- og vevloddsmateriale fra middelalderens Trondheim fra 1000-tallet frem til slutten av 1300-tallet* (Vol. 16). Oslo: Universitetets Oldsaksamlings Skrifter. Ny rekke.
- Hagland, R. (1986). *Runefunna: Ei kjelde til handelen si historie*. Trondheim: Riksantikvaren. Utgravningskontoret i Trondheim.
- Hansen, G. (2005). *Bergen c 800-c 1170: The Emergence of a Town* (Vol. 6). Bergen: Fagbokforlaget.
- Hansen, L. I., & Olsen, B. (2004). *Samenes historie fram til 1750*. Cappelen akademisk forlag.
- Høgseth, H. B. (1998). *Middelalderske bygningslevninger som kunnskapsformidler: tømmerhus i Nidaros som material- og kulturhistoriske dokument i tiden ca. 1025 til 1475 e.Kr.* Trondheim: NTNU -Hovudoppgåve i arkeologi.

- Helle. (2006). Del 1. Fra opphavet til omkring 1500. I K. Helle, F.-E. Eliassen, J. Myhre, & O. Stugu, *Norsk byhistorie. Urbanisering gjennom 1300 år* (s. 23-142). Oslo: Pax forlag.
- Helle. (2006). Innledning: Byen som historisk fenomen. I K. Helle, F.-E. Eliassen, J. E. Myhre, & O. S. Stugu, *Norsk byhistorie. Urbanisering gjennom 1300 år* (s. 9-19). Oslo: Pax Forlag.
- Helle, K., Eliassen, F.-E., Myhre, J., & Stugu, O. (2006). *Norsk byhistorie. Urbanisering gjennom 1300 år*. Oslo: PAX Forlag A/S.
- Hicks, D. (2010). The Material-Cultural Turn: Event and Effect. I D. Hicks, & M. C. Beaudry, *The Oxford Handbook of Material Culture Studies* (s. 25-98). Oxford: OUP.
- Hodder, I., & Hutson, S. (2003). *Reading the past: current approaches to interpretation in archaeology*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hodkinson, B. J. (1986). Site FA (incorporating FB and FC). I U. Alström, & B. J. Hodkinson, *Stratigrafisk analyse: Delfelt FA, FT og FU* (s. 11-92). Trondheim: Riksantikvaren, Utgravningskontoret for Trondheim.
- Hoskins, J. (2006). Agency, Biography and Objects. I C. Y. Tilley, W. Keane, S. Küchler, M. Rowlands, & P. Spyer, *Handbook of Material Culture* (s. 74-85). London: SAGE Knowledge.
- Johnson, M. (2010). *Archaeological Theory*. Singapore: Wiley-Blackwell.
- Kopytoff, I. (1986). The cultural biography of things: commoditization as process. I A. Appadurai, *The social life of things. Commodities in cultural perspective* (s. 64-91). Cambridge: Cambridge University Press.
- Larsson, S. (2009). Mellan Birger Jarl och Burger King. I M. Mogren, M. Roslund, B. Sundnér, & J. Wienberg, *Triangulering. Historisk arkeologi vidgar fälten* (s. 147-158). Lund: Lund studies in historical archaeology. Institutionen för arkeologi och antikens historia, Lunds universität.
- Larsson, S. (2000). *Stadens dolda kulturskikt. Lundaarkeologins förutsättningar och förståelsehorisonter uttryckt genom praxis för källmaterialsproduktion 1890-1900*. Lund: Kulturhistoriska museet.
- Lefebvre, H. (1991). *The Production of Space* (27. utg.). (D. Nicholson-Smith, Omset.) Oxford: Blackwell.
- Loktu, L. (2009). *Krittpiper som habitus. En historisk-arkeologisk studie med spesielt hensyn til 1600-tallets Trondheim*. Trondheim: Masteroppgave i arkeologi, NTNU.
- Lunde, Ø. (1977). *Trondheims fortid i bygrunnen: middelalderbyens topografi på grunnlag av det arkeologiske materialet inntil 1970*. Trondheim: Adresseavisens forlag .
- Marstein, O. (1990). *Sko og andre gjenstander i lær -en typologisk analyse*. Trondheim: Riksantikvaren, Utgravningskontoret for Trondheim.

- McLees, C. (1990). *Games People played. Gaming-pieces, boards and dice from excavations in the medieval town of Trondheim, Norway*. Trondheim: Riksantikvaren. Utgravningskontoret i Trondheim.
- Miller, D. (2006). Consumption. I C. Y. Tilley, W. Keane, S. Küchler, M. Rowlands, & P. Spyer, *Handbook of Material Culture* (s. 341-355). London: SAGE Knowledge.
- Molaug, P. B. (2001). *Evaluering av arkeologiske utgravninger i norske middelalderbyer 1970-1999*. Norsk institutt for kulturminneforskning. Oslo: NIKU Publikasjoner 112.
- Neustupny, E. (1993). *Archaeological method*. New York: Cambridge University Press.
- Nordeide, S. W. (1989). "...De beste bønder i kjøbstæden..." *En funksjons- og aktivitetsanalyse basert på gjenstandsmaterialet*. Trondheim: Riksantikvaren, Utgravningskontoret for Trondheim.
- Nordeide, S. W. (2003). *Erkebispegården i Trondheim: beste tomte i by'n*. Oslo: Norsk institutt for kulturminneforskning.
- Nordeide, S. W. (1988). Relativ kronologi og faseinndeling. I A. Christophersen, E. Jondell, S. W. Nordeide, & I. W. Reed, *Fortiden i Trondheim bygrunn: Folkebibliotekstomten. Meddelelser nr 13 del 1. Utgravning, kronologi og bebyggelsesutvikling* (s. 38-61). Trondheim: Riksantikvaren, Utgravningskontoret for Trondheim.
- Nordeide, S. W. (2000, Februar). Utgravningene i Erkebispegården i Trondheim. *NIKU Temahefte nr 12*, s. 1-222.
- Nurmi, R. (2011). *Development og the urban mind -an object biographical approach, the case study of the town of Torio, northern Finland*. Oulu: University of Oulu.
- Odner, K. (2005). *Thorstein Veblen. Forstyrrelsen av den intellektuelle fred*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Olsen, B. (1997). *Fra ting til tekst*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Petersén, A. (1999). Interaktiv arkeologi - samband mellan fynd och stratigrafi. *Att tolka stratigrafi - Det tredje nordiska stratigrafimötet Åland 1999*, 11, 174-185.
- Petersén, A. (1995). The Nature of Deposits from a Pre-Urban Settlement. An analysis of the material from the "Library Site" in Trondheim, Norway. *Meddelanden från Lunds universitets historiska museum 1993-1994. New Series*, 10, 135-144.
- Reed, I. (1990). *1000 years of pottery. An analysis of pottery trade and use*. Trondheim: Riksantikvaren. Utgravningskontoret i Trondheim.
- Reed, I. W. (1990). *1000 years of pottery. An analysis of pottery trade and use*. Trondheim: Riksantikvaren. Utgravningskontoret i Trondheim.
- Risvaag, J. (2006). *Mynt og by: myntens rolle i Trondheim by i perioden ca. 1000-1630, belyst gjennom myntfunn og utmynting*. Trondheim: Avhandling (dr.philos). NTNU -Institutt for arkeologi og religionsvitenskap.

- Rosén, C. (2004). Stadsbor och bönder. *Lund Studies in Medieval Archaeology* (35), s. 1-300.
- Roslund, M. (1997). På drift i tid och rum? Om informationspotentialen i komposita dokumentationsmaterial. *META medeltidsarkeologisk tidsskrift* , 3, 37-53.
- Roslund, M. (1995). Tools of Trade. Spatial Interpretations of Trade activities in Early Medieval Sigtuna. *Meddelanden från Lunds Universitets Historiska Museum, New Series* (10), 145-157.
- Roslund, M. (2009). Varuutbyte och social identitet. Alsengemmer som emblematisk stil. I M. Mogren, M. Roslund, B. Sundnér, & J. Wienberg (Red.), *Triangulering. Historisk arkeologi vidgar fälten* (Vol. 11, s. 217-242). Lund: Lund Studies in Historical Archaeology.
- Sandvik, P. U. (2006). *Frå Nidarosen til Nidarneset: Ein integrert naturvitskapleg-arkeologisk-historisk rekonstruksjon av framveksten av Trondheim*. Trondheim: Doktoravhandling, NTNU.
- Scarlett, T. J. (2002). Consumption. (C. Orser, Red.) *Encyclopedia of historical archaeology* , 129-132.
- Schiffer, M. B. (1996). *Formation processes of the archaeological record* (Vol. 2). Salt Lake City: University of Utah Press.
- Schmidt Sabo, K. (2005). *Den medeltida byns sociala dimensioner*. Lund: Riksantikvarieämbetet UV. Akademisk avhandling för avläggande av filosofie doktorsexamen i medeltidsarkeologi - Lunds universitet.
- Skaare, K. (1989). *Mynt*. Trondheim: Riksantikvaren. Utgravningskontoret i Trondheim.
- Thomasson, J. (2011). Från stadsarkeologi till urbanitetsarkeologi? Förslag till framtidsperspektiv. I H. Andersson, & J. Wienberg, *Medeltiden och arkeologin* (s. 49-80). Lund: Institutionen för arkeologi och antikens historia, Lunds Universitet.
- Thomasson, J. (1997). Private Life made Public. One Aspect of the Emergence of the Burghers in Medieval Denmark. I H. Andersson, P. Carelli, & L. Ersgård, *Visions of the Past. Trends and Traditions in Swedish Medieval Archaeology* (s. 697-728). Lund: Lund Studies in Medieval Archaeology 19.
- Tilley. (2006). Objectification. I C. Y. Tilley, W. Keane, S. Küchler, M. Rowlands, & P. Spyer, *Handbook of Material Culture* (s. 60-74). London: SAGE Knowledge.
- Tilley, C. Y., Keane, W., Küchler, S., Rowlands, M., & Spyer, P. (2006). *Handbook of Material Culture*. London: SAGE knowledge.
- Trigg, A. B. (2001). Veblen, Bourdieu, and Conspicuous Consumption. *Journal of Economic Issues* , 35 (1), 99-115.
- Veblen, T. (1899). The Theory of the Leisure Class. *The Collected Works of Thorstein Veblen* , 1, 1-404.

- Vignoles, V. L., Schwartz, S. J., & Luyckx, K. (2011). Introduction: Toward an Integrative View of Identity. I S. J. Schwartz (Red.), *Handbook of Identity Theory and Research* (s. 1-27). Springer Science+ Business Media.
- Viken, S. (2009). *Å smykke seg. Draktilbehør og sosiale strategier belyst ved arkeologisk materiale fra middelalderens Trondheim*. Trondheim: Masteroppgave i profesjonsrettet arkeologi, NTNU.
- Wallerström, T. (2010). Anmeldelse av Andersson, H., Hansen, G. og Øye, I. (red.): De første 200 årene - nytt blikk på 27 skandinaviske middelalderbyer. *Collegium Medievale, Interdisciplinary Journal of Medieval Research* , 184-190.
- Wallerström, T. (2006). *Vilka var först? En nordskandinavisk konflikt som historisk-arkeologiskt dilemma*. Riksantikvarieämbetet.
- Weber, B. (1989a). *Baksteheller - en handelsvare*. Trondheim: Riksantikvaren. Utgravningskontoret i Trondheim.
- Welinder, S. (1992). *Människor och artefaktmönster*. Uppsala: Societas Archaeologica Upsalensis.
- Wirth, L. (1938). Urbanism as a Way of Life. *American Journal of Sociology* , 44 (1), 1-24.
- Øien, R. (2007). *Fra tekstilfragment til drakt -analyse og funksjonsbestemmelse av vevde tekstiler fra middelalderens Trondheim*. Trondheim: Hovedfagsoppgave i arkeologi.
- Yrwing, H. (1981). Landköp. I *Kulturhistorisk Leksikon for Nordisk Middelalder fra vikingtid til reformasjonstid* (Vol. 2, s. 282-292). Danmark: Rosenkilde og Bagger.
- Zachrisson, I. (1997). *Möten i gränsland: samer og germaner i Mellanskandinavien* (Vol. 4). Statens historiska museum.

## **Appendiks**

Appendiks 1: "Forklaring til katalogen" er inkludert i den trykte versjonen.

Appendiks 2: "Katalog" ligg vedlagt som CD.

## **Appendiks 1: Forklaring til katalogen**

Noko av det som gjer det vanskeleg å nytte andre sine katalogar er at ein ikkje har skrive ei omgrepsavklaring eller forklarar kvifor ein har bygd opp katalogen slik ein har gjort. Eg håpar difor at denne forklaringa av katalogen min vil gjere det tydeleg kva som er meint, og kvifor.

Alle feil som eventuelt fins i katalogen tek eg sjølv ansvaret for.

For enkelheits skuld har eg halde skriftspråket i katalogen til originalspråka som dei opphavlege forfattarane har brukt (bokmål frå Nordeide, engelsk frå Reed osv.), slik at ein kan leite opp gjenstandar ved å bruke dei same nemningane på gjenstandane som har vorte brukt før (til dømes "spi" for spelebrikker i staden for "spe", og "redware" i staden for "raudgods"). På same måte har eg brukt dei opphavlege kodane til forfattarane. Merk at i sjølve teksten i oppgåva er det motsette tilfelle, der har eg oversett nemningane til nynorsk. Til dømes heiter "spillebrikker" "spelebrikker" på nynorsk.

Som eg har gjort greie for under "utgangspunkt for analysen" har eg teke utgangspunkt i dei funksjonsinndelingane som Nordeide nytta i sin katalog. Nokre endringar har likevel vorte gjort, dette kjem fram i det nemnde kapittelet. Under er det ei forklaring til kva som fins i dei ulike funksjonskategoriane, og kva kodar desse har fått i katalogen. Det er ikkje alle kategoriar under som er representert i mitt materiale, då desse vart sett opp for den totale mengda artefaktar på FbT. Merk at hovudkategori 1 - 7 er henta frå Nordeide sin katalog, 8 frå Reed og 9 frå Marstein. Nummer 10 er gjenstandar som i Nordeide sin katalog ikkje har vorte plassert i ein konkret funksjonskategori av ulike årsakar. For geografisk opphav og funksjonsanalyse av keramikken viser eg til Reed (Meddelelser nr. 25, 1990).

### **Hovudkategori 1. Bustad**

"gla": Glas.

"mat": Reiskap for matlaging, til dømes baksteheller, steikespadar, gryter, kokepotter, kokstein og kvernstein.

"bor": Bordty, til dømes skeier, fat, skjenkekar, skåler og ein del lagga kar.

"for": Forrådskar, til dømes av keramikk, eller større oppbevaringsgjenstandar som tønner.

"spi": Spel: spelebrikker, terningar og brett. Eg trur Nordeide gløymde at ho sat opp denne kategorien, for ho registrerte alle spelebrikker som "lek". Spelebrikker kan ikkje direkte knytast til barn sin leik, så eg har difor flytta alle spelrelaterte gjenstandar hit, slik eg trur Nordeide hadde tenkt det i utgangspunktet.

"lek": Leikety og miniatyrar.

"nok": Nøkkel og lås, samt kistebeslag og hengslar.

"lys": Lyskjelder: kolar og lysestakar

"hyg": Hygiene: pinsett, kam, kamfuttal, vaskereiskap. Eg trur Nordeide har gløymt denne kategorien. Eg har ikkje endra på desse gjenstandane si plassering, så desse er å finne under "per".

"per": Personleg utstyr, som drakttilbehør og smykker.

### **Hovudkategori 2. Handverk**

"tek": Reiskap til tekstilarbeid: spinnehjul og tein, vevlodd, vevskei, metallnåler, linklubber, hakkenål/pjotrepinne, brikkevev, saks og andre reiskap.

"lar": Lêrarbeid: Halvfabrikata og avfall.

"met": Metallarbeid: Halvfabrikata, avfall, støypeformer og smeltediglar.

Nokre pinsettar kan også argumenterast for å høyre under denne gruppa.

"tre": Trearbeid: Halvfabrikata og avfall

"ras": Råstoff: Til dømes ull, leire, gevir, tråd og skinn.

"ver": Handverksverkty, til dømes ambolt, tenger, blåsebelg og syl.

### **Hovudkategori 3. Handel, utveksling**

"myn": Mynt.

"byt": Andre bytemiddel

"vek": Vekter og lodd.

"mal": Måle- og tellepinnar.

"bly": Blyplomber.

"mrk" Merkelappar.



"emb": Emballasje, til dømes tønner.  
"lgv": Lagervare, her er kvantitet avgjerande  
"imp": Import, islandske runer, andre klare importgjenstandar. Dette inkluderer likevel ikkje keramikkmaterialet som er importert.  
"pre": Prestisjegods: Edelmetall og særskild fint arbeidde ting.

#### **Hovudkategori 4. Jordbruk, fehald**

"jor": Arbeidsreiskap for jordbruk.  
"hos": Haustingsredskap  
"feb": Februksutrusting.  
"trk": Trekkutstyr.  
"red": Reiskap til foredling av jordbruks- eller meieriprodukt, anna enn til vanleg matlaging.

#### **Hovudkategori 5. Maritim aktivitet**

"fis": Fiskeutstyr: Fiskekrokar, harpuner  
"tei": Teinar og fiskefeller  
"gar": Fiskegarn  
"syn": Søkke og garnfløtt  
"spe": Sperrer  
"bat": Båtetaljar og båtutstyr: Naglar, søm, tiljer, årer o.l.  
"RED": Reiskap som høyrer til garnbøting eller båtbygging

#### **Hovudkategori 6. Religion, ideologi, kommunikasjon**

"tor": Torshammar  
"kri": Kristne element: Kors, pilegrimsmerke og kristen tekst  
"vok": Vokstavler  
"sty": Styli  
"run": Runeinnskripsjonar  
"lat": Latinsk tekst  
"mus": Musikkinstrument

#### **Hovudkategori 7. Jakt, krigføring**

"rid": Ridetøy/hesteutstyr  
"vap": Våpen

### Hovudkategori 8. Keramikk

|      |   |
|------|---|
| Ande | =Andenne ware                             |
| BEAU | =Beauvais sgraffito ware                  |
| blgr | =Blue-grey (Paffrath) ware                |
| Bran | =Bransby-type ware                        |
| Brug | =Brügge-type ware (Aardenburg)            |
| CHPO | =Chinese porcelain                        |
| COLS | =Cologne stoneware                        |
| C.P. | =Cooking pot (misc. types)                |
| CREA | =Creamware                                |
| devs | =Developed Stamford ware                  |
| DIVR | =Diverse redwares                         |
| DIVW | =Diverse whitewares                       |
| DUIN | =Duingen stoneware                        |
| DUSC | =Dutch slip-coated redware                |
| DUSL | =Dutch slipware                           |
| DUTR | =Dutch redware                            |
| DUTW | =Dutch whiteware                          |
| EUPO | =European porcelain                       |
| FINW | =Fine white ware                          |
| FREC | =Frechen stoneware                        |
| GERR | =German redware                           |
| GERW | =German whiteware                         |
| GESL | =German slipware                          |
| GGRW | =Green-glazed reduced ware                |
| grey | =Grey ware                                |
| Grim | =Grimston-type ware                       |
| GROW | =Gritty orange ware — Lincoln-type 2 ware |
| HalA | =Beverley type 2B ware                    |
| HalB | =Hallgate B-type ware                     |
| Hall | =Hallgate-type ware                       |
| Humb | =Humber-type ware                         |
| JUTI | =Jutish ware                              |
| KILN | =Kiln furniture                           |

|      |                                     |
|------|-------------------------------------|
| Lang | =Langerwehe stoneware               |
| LCIm | =Low Countries late-med. Redware    |
| LCrb | =Low Countries brown-glazed redware |
| LCrd | =Low Countries redware              |
| LINC | =Lincoln-type i ware                |
| lond | =London ware                        |
| LYVD | =Lyvden-type ware                   |
| Medi | =Mediterranean wares                |
| Mini | =Miniature vessels + toys           |
| MISC | =Miscellaneous                      |
| MOCH | =Mocha ware                         |
| MODE | =Modern wares                       |
| NDEV | =North Devon gravei-tempered ware   |
| Near | =Near-stoneware                     |
| NFMO | =N.French Monochrome                |
| NOFR | =N. French                          |
| Norf | =Norfolk-type greyware              |
| NORM | =Normandy gritty-type ware          |
| oran | =Beverley-type ware                 |
| OLIV | =Spanish olive jars                 |
| OTHE | =Other stonewares                   |
| PEAR | =Pearl ware                         |
| ping | =Pingsdorf ware                     |
| PMBL | =Post-med black-glazed ware         |
| Pros | =Proto-stoneware                    |
| RAER | =Raeren stoneware                   |
| REFR | =Refined redware                    |
| RHEN | =Rhenish slipware                   |
| Roue | =Rouen ware                         |
| RSTO | =Red stoneware (Ehlers type)        |
| Sain | =Saintonge ware                     |
| SAPY | =Saintonge polychrome ware          |
| Scan | =S.Scandinavian-type wares          |
| Scar | =Scarborough ware                   |

|      |  |
|------|--|
| Scot | =Scottish East Coast gritty white ware             |
| SELZ | =Selzer bottles (stoneware)                        |
| shel | =Shell-tempered ware                               |
| Sieg | =Siegburg stoneware                                |
| SOW1 | =Sandy orangeware type 1 — Toynton All Saints ware |
| SOW2 | =Sandy orangeware type 2                           |
| SOW3 | =Sandy orangeware type 3                           |
| SOW? | =Sandy orangeware uncertain type                   |
| SPAM | =Spanish red micaceous                             |
| spla | =Splashed ware                                     |
| stam | =Stamford ware                                     |
| STSL | =Staffordshire slipware                            |
| SWSG | =Staffordshire white salt-glazed stoneware         |
| TGEB | =Blue + white tin-glazed ware                      |
| TGEP | =Polychrome tin-glazed ware                        |
| TGEW | =White tin-glazed ware                             |
| Toyn | =Toynton All Saints Ware                           |
| TRON | =Local lead-glazed earthenware and slipware        |
| Ugr1 | =Unidentified greyware 1                           |
| Ugre | =Unidentified greyware                             |
| UNID | =Unidentified (inc. sec. burnt)                    |
| Ured | =Unidentified redware (med)                        |
| URED | =Unidentified redware                              |
| Uwhi | =Unidentified whiteware                            |
| WERR | =Werra ware  |
| WESE | =Weser ware  |
| WEST | =Westerwald stoneware                              |
| Yobr | =York brown ware                                   |
| Yogr | =York grey ware                                    |
| York | =York-type ware                                    |
| Yowh | =York white ware                                   |

### Hovudkategori 9. Sko- og lêrmaterialet

"Sko": Sko og såle

Andre reimsko

Frontsnøresko

Hudsko

Høy reimsko

Høy reimsko 1

Lav reimsko

Sidesnøresko 1

Sko u/lukkeanordn.

Stroppsko 1-2

Stroppsko 4

Støvel 1/Hose

Støvel 2

Støvel 3

SUL1

Såletype 1

Såletype 2

Såletype 3

Såletype 4

Såletype 5

Såletype 6

Såletype 7

Såletype 8

Tidlig ukjent uten reim

Uklassifisert perforert

"Slire": Kniv- og sverdslire (Evt. som Nordeide "vap" eller "per")

"Ball": Ball/pung (Evt. som Nordeide "lek" eller "per")

"Vott": Vott/hanske (Evt. som Nordeide "per"?)

"Sylêr": Sylêr (Evt. som Nordeide "tek")

## **Hovudkategori 10. Ikkje avgjort**

Ubestemmelege eller multifunksjonelle gjenstandar

### **Forkortingar**

Under er diverse uttrykk og forkortingar som vert nytta i katalogen.

|                      |                                |
|----------------------|--------------------------------|
| ?:                   | Usikker(t)                     |
| lk:                  | Lagga kar                      |
| bh:                  | Baksteheller                   |
| gry:                 | Gryter                         |
| pp:                  | Pøsepinnar                     |
| fl:                  | Fleire                         |
| sbs eller s.b.s.:    | Seinare brukt som              |
| b/l eller b eller l: | Botn/lok (bunn/lokk på bokmål) |
| BW:                  | Birthe Weber                   |
| u/ eller u.:         | Utan                           |
| m/ eller m.:         | Med                            |
| dek.:                | Dekor                          |
| hf:                  | Halvferdig                     |